



## MØTEINNKALLING

**Utval:** Maritim og teknisk komite  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 19.11.2018  
**Tid:** 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

### Synfaring:

**Oppmøte kl. 15:00 ved krysset til Notøya for synfaring i MTK-sak 73/18.  
Deretter synfaring på Berge i MTK-sak 74/18.**

Fosnavåg, 12.11.2018

Idar Tarberg  
leiar

## OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 68/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 69/18	Protokoll frå førre møte.
PS 70/18	Delegerte saker
PS 71/18	Referatsaker
PS 72/18	Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022. Andre handsaming
PS 73/18	Georg Leiv Notøy - 40/17 - søknad om dispensasjon frå kommuneplan og PBL §1-8 vedr bygging av molo
PS 74/18	Odd Morten Berge - 29/87 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, tiltak i LNF-område, og dispensasjon frå strandsonevernet, jf PBL § 1-8 vedr bygging av molo, flytebrygge og naust
PS 75/18	Gerd Karin Holen - 12/38 - søknad om dispensasjon frå PBL §1-8 vedr frådelling av 2 nausttomter
PS 76/18	Forskrift om anløpsavgift for Herøy kommune - Endringar av forskriftstekst og avgiftssatsar for 2019
PS 77/18	Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune - Endringar i prisar og vilkår for 2019 Delegerte saker frå avdelingane
DS 245/18	Løyve til deling av 16/35 med heimel i Jordlova
DS 246/18	Frede Uldbæk - 87/15 - IG brygge
DS 247/18	Ferdigattest tilbygg - 34/75
DS 248/18	Nils - Jacob Elsebø - 30/9 - Frådelling
DS 249/18	Norhus Ørsta as - 4/288 -Løyve til endra plassering carport
DS 250/18	Ferdigattest - tilbygg 46/27
DS 251/18	Tony Mikkelsen - 40/61 - Sjøkollektor
DS 252/18	Vedtak om løyving av tilskot til Særskilde Miljøtiltak i jordbruket til restaurering av gamal løde på gnr. 83 bnr. 6 tilhøyrande Oddvin Ronald Støylen.
DS 253/18	Konstantinas Balsevikius - 8/29 - Einebustad
DS 254/18	Ronny Djupvik - 44/20 - Frådeliing
DS 255/18	Løyve til tiltak - Seksjonering av gnr. 5 bnr. 81
DS 256/18	Asbjørn Myklebust - 37/384 - Løyve til endring - frådelling
DS 257/18	Ferdigattest - 34/1 - gapahuk
DS 258/18	Ferdigattest - 4/328



- DS 259/18 Mellombels bruksløyve - 34/166 - seksjon nr 1 og 2
- DS 260/18 Kjell Mikal Blomvik - 19/7 - frådelling av tilleggsareal
- DS 261/18 Johannes Eggesbø - 38/2 - Frådelling
- DS 262/18 Ferdigattest - terrasse - 12/309
- DS 263/18 Olav Arntsen - 9/115 - Fasadeendring
- DS 264/18 Lars Petter Lillebø - 16/128 - Veg til Fritidsbustad
- DS 265/18 Løyve til deling av 87/5 med heimel i Jordlova
- DS 266/18 Ferdigattest 42/12 seksjon 11
- DS 267/18 Sjøkanten as - 24/18 og 44 - Riving av bygg
- DS 268/18 Tømrer Service as - 46/87 - endring av løyve - ny fasade og takutforming
- DS 269/18 Konstantinas Balsevikius - 8/29 - endra koteplassering av bygg
- DS 270/18 Svanhild Helde 40/13 Deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning - løyve til tiltak
- DS 271/18 Marine Harvest AS 38/8 Tiltak kasselager/kjølerom - igangsettingsløyve tekniske fag
- DS 272/18 Alfhild Sande 16/35 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 273/18 Kjartan Sundnes 17/3 Tiltak driftsbygning - løyve til tiltak
- DS 274/18 Nils Ottar Reite 28/34 Tiltak hagestove - ferdigattest
- DS 275/18 Stemmedalen vasslag SA - Sjøleidning frå Jensholmen til Sandvika - løyve til tiltak
- DS 276/18 Villa smolt as - 60/349 - Påbygg og fasadeendring
- DS 277/18 Sveinung Storøy 17/40 Tiltak -kontor - løyve til tiltak
- DS 278/18 Ann Helen Karlsen og Sigvald Frøystad 29/18,19 tiltak sjøkollektor - løyve til tiltak
- DS 279/18 Etablering av bru til Vågsholmen - Dispensasjon frå reguleringsplanar
- DS 280/18 Ragnvald Vågsholm 33/97 og 33/98 Tiltak skredvoll og grunnarbeid tomt - løyve til tiltak
- DS 281/18 Ragnvald L. Vågsholm 33/97 og 33/98 og Kjellaug Vågsholm 33/3 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 282/18 Lasse Myrhol 37/227 tiltak ombygging bustad - løyve til tiltak
- DS 283/18 S. Storøy AS 4/343 Tiltak bustad - løyve til tiltak
- DS 284/18 Norhus Ørsta AS 23/48 Rammeløyve veg- og VA-anlegg - Igangsettingsløyve
- DS 285/18 Knut Voldnes og Lars Voldnes 87/5 og 87/9 - Deling av grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 286/18 Arne Driveklepp 17/11 Deling grunneigedom - løyve til tiltak

- DS 287/18 Ole Zahl 12/39 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 288/18 Per Mulvik AS 86/52 - riving brannskadd hus - igangsettingsløyve
- DS 289/18 Marine Harvest AS 38/8 - utfylling og planering av industriområde - rammeløyve
- DS 290/18 Marine Harvest AS 38/8 Tiltak kasselager/kjølerom - Igangsettingsløyve
- DS 291/18 Oluf Teige 5/16 Tiltak fritidsbustader (5/81) - førebels bruksløyve
- DS 292/18 Borgar Nærø 24/5 Oppmålingsforretning - løyve til frådelling
- DS 293/18 Norhus Ørsta AS 23/48 Rammeløyve veg- og VA-anlegg - endring av gitt rammeløyve
- DS 294/18 Ågot Remøy, Svein Voldsund og Kitty Håheim 12/43, 59 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 295/18 Knut Ove Aspevik 50/4 Naustrekke - bruksløyve for 3 naust
- Referatsaker
- RS 14/18 Varsel om oppstart: Reguleringsendring for del av Bergslibakken
- RS 15/18 Forvarsling av detaljregulering
- RS 16/18 Reguleringsendring etter PBL § 12-14 - Gnr. 29 bnr. 32 - Oppstart av planarbeid
- RS 17/18 Førehandsvarsel om pålegg om opphør av bruk - Førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt
- RS 18/18 Løyve til tiltak - Seksjonering 4/338
- RS 19/18 Regionreformen - Fremtidig drift av fiskerihavner/havner
- RS 20/18 Høring av konsesjonssøknad - høgspenlinje Djupvik-Sandvikskaret
- RS 21/18 Egersund Herøy AS - utviding av anlegg - 22/48
- RS 22/18 Møteplan 2019




**PS 68/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 69/18 Protokoll frå førre møte.**

**PS 70/18 Delegererte saker**

**PS 71/18 Referatsaker**



## Økonomiavdelinga

### SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2018/955
		Arkiv:	124

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
205/18	Formannskapet	13.11.2018
42/18	Arbeidsmiljøutvalet	19.11.2018
	Komite for næring, kultur og idrett	19.11.2018
72/18	Maritim og teknisk komite	19.11.2018
	Komite for oppvekst	21.11.2018
	Komite for helse og omsorg	29.11.2018
	Eldrerådet	03.12.2018
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.12.2018

### BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022. ANDRE HANDSAMING

#### Møtebehandling:

#### Tilråding/Vedtak i Formannskapet - 13.11.2018

1. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2019 (runda av til næraste kr 5.000,-).

	2019	2018
<b>POLITISK LEIING</b>	<b>4.150</b>	<b>4.080</b>
<b>ADMINISTRATIV LEIING</b>	<b>1.835</b>	<b>1.795</b>
<b>STAB</b>	<b>46.780</b>	<b>45.960</b>
Servicetorg	3.245	3.155
Dok senter/innkjøp/stabsleiing	4.135	3.925
Økonomiavdeling	5.375	5.690
Personal- og org.avdeling	7.355	7.425
IKT	7.430	6.610

Eigedom	19.240	19.155
<b>OPPVEKST</b>	<b>186.620</b>	<b>183.550</b>
Barnehageavdeling	71.370	68.320
Grunnskuleavdeling	115.250	115.230
<b>HELSE OG OMSORG</b>	<b>219.695</b>	<b>205.725</b>
Administrasjon helse og omsorg	1.335	1.305
Barn, familie, helse (ink NAV og flykting)	56.950	47.850
Pleie- og omsorgsavd	112.600	108.320
Bu- og habiliteringsavd	40.070	39.850
Tenestekoordinerer	8.740	8.580
<b>SAMFUNNSUTVIKLING</b>	<b>34.820</b>	<b>33.215</b>
Kulturavdelinga	8.990	8.575
Utviklingsavdelinga, ink Landbruk	8.360	7.630
Brannvernsavdelinga	8.300	8.800
Anleggs- og driftsavdelinga	9.170	8.210
<b>OVERFØRINGSKAPITTELET</b>	<b>13.220</b>	<b>12.600</b>
<b>ØHJELP, MOTTAK</b>		<b>(1.180)</b>
<b>SUM</b>	<b>507.420</b>	<b>486.925</b>

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskatteøre for år 2019.
3. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.
4. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:
  - a. Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2019.  
Kr 2.990,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1 januar 2019 og kr 3.040,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1. august 2019
  - b. Husleiga for kommunale utleiebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarende kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.
  - c. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.
  - d. Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
    - Timepris: kr 380,- (kr 370,- i 2018)
    - 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra frå 2018)
    - 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra frå 2018)
    - 4-5 G – kr 2.100,- pr mnd (Uendra frå 2018)
    - Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra frå 2018)
  - e. Leige tryggleiksalarmar kr 350,- per måned

- f. Korttidsopphald institusjon kr 155,- pr døgn (uendra)  
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
- g. Dagplass ved institusjon kr 80,- pr dag (uendra).  
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.
- h. Sal av middag ved institusjonane kr 90,- pr middag (kr 90,- i 2017)
- i. Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)
- j. Fullkost per mnd kr 3.600,- eller kr 170,- per døgn eller kr 120,- per dag (endra)
- k. Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 2.150,- (kr 2.050,- per døgn i 2018).
- l. Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.600,- (kr 3.500,-) gjeldande Leige av instrument og utstyr blir kr 460,- per år. Betalingar for tenester til dirigent for vaksne kor og korps vert auka til kostpris. Alle endringane gjeld frå 01.08.2019.
- m. Eigenbetaling for SFO-plass. Gruppe 3 Full plass kr 2.705,- (kr 2.625,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.225,- per mnd (2.160,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.576,- (kr 1.530,-). Matpengar og satsar for ferie-SFO vert auka med 3%. Alt gjeldande frå 01.08.2019.
- n. Eigenbetaling for norskopplæring for vaksne: Kr 145,- per gong på dagtid og kr 155,- per gong på kveldstid. Prisane gjeld frå 01.01.2019.
- o. Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming vert fastsett for 2019 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.
- p. Gebyrsatsane for byggesak, plan og oppmåling aukar med 3% frå 2018 til 2019
- q. Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nemnt over aukar med 3,0%

(Når det gjeld prisane innan pleie- og omsorg er målsetjinga eins prisar for alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av kurdøgnprisen som reflekterer kva det kostar per døgn å bo på institusjon (sjølvkost).

- 5.** Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2018, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2019

- 6. Budsjettet for 2019 fører til slike nye faste stillingsheimlar:

- 100% stilling som psykolog finansiert av øyremerka statstilskott (omlag kr 400.000,-. Kommunal eigendel omlag kr 550.000,- vert å dekkje innanfor ramma.
- 140% stilling inna kvardagsrehabilitering. Finansiert med kr 620.000,- i statstilskott. Kommunal eigendel omlag kr 300.000,- vert å dekkje innanfor ramma.

- 7. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.
- 8. Kommunestyret godkjenner at det vert innhenta ekstern konsulentbistand for å utvikle konkrete sparetiltak tilsvarande 17 mill kr. Arbeidet skal bygge på KOSTRA-analysen som allereie ligg føre. Det skal søkjast OU- midlar til finansieringa av konsulentbistanden. Tiltaka skal vere realistiske og gjennomførbare. Prosessen skal gjennomførast så snart som råd og rapport med tiltak skal ligge føre seinast 01.04.2019.

9. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
10. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggest fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).
11. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
12. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 88,0 mill for 2019. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet (lånesummen kan bli justert ned til innstillingsmøtet i formannskapet).
13. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.
14. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2019. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
15. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
16. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2019 og økonomiplanen for perioden 2020-2022 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

### **Tilråding:**

2. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2019 (runda av til næraste kr 5.000,-).

	<b>2019</b>	<b>2018</b>
<b>POLITISK LEIING</b>	<b>4.150</b>	<b>4.080</b>
<b>ADMINISTRATIV LEIING</b>	<b>1.835</b>	<b>1.795</b>
<b>STAB</b>	<b>46.780</b>	<b>45.960</b>
Servicetorg	3.245	3.155
Dok senter/innkjøp/stabsleiing	4.135	3.925



Økonomiavdeling	5.375	5.690
Personal- og org.avdeling	7.355	7.425
IKT	7.430	6.610
Eigedom	19.240	19.155
<b>OPPVEKST</b>	<b>186.620</b>	<b>183.550</b>
Barnehageavdeling	71.370	68.320
Grunnskuleavdeling	115.250	115.230
<b>HELSE OG OMSORG</b>	<b>219.695</b>	<b>205.725</b>
Administrasjon helse og omsorg	1.335	1.305
Barn, familie, helse (ink NAV og flykting)	56.950	47.850
Pleie- og omsorgsavd	112.600	108.320
Bu- og habiliteringsavd	40.070	39.850
Tenestekoordinering	8.740	8.580
<b>SAMFUNNSUTVIKLING</b>	<b>34.820</b>	<b>33.215</b>
Kulturavdelinga	8.990	8.575
Utviklingsavdelinga, ink Landbruk	8.360	7.630
Brannvernsavdelinga	8.300	8.800
Anleggs- og driftsavdelinga	9.170	8.210
<b>OVERFØRINGSKAPITTELET</b>	<b>13.220</b>	<b>12.600</b>
<b>ØHJELP, MOTTAK</b>		<b>(1.180)</b>
<b>SUM</b>	<b>507.420</b>	<b>486.925</b>

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskattøre for år 2019.
3. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.
4. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:
  - r. Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2019.  
Kr 2.990,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1 januar 2019 og kr 3.040,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1. august 2019
  - s. Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.
  - t. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.
  - u. Abonnementordninga for heimetenestene vert slik:
    - Timepris: kr 380,- (kr 370,- i 2018)
    - 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra frå 2018)
    - 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra frå 2018)
    - 4-5 G – kr 2.100,- pr mnd (Uendra frå 2018)

- Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra frå 2018)
- v. Leige tryggleiksalarmar kr 350,- per månad
  - w. Korttidsopphald institusjon kr 155,- pr døgn (uendra)  
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
  - x. Dagplass ved institusjon kr 80,- pr dag (uendra).  
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.
  - y. Sal av middag ved institusjonane kr 90,- pr middag (kr 90,- i 2017)
  - z. Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)
  - aa. Fullkost per mnd kr 3.600,- eller kr 170,- per døgn eller kr 120,- per dag (endra)
  - bb. Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 2.150,- (kr 2.050,- per døgn i 2018).
  - cc. Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.600,- (kr 3.500,-) gjeldande Leige av instrument og utstyr blir kr 460,- per år. Betalingar for tenester til dirigent for vaksne kor og korps vert auka til kostpris. Alle endringane gjeld frå 01.08.2019.
  - dd. Eigenbetaling for SFO-plass. Gruppe 3 Full plass kr 2.705,- (kr 2.625,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.225,- per mnd (2.160,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.576,- (kr 1.530,-). Matpengar og satsar for ferie-SFO vert auka med 3%. Alt gjeldande frå 01.08.2019.
  - ee. Eigenbetaling for norskopplæring for vaksne: Kr 145,- per gong på dagtid og kr 155,- per gong på kveldstid. Prisane gjeld frå 01.01.2019.
  - ff. Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming vert fastsett for 2019 gjennom egne vedtak i kommunestyret.
  - gg. Gebyrsatsane for byggesak, plan og oppmåling aukar med 3% frå 2018 til 2019
  - hh. Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nemnt over aukar med 3,0%

(Når det gjeld prisane innan pleie- og omsorg er målsetjinga eins prisar for alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av kurdøgnprisen som reflekterer kva det kostar per døgn å bo på institusjon (sjølvkost).

**17.** Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2018, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2019

18. Budsjettet for 2019 fører til slike nye faste stillingsheimlar:

- 100% stilling som psykolog finansiert av øyremerka statstilskott (omlag kr 400.000,-. Kommunal eigendel omlag kr 550.000,- vert å dekkje innanfor ramma.
- 140% stilling inna kvardagsrehabilitering. Finansiert med kr 620.000,- i statstilskott. Kommunal eigendel omlag kr 300.000,- vert å dekkje innanfor ramma.

19. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.

20. Kommunestyret godkjenner at det vert innhenta ekstern konsulentbistand for å utvikle konkrete sparetiltak tilsvarande 17 mill kr. Arbeidet skal bygge på KOSTRA-analysen som allereie ligg føre. Det skal søkjast OU- midlar til

finansieringa av konsulentbistanden. Tiltaka skal vere realistiske og gjennomførbare. Prosessen skal gjennomførast så snart som råd og rapport med tiltak skal ligge føre seinast 01.04.2019.

21. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
22. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggest fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).
23. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
24. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 88,0 mill for 2019. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet (lånesummen kan bli justert ned til innstillingsmøtet i formannskapet).
25. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.
26. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2019. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
27. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
28. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2019 og økonomiplanen for perioden 2020-2022 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

Særutskrift:

Vedlegg:

- Samfunnsutvikling budsjettkommentarar revidert 08.11.2018 med vedlegg

# 1.Rådmannen sine kommentarar

I samband med budsjett 2018 vart det gjort vedtak om at det skulle gjerast ein gjennomgang i alle sektorane innan 31.03.2018 med sikte på å finne tiltak som kunne redusere driftskostnadene med 10 mill kr på årsbasis. Tiltaka skulle vere realistiske og gjennomførbare..

Rådmannen si vurdering er at driftskostnadane framleis er for høge. For 2019 må inntektene aukast/driftskostnadane reduserast med 13,5 mill kr (+ nye finanskostnadar og nye evt tiltak) for å få balanse mellom utgifter og inntekter. Vi kan ikkje basere oss på å tappe eit driftsfond som allereie er for lite.

Det er heller ikkje tilfredsstillande å basere seg på årlege rammeinnsparingar for å balansere budsjettet. Det er difor behov for nye permanente innsparingstiltak som vil ha innsparingseffektar på lenger sikt (utover det enkelte budsjettår). Tiltaka må vere realistiske og gjennomførbare.

Rådmannen vil difor rå til at det vert gjort ein ny gjennomgang av drifta med sikte på å finne tiltak som kan skape meir permanent balanse mellom inntekter og utgifter. Her må alle tiltak som driftsreduksjonar, strukturendringar og interkommunale samarbeidsordningar vurderast. Slike tiltak bør gjennomførast så raskt det er praktisk mogleg.

Det er difor heller ikkje rom for nye driftstiltak med unntak av tiltak som kan finansierast innanfor driftsramma. Rådmannen vil tilrå å prioritere tiltak som Tidleg innsats, Rus/psykiatri og Habilitering/rehabilitering ved omdisponering innanfor driftsramma.

Når det gjeld investeringar, har rådmannen prioritert

- ei strategisk satsing for busetjing og næringsetablering,
- forlenge levetida og sikre ein forsvarleg standard på eksisterande kommunale bygningane og
- nødvendige investeringar for at kommunen skal vere med i utviklinga for modernisering og digitalisering.

Eigedomsskatt frå 2021 vil kunne gi ei inntekt på om lag 8-10 mill kr per år forutsett ein skatt på 1,5 promille av formuesverdien.

Eit budsjett og ein økonomiplan skal vere eit styringsverktøy og om det ikkje er reelt, vil det heller ikkje vere eit styringsverktøy for administrasjon og politikarar.

*Olaus-Jon Kopperstad*

## 2. Om Herøy

### 2.1 Slik står det til i kommunen

Stor optimisme har prega næringslivet i kommunen ei stund og det har vore svært god aktivitet i mange næringar. Det har vore god skatteinngang og positiv folketalsutvikling. Dei siste åra har situasjonen, særleg i offshore-næringa, endra seg dramatisk.

- Over 7000 mista jobben i norske reiarlag i 2016, og det var fleire oppseiingar i 2017.

#### Kommune-NM

NHO lagar årleg eit kommune-NM der kommunane vert rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Kunnskapsbasen gir indikasjonar på utviklinga for den enkelte kommune, men også den relative utviklinga i samanlikning med dei andre kommunane.

Kommune	TOTAL		Næringsliv		Arbeids- marknad		Demografi		Kompe- tanse		Kommune- økonomi	
	2016	2018	2016	2018	2016	2018	2016	2018	2016	2018	2016	2018
Herøy	135	108	20	14	315	212	189	211	222	240	129	126

Tabellen viser at Herøy ligg ganske bra an i forhold til andre kommunar når det gjeld attraktivitet og vekstkraft. Kommunen har hatt ein framgang totalt sett frå 2016 til 2018.

<https://www.nho.no/Politikk-og-analyse/Offentlig-sektor-og-naringslivet/kommunenm/>

#### Samhandling mellom kommune, næringsliv, lag og organisasjonar

Kommunen har gjennomført fleire partnerskapsprosjekt med næringsliv, lag og organisasjonar. Mellom anna med/om: Herøy kyrkje, Sunnmørsbadet, Fosnavåg konserthus, parkeringshus, idrettsanlegg, flytebryggjer m.m.

#### Folketalsutviklinga

Utvikling av folketallet pr. 01.01:

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Folketal	8383	8533	8727	8847	8847	8934	8972	8957	8965

Herøy kommune har ein uttalt ambisjon om å auke folketallet.

#### Folkehelse

Folkehelseinstituttet har utarbeidd folkehelseprofilar for kommunane.

Profilane er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden, og faktorar som påverkar denne:

- Det er færre barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt enn landsnivået.
- Ungdomskuleelevane som oppgir å vere nøgde med lokalmiljøet, er likt med landsnivået.
- Antibiotikabruken i Herøy er høgare enn landsnivået.

<http://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=1515&sp=2&PDFaar=2017>

### Samhandling mellom kommune, næringsliv, lag og organisasjonar

Kommunen har gjennomført fleire partnerskapsprosjekt med næringsliv, lag og organisasjonar. Mellom anna med/om: Herøy kyrkje, Sunnmørsbadet, Fosnavåg konserthus, parkeringshus, idrettsanlegg, flytebryggjer m.m.

## 2.2 Kommunal økonomi

### Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond

	Lånegjeld	Disp fond
2018 *)	837.860.000	48.986.000
2017	840.732.000	39.642.000
2016	840.261.000	17.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

\*) Tal per 15.09.2018. Lånegjelda vil vere større per 31.12.2018 – 865,0 mill kr

### Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

#### Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)	-6,2 %	0,6 %	6,3 %	1,6 %
Ulstein	1,8 %	2,8 %	2,1 %	0,7 %
Volda	1,9 %	3,1 %	2,7 %	4,6 %
Ørsta	2,6 %	4,3 %	2,5 %	1,1 %
Sula	0,1 %	2,4 %	3,3 %	1,3 %
Gjerdrum	-3,5 %	2,1 %	7,8 %	7,4 %
Songdalen	3,8 %	1,6 %	3,0 %	4,5 %
Kostragruppe 08	0,9 %	2,6 %	4,1 %	3,8 %

Netto driftsresultat i kommunekonsernet utgjorde 1,6 prosent av driftsinntektene i Herøy i 2017. Det er under bransjenorma på 2 prosent. Det er samtidig 2,2 prosentpoeng lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 og midt i laget blant samanlikningskommunane. 2017 og 2016 er dei beste åra kommunane har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat.

## 2.3 Organisering

Ny politisk struktur blei vedteken 07.05.2012.

**Kommunestyret** har 33 medlemmer og er kommunen sitt øvste politiske organ. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov og delegeringsvedtak.

**Formannskapet** har 9 medlemmer og er kommunen sitt nest øvste politiske organ. Formannskapet handsamar og avgjer ei rekkje saker som er delegert av kommunestyret. I tillegg handsamar formannskapet forslag til budsjett og økonomiplan, og gir innstilling i ei rekkje andre saker som skal til kommunestyret.

Kommunen har fire **komitear**, alle med 7 medlemmer. Komiteane førebur og innstiller i saker som vert handsama av kommunestyret. Formannskapet, kontrollutvalet og administrasjonsutvalet (likestillingsutvalet) og arbeidsmiljøutvalet er lovpålagde organ. Det same er eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

### **Administrativ leiing**

Ny administrativ leiing vart vedtatt av kommunestyret 29.09.2016. Kommunen gjekk over til ein **kommunalsjefmodell** med 4 kommunalsjefar under rådmannen med slike ansvarsområde:

### **Helse og omsorg**

Omfattar dagens avdelingar for pleie og omsorg, bu og habiliteringhab, barn, familie og helse og tenestekoordinering.

### **Oppvekst**

Omfattar dagens avdelingar for grunnskule, PPT, kulturskule, vaksenopplæring og barnehage.

### **Samfunnsutvikling**

Omfattar dagens avdelingar for utvikling og kultur med tillegg av folkehelse og brann og beredskap.

### **Stab**

Omfattar dagens avdelingar for :

- Personal
- Økonomi
- Innkjøp
- Dokumentsenter/politisk sekretariat
- IKT
- Servicetorg
- Eigedom



## 3. Framtidsutsikter

### 3.1 Vurdering av framtidsutsikter

Vi har utfordringar framfor oss, men gode føresetnader for å lukkast. Kompetansen, motivasjonen og omstillingsevna som finst i Herøy, vil vere avgjerande.

#### Samfunn

Som samfunnsaktør har Herøy kommune ei viktig rolle. I Herøy samarbeider politikk, administrasjon, kultur og næringsliv godt gjennom mange uformelle arenaer for felles nytte.

Kommunen kan vere ein pådrivar for å motverke effektane ein lågare aktivitet i næringslivet skaper. Kommunen sin økonomiske status vil sette grenser for tiltak for å stimulere næringsaktivitet. I så måte hastar det å forbetre økonomien vår.

#### Framskriving av folketalet

SSB presenterte nye befolkningsframskrivingar i 2016. Framskrivingane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivinga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg elles middels nasjonal vekst.

	Eldre + 80	Born 0-5	Born 6-15
2016	461	605	1153
2020	473	599	1156
2021	470	598	1138
2022	488	604	1125
2023	496	606	1126
2024	512	610	1104
2025	533	608	1100
2030	665	597	1098
2035	791	581	1102
2040	893	576	1087

Kjelde: SSB, alt MMMM

Framskriving av folketal viser stabil/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040. Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil vere relativt stabil dei komande åra.

#### Medverknad

Det er mange i Herøy som ynskjer å bidra til lokalsamfunnet, og kommunen må vere ein koordinerande, konstruktiv og positiv samarbeidspart. Medverknad frå

innbyggjarane er vitalt for å lukkast som kommune i framtida. Her har Herøy gode føresetnader.

### **Medarbeidarar**

Motivasjon og kompetanse er viktig for alle kunnskapsbedrifter. Herøy kommune tar dette på alvor og har gjennomført mange kompetanseprogram innanfor fagområda. I tillegg har vi prioritert å fokusere på leiing som eit eige fag.

### **Læring og fornying**

Medan læring dei siste åra i hovudsak har føregått på individnivå, vil vi i framtida sjå meir på den organisatoriske læringa. Omorganisering kom på plass i løpet av 2017. Vi skal evaluere endringane opp mot tidlegare praksis over dei neste åra. Målet er å få full gevinstrealisering av desse endringane.

### **Økonomi**

Resultatmessig er kommunen i balanse, men vi treng mindreforbruk over tid for å skaffe oss det handlingsromet vi treng for å møte nye utfordringar og ta ein meir aktiv del i samfunnsutviklinga.

## **4. Styring og kontroll**

God kommunal eigenkontroll skal bidra til å gi innbyggjarane tillit til at kommunen utøver mynde og leverer tenester på ein trygg måte. Eigenkontroll er ein viktig del av styringssystemet og skal bidra til å unngå kritikkverdige hendingar. I tillegg til eigenkontroll, fører mange statlege organ tilsyn med kommunen.

Kommunestyret har tilsyns- og kontrollansvar for kommunen si verksemd. Selskapskontroll inngår som ein del av kontrollansvaret. Kontrollutvalet fører løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og ser til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kommunen sin revisor gjennomfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og revisjon av rådmannen sin internkontroll så langt det følgjer av god kommunal revisjonsskikk.

Rådmannen er ansvarleg for at kommunen har eit føremålstenleg og heilskapleg system for styring og kontroll og at det vert utøvd internkontroll i verksemda.

### **4.1 Styring og kontroll av verksemda**

Styringsdialogen mellom kontrollutvalet og kommunestyret har vore open og gir retning for vidare utvikling av verksemda.

### **4.2 Revisjonsordning**

Herøy kommune er med i interkommunal revisjonsordning saman med seks andre kommunar.

### **4.3 Rekneskapsrevisjon**

Revisjonemeldinga for rekneskapsåret ligge føre når rekneskap og årsrapport er kontrollerte.

## **4.4 Forvaltningsrevisjon**

Kommunerevisjonen gjennomfører forvaltningsrevisjon retta mot økonomi og økonomirapportering. Framdrifta og kvaliteten på oppfølginga er avhengig av saksmengda og personalressursane.

## **4.5 Tilsyn**

Kommunen hadde løpet av 2017 23 tilsyn med 60 avvik.

## **4.6 Organisering**

Vi fullførte organisasjonsendringane i 2017. Denne omstruktureringa skal saman med nye linjeleiarar og endringar i administrativ leiing, levere forsvarlege tenester og robust økonomi i tida framover.

## **4.7 Mål- og resultatstyring**

Målekort vert nytta som kommunen sitt administrative system for oppfølging når det gjeld vedtekne mål- og resultatkrav i budsjett og økonomiplan. Det er gjennomført ei vidareutvikling av innhaldet i korta på bakgrunn av erfaringane gjennom åra.

Mål- og resultatstyring inngår i kommunen sine årsplanar. Resultatkrava er fylgd opp gjennom medarbeidersamtalar med den enkelte leiaren. Ein felles leiingspraksis er under utarbeiding og arbeidet vil bli vidareført i 2019..

## **4.8 Rekneskapsutvikling og økonomisk styring**

Det har vore god oppfølging og kontroll på prosjekt gjennom året.

Formannskapet får månadsrapportar om status på økonomi og sjukefråvær, kommunestyret får tertialrapportar. Resultat i forhold til overordna mål i kommuneplanen, samt resultatkrav knytt til målekorta, er rapportert i årsrapporten.

## **4.9 Risikostyring og internkontroll**

Kommunen har eit overordna kvalitetssystem og eige sak- og arkivsystem som skal sikre oppfølging av lovverk, politiske vedtak og interne rutinar.

Det elektronisk kvalitetssystemet skal ivareta-dokumentstyring, avvikshandtering, årshjul, risiko- og sårbaranalyser (ROS) samt varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

Revisjon av kommunen sitt økonomireglement vart gjennomført i 2017.

## **4.10 Selskapskontroll**

Ny rutine for lovpålagt eigarskapskontroll var vedteke i K-sak 76/16 den 25.05.2016. Omgrepet eigarskapskontroll vert no nytta i staden for selskapskontroll.

Kommunestyret handsama saka om eigarskapskontrollen for 2016 i møte 30.11.17.

## **4.11 Tryggleik og beredskap**

Beredskapsplanen for Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016.

Fylkesmannen konkluderte slik i tilsyn med kommunal beredskapsplikt 11.04.18:

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2015 og moden for ein revisjon. Analysen er forankra i kommunestyret, men oppfyller ikkje alle minimumskrava i forskrifta. Analysen er i stor grad basert på kommunen si grovanalyse frå 2013, og manglar

konkrete vurderingar på sannsyn og konsekvensar på dei hendingane som er med i analysen. I tillegg manglar ei vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde drift ved uønskete hendingar. Det går ikkje fram av ROS-analysen i kva grad relevante offentlege og private aktørar har vore invitert med/tatt del i arbeidet.

Kommunen har skildra mål og strategiar for arbeid med samfunnstryggleik i kommuneplanens samfunnsdel. Mål og strategiar for oppfølging av arbeidet med samfunns-tryggleik og beredskap bør forankrast tydelegare med bakgrunn i heilskapleg ROS. Vi saknar ein prioritert handlingsplan med tiltak for oppfølging av funna i ROS-analysen.

Organisering av Herøy brann og redning skal gjennomgåast i 2018.

#### **4.12 Etisk standard**

Revisjon av Etiske prinsipp for tilsette og folkevalde i Herøy kommune vart vedteken av kommunestyret 15.12.2016. Etisk standard vert fylgd opp og sikra gjennom kommunen sitt kvalitetssystem.

#### **4.13 Utfordringar og planar**

I planperioden er målet å etablere eit heilskapleg system som sørgjer for at vi har styring og kontroll i ein organisasjon som er effektiv og framtidsretta. Kommunen sitt planverk må vere fokusert, målretta og skal fungere som eit referansedokument for den operative gjennomføringa av planar. 4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen).

#### **4.14 Kvalitetssystemet Compilo (Losen)**

Bruken av systemet har vore aukande. Graden av aktivitet varierer mellom tenesteområda. Mangelfull opplæring og oppfølging kan vere hovudårsaka til variasjonane.

#### **4.15 Verdigrunnlag**


Verdigrunnlaget er revider i 2018. Dei kommunale kjerneverdiane er:

- Tillit
- Respekt
- Samhandling

#### **4.16 Heilskapleg system**

Plan- og styringssystemet i kommunen omfattar ei rekkje plan- og styringsprosessar som går fram av figuren under. Gjennom god leiing og gode plan- og styringsprosessar skal kommunen ivareta rolla som tenesteytar, samfunnsutviklar og demokratisk arena.

## PUFF (PUKK) – Forbettringssirkel



Kommunen arbeider etter elementa i forbettringssirkelen. Gjennom plan- og styringsprosessane vert det planlagt og utført aktivitetar som skal sikre kvalitet i tenestene og forvaltninga. Resultata frå aktivitetane vert fylgd opp i forhold til dei måla og krava som er sett, og vert nytta til å iverksette tiltak for kontinuerleg å betre tenestene og forvaltninga. Alle plan- og styringsprosessar skal gjennomførast med bakgrunn i kommunen sitt verdigrunnlag, og verdiane skal vere retningsgivande for den enkelte si åtfærd.

### Plansystem

Plansystemet er kommunen sitt overordna og politisk vedtekne planverk som skal sikre gjennomføring av politiske mål og prioriteringar.

### Styringssystem

Styringssystemet er rådmannen sitt verktøy for å setje i verk og følgje opp politiske vedtak, mål og prioriteringar.

### Leiing

Elementa i PUFF-sirkelen ligg til grunn for all leiaraktivitet knytt til kommunen sitt plan- og styringssystem. Gode plan- og styringsprosessar har som føresetnad eit leiarskap som gir retning, utnyttar handlingsromet og er resultatorientert. Samstundes skal leiarane legge til rette for ein arbeidskultur som fremjar læring og forbetring i heile organisasjonen. Forslag til innovative løysingar vil verte følgde opp. Det vert utarbeidd årsplanar. I årsplanane konkretiserer rådmannen krav til resultat og utvikling for den enkelte leiar. I løpet av året vert det gjennomført dialog om status og evaluering av resultatoppnåing i ein til ein møte. I tillegg utøver rådmann styringsdialog gjennom fellesmøte.

### Utfordringar og planar

Rådmannen vil vidareutvikle grunntanken om at godt partssamarbeid skal bidra til ei omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommune til beste for innbyggjarane og våre tilsette.

Rådmannen er oppteken av å legge til rette for at leiarane kan bruke mindre tid til administrasjon og meir tid til tenesteutvikling og leiing. Auka fokus på digitalisering, samhandling og samordning skal bidra til dette.

Rådmannen vil arbeide vidare med å utvikle og profesjonalisere kommunen. I alle styringsformer skal kommunen oppfattast som ein profesjonell part og agere deretter.

## 4.17 Plansystemet

Kommunen sine oppgåver følgjer av kommunelova, plan- og bygningslova, andre lover og føreskrifter, nasjonale føringar og politiske vedtak. Mange av oppgåvene blir operasjonalisert og implementert gjennom planar som inngår i kommunen sitt plansystem. Alle kommunen sine overordna planar vert vedtekne av kommunestyret. Det skal vere konsistens i kommunen sine styringsdokument ved at styringsdokument på eit lågare nivå skal vere ei operasjonalisering av dokument på eit høgare nivå.

### Planstrategi

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode (fireårsperioden), og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Gjeldande planstrategi for Herøy kommune 2016 – 2020 vart vedteken i kommunestyret 24.11.2016.

Føremålet med planstrategien er å vurdere kva for planar som skal utarbeidast og reviderast i valperioden. For å vurdere planbehovet skal planstrategien drøfte kommunen sine strategiske val for samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og tenesteområda sine utfordringar. Det skal i tillegg vurderast om det er behov for å revidere heile eller delar av kommuneplanen.

### Kommuneplanen

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna strategiske styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser. I forkant av kommuneplanarbeidet vert det utarbeidd eit planprogram. Planprogrammet omtalar kva for tema som vert planlagt revidert i kommuneplanen, utgreiingsbehov og medverknadsprosesser.

Samfunnsdelen konkretiserer mål, strategiar og ønska utvikling for Herøysamfunnet og kommuneorganisasjonen.


Arealdelen viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, der avveging mellom vern og utbygging er viktig. Planen er juridisk bindande.

Kommuneplanen vert utarbeidd for ein periode på 12 år og vert revidert kvart fjerde år. Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel (økonomiplan) som seier korleis planen skal fylgjast opp i fireårsperioden. I Herøy kommune bør kommuneplanen sin handlingsdel i større grad innarbeidast i økonomiplanen.

Kommuneplanen har **seks gjennomgåande perspektiv:**

- Universell utforming
- Folkehelse
- Barn og unge
- Likestilling
- Verdiskaping
- Miljø og klima

# Årshjul



Figuren illustrerer dei overordna strategiske prosessane knytt til kommuneplanen (4-årshjulet) og handlingsprogrammet (1-årshjulet).

## Handlingsprogrammet

Kommunen sitt årsbudsjett og økonomiplan utgjør handlingsprogrammet. Årsbudsjettet og økonomiplanen vert utarbeidd gjennom ein felles prosess og vert integrert i same dokument.

**Økonomiplanen** har eit 4. årsperspektiv med årsbudsjettet som første år. Planen vert rullert årleg.

**Årsbudsjettet** er kommunen sitt dokument der det vert gitt løyvingar til ulike føremål. Det vil seie at vedteke budsjett gir kva for rammer kommunestyret har løyvd til kommunen si verksemd det komande året – rammene er bindande for rammeområda.

Gjennom handlingsprogrammet skal kommunen realisere målsetjingar fastsett i kommuneplanen sin langsiktige del, planlegge nye tiltak og føre kontroll med kommunen sin ressurstilgang og ressursbruk. Dei økonomiske rammene bygger på rammefaktorar i kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Økonomiske konsekvensar knytt til mål og tiltak i kommunen sine temaplaner, jamfør planstrategien, skal også innarbeidast i handlingsprogrammet for oppfølging. I tillegg kjem ei rekkje måleindikatorar basert på kommunen si mål- og resultatstyring.

## Handlingsplanar

Mål og tiltak frå handlingsprogrammet, felles gjennomgåande planar og anna relevant planverk som fylgjer av planstrategien, vert vidareført og fylgd opp i ulike handlingsplanar. Handlingsplanen er eit administrativt dokument som skal sikre

samanheng mellom organisasjonen sine mål, tiltak og resultat, samt oppfylging av politiske vedtak, lover og forskrifter.

### **Felles gjennomgåande planar**

Kommunen har fleire gjennomgåande planar som gjeld for heile organisasjonen. Desse vert revidert normalt kvart fjerde år.

### **Utfordringar og planar**

Rådmannen vil heve kvaliteten på kommunen sine plandokument. Dette skal resultere i eit meir gjennomgåande planverk som både er smalare, med betre tverrfagleg koordinering, og meir målretta.

## **4.18 Styringssystemet**

Verksemdsstyring femner all leiingsaktivitet, styring og kontroll som skal bidra til å iverksette politiske vedtak, prioriteringar og mål, og å skape best mogleg resultat og kvalitet i tenestane. Verksemdsstyring omfattar fullmaktsnivåa i kommunen og sikrar at styringa skjer likt og samordna mellom, og innan tenesteområda.

### **Prinsipp for verksemdsstyring**

Verksemdsstyring skal:

- baserast på mål- og resultatstyring som overordna styringsprinsipp
- sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak.
- sikre etterleving av lover og forskrifter.
- integrere risikostyring og internkontroll
- sikre ei tenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og rett ressursbruk.
- sikre læring, forbetring og innovasjon.

### **Mål- og resultatstyring**

Dette medfører at kommunen skal planleggje, setje mål, og at resultatane skal målast og fylgjast opp for å avdekke avvik. Ein skal også kontinuerleg forbetre og vidareutvikle tenestene. Mål- og resultatstyring skal i tillegg sikre læring i organisasjonen.

Mål- og resultatstyring skjer manuelt ved hjelp av målekort.

Det er definert fire fokusområder. Innanfor kvart hovudmål er det utarbeidd ulike måleindikatorar. Fokusområda har gjennomgåande delmål for heile kommunen. I tillegg er det utarbeidd unike delmål for tenesteområda som skal sikre nødvendig styring og oppfylging av tenestene.

### **Gjennomføring av politiske vedtak**

Kommunen skal ha system som sikrar at politiske vedtak blir fylgd opp og sett i verk.

Vedtaksoppfylging skjer elektronisk i kommunen sitt saks- og arkivsystem ePhorte.

Eigne rapportar viser kva for saker som skal fylgjast opp og kva for saker som er ferdig effektuerte.

Iverksetting av politiske vedtak vert sikra gjennom årsplanar og ulike handlingsplanar. Dette omfattar også gjennomføring av politiske vedtak som vert fatta utanom handlingsprogrammet.



Alle leiarar skal halde seg orienterte om dei vedtaka som direkte gjeld eige ansvarsområde, samt forhold som vedkjem heile kommunen.

### **Etterleving av lover og forskrifter**

Dette medfører rett sakshandsaming og tenesteutøving, samt å ivareta kommunen sine juridiske interesser som forvaltningsmynde, tenesteprodusent og eigar.

Sakshandsaminga skjer elektronisk i kommunen sitt saks- og arkivsystem ePhorte.

Tenesteutøving skjer etter gjeldande fullmakter og aktuelt lov- og regelverk som har betyding for oppgåva.

### **Risikostyring og internkontroll**

Kravet til internkontroll går fram av kommunelova. I tillegg er det innanfor fleire område av kommunen si verksemd særlege lovpålagde krav til internkontroll. Internkontroll er ein del av kommunen si daglege leiing og styring innan og mellom fullmaktsnivåa.

Risikostyring og internkontroll skjer elektronisk i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo (KvalitetsLosen).

Systemet ivaretek dokumentstyring, avvikshandtering, årshjul, risiko- og sårbaranalysar samt varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Verktøyet sikrar at daglege arbeidsoppgåver blir utført, styrt og forbetra i samsvar med krava i lova.

## **4.19 Organisering, arbeidsprosessar og ressursbruk**

Ei føremålstenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggjarane får ta imot tenester av rett kvalitet og til rett tid, samstundes som organisasjonen sine ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtekne økonomiske rammer.

*Føremålstenleg* organisering skjer ut frå omsynet til samordning, effektiv oppgåveløysing og kvalitet for brukarane.

*Effektive arbeidsprosessar* skjer gjennom optimalisering av prosessar og betre samhandling i tillegg til ei digitalisering av kommunen sine system. Elementa i PUFF-sirkelen ligg til grunn for utforminga av dei enkelte arbeidsprosessane.

*God ressursbruk* skal skje innafor dei mål og budsjetttrammer som kvart år vert vedteke av kommunestyret.

### **Læring, forbetring og innovasjon**

Organisasjonen skal sikre kontinuerleg utvikling av innhaldet i tenestene sine og medarbeidarane sin kompetanse.


Vi skal jobbe med målsetjinga om å bli ein moderne og lærande organisasjon som fremjar utvikling gjennom involvering, styringsdialog og resultatfokus.

Kommunen sin forvaltningspraksis vert evaluert eksternt gjennom Kommunekompasset. Evalueringa oppsummerer kommunen sin styrke, svake sider og utfordringar og dannar grunnlag for vidare utvikling. I tillegg vert det gjennomført tilsyn og forvaltningsrevisjon innafor ulike område.

### **Årshjul**

Kvart år vert det gjennomført ei rekkje styringsprosessar. Desse er sett inn i eit

overordna årshjul som viser korleis arbeidet med ulike dokument og prosessar vert fasa inn i forhold til kvarandre politisk og administrativt. I tillegg til det overordna årshjulet, har kommunen detaljerte årshjul for enkeltstående prosessar/aktivitetar.



### Utfordringar og planar

Det er ei målsetjing at verksemdsstyringa skal forenklast og bli meir effektiv. Samstundes skal organisasjonen si forståing på området styrkast.

Rådmannen vil arbeide for at kommunen skal levere gode tenester ut frå dei rammevilkåra som vert vedtekne. Gjennom mål- og resultatstyring skal det arbeidast systematisk med å sikre rette og effektive tenester til brukarane. I tillegg til generelle og gjennomgåande mål, skal spesifikke mål innafor alle rammeområda sikre rett utvikling av dei enkelte tenestene. Rådmannen vil ha fokus på å hente ut samordningsgevinstar mellom einingar og sektorområde.

Rådmannen vil ha fokus på vidareutvikling av styringsdata, slik at ein kan fylgje utviklinga gjennom året og ved behov iverksette førebyggjande tiltak.

## 5. Fokusområde samfunnsutvikling

Gjennom arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen 2013 – 2025 er det utarbeidd mål, strategiar og handlingsplan for samfunnsutviklinga. Fylgjande mål er nedfelte i budsjett og økonomiplan 2017 – 2020:

<b>Mål</b>	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking Folketalsutviklinga. Data reiseliv.	Innbyggjarundersøking	Innbyggjarundersøking
Status 2018	8 965 innbyggjarar.	Innbyggjarundersøking 2017	Innbyggjarundersøking 2017
Ambisjon 2022	9 200 innbyggjarar	Positiv utvikling	Positiv utvikling
Resultatmål 2019	9 000 innbyggjarar	Positiv utvikling	Positiv utvikling

### 5.1 Kommuneplanen 2013 – 2025. Samfunnsdel.

#### Visjonen

*Herøy – ei båtlengd føre*

Kommunen skal gjere medvitne val om kvar vi skal vere i forkant, og kvar andre kan drage utviklinga vidare.

Kommunen skal vere nyskapande og attraktiv med lokal identitet og regional slagkraft. Vi skal vidareutvikle kommunen innafor havbasert verdiskaping.

#### Misjonen (oppdraget)

*Herøy – ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.*

Kommunen skal vere ein attraktiv kommune å busetje seg i gjennom:

- eit attraktivt og definert sentrum, attraktive bygder og bustadområde.
- ein interessant og mangfaldig arbeidsmarknad.
- eit framifrå kultur- og idrettsmiljø.

Innbyggjarane skal oppleve gode tenester av høg kvalitet. Kommunen skal vektleggje og gi eit heilskapleg, likeverdig og tverrfagleg tilbod til alle innbyggjarane. Ny teknologi og andre og smartare måtar å arbeide på, skal takast i bruk innafor dei ulike tenesteområda.

Reiselivet i kommunen har stort potensial som kan gi positive ringverknader i ei samordna satsing.

## Styringsprinsipp

I samfunnsdelen av kommuneplanen er det formulert fylgjande styringsprinsipp:

- samhandling
- kommunikasjon
- medverknad
- nytenking

Kommunen skal vise evne til **samhandling** mellom ulike nivå, eksternt og internt.

Kommunen skal vere tydeleg i **kommunikasjonen** sin, eksternt og internt.

Kommunen skal gjennom **medverknad** vere open for dialog med ulike aktørar for å kome fram til løysingar som fremjar samfunnsutviklinga på lang sikt.

Kommunen skal ha mot til å **tenkje nytt** slik at vi kan finne løysingar som betre samsvarar med innbyggjarane sine behov. Det kan handle om nye funksjonar, problemløysing, service og utvikling.

## Satsingsområde

I samfunnsdelen i **Kommuneplan for Herøy 2013-2025** er det peika ut fem satsingsområde:

- **Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling**

Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadområde. For at bygdene skal kunne gjere seg attraktive er dei avhengige av eit sentrum som utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurde.

Sentrumsutvikling og samfunnsutvikling er såleis to sider av same sak.

- **Infrastruktur**

Med infrastruktur meiner vi strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere. Døme: vegsystemet til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele-/fibernet.

- **Kompetanse og næringsutvikling**

Herøy kommune har prosentvis færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning enn fylket og landet. Nye arbeidsplassar vert stadig meir kompetanseintensive.

- **Rekruttering, busetjing og inkludering**

Herøy kommune har hatt positiv folketalsutvikling siste åra og det er mykje på grunn av utanlandsk innvandring. Sentrums- og samfunnsutviklinga er avhengig av folketalsvekst.

- **Barn, unge og identitetsbygging**

Barn og unge som satsingsområde, tek utgangspunkt i at trivsel i oppveksten aukar sjansen for tilbakeflytting seinare.

I kommuneplanen er det utarbeidd målsetjingar og strategiar for kvart satsingsområde. Det er også utarbeidd ein **handlingsdel** til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste strategiske verktøyet for å sikre at kommunen arbeidar mot målsetjingane som er sett i samfunnsdelen. Handlingsdelen skal konkretisere tiltak knytt til visjonen og målsetjingane i planen.

### **Planstrategi**

Planstrategi for Herøy kommune 2016-2020 vart sist revidert 07.12.2016.

## **5.2 Innbyggjarundersøkinga 2017:**

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om **møte med kommunen** (3,7) og **tillit** (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultatata samsvarar også med resultatata for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet.

Når det gjeld frie kommentarar, vert hotell, konserthus, kino, badeland og turstiar trekte fram av mange som område der kommunen har lukkast. Når det gjeld område kommunen ikkje har lukkast, er Skarabakken, Fosnavåg hamn, pumpehuset på Almenningen, bruene, NAV og vedlikehald av vegar gjengangarar.

## **5.3 Lokaldemokratiundersøking 2017**

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.

<http://www.bedrekommune.no/bedrekommune.no/bk/lokaldemokrati/>

## 6. Fokusområde Organisasjon

Kommunen gjennomførte Kommunekompasset i 2018 og fekk ein skår på 435 av 800 moglege. Resultata er jamt over gode. Herøy kommune skårar nest høgast av kommunane med mellom 5000 og 10000 innbyggjarar.

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast med økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi. Til dømes: digitalisering og velferdsteknologi.


<b>Mål</b>	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommunekompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommunekompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjukefråverstatistikk.	Statistikk.
Status 2018	435 poeng	Ikkje undersøkt.	8,3 %	65 år = 67% 67 år = 45%
Ambisjon 2022	500 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	65 år = 90% 67 år = 50%
<b>Resultatmål 2019</b>	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	65 år = 90% 67 år = 50%

### 6.1 Organisasjonsutvikling

Evalueringa av Herøy kommune etter Kommunekompasset viser at resultata no ligg godt over gjennomsnittet for kommunar mellom 5000-10000 innbyggjarar. Herøy kommune skårar totalt 435 poeng. Gruppesnittet ligg på 355 poeng og gjennomsnittet for alle norske kommunar ligg på 364 poeng. Det kan vere at kommunen framleis har ein gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

KS-K rår til at kommunen systematiserer styringsinformasjonen som allereie finst, med fokus på resultat og indikatorstyring. I tillegg bør ein hente inn og systematisere brukarperspektivet, innbyggjarperspektivet og medarbeidarperspektivet. Konsulenten rår til at denne styringsinformasjonen vert sett inn i ei årshjultenking for oppfølging, dialog, evaluering og utvikling basert på brukar-, medarbeidar- og

innbyggjarundersøkingar kombinert med objektiv informasjon om kvalitet og økonomi. Dette for at kommunen får utvikle seg i eit heilskapleg styrings- og utviklingsperspektiv. På denne måten kan ein få lagt eit godt grunnlag for både å utvikle dialogen og samspelet med innbyggjarane, men også ein god prosess saman med politikarane med planarbeid og tilbakerapportering på korleis kommunen jobbar, kva ein prioriterer og kva som vert levert av resultat. Dermed ser ein ikkje berre på mengda, men også kvaliteten på dei tenestene som vert leverte.



Alle områda vil vere viktig for utviklingsarbeidet i Herøy kommune, men i perioden denne utviklingsstrategien fokuserer på (2018-2020), så ynskjer vi å ha særleg fokus på områda vedtekne i K-sak 104/18 :

- Område 2 Tilgjengeleg, innbyggjar- og brukarorientering
- Område 4 Leiarskap, ansvar og delegasjon
- Område 5 Resultatfokus og effektivitet
- Område 6 Kommunen som arbeidsgjevar
- Område 7 Utviklingsstrategi og lærande organisasjon

Dette arbeidet vert fylgd opp i 2019.

## 6.2 Personalpolitikk og opplæring

Sjukefråverstala og resultat frå medarbeidarundersøkingar, arbeidsplass- og arbeidshelseundersøkingar vert nytta som indikatorar på trivsel og motivasjon.

## **Medarbeidarundersøkinga (10-Faktor) 2017**

Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste faktorane. I forhold til landssnittet kjem kommunen best ut når det gjeld oppgåvemotivasjon og fleksibilitetsvilje. Med oppgåvemotivasjon meiner ein motivasjon for oppgåva i seg sjølv, dvs om oppgåvene vert opplevde som ei drivkraft og som spanande og stimulerande. Med fleksibilitetsvilje meiner ein medarbeidaren si vilje til å vere fleksibel på jobb og tilpasse måten sin å jobbe på til nye behov og krav.

I forhold til landssnittet kjem kommunen dårlegast ut i forhold til relevant kompetanseutvikling. Relevant kompetanseutvikling er avgjerande for at medarbeidarane til ei kvar tid er best mogleg rusta til å utføre oppgåvene sine med høg kvalitet, og er avgjerande for kvaliteten på dei tenestene som vert leverte, uansett kva type teneste vi snakkar om.

Herøy kommune til liks med landssnittet scorar total sett lavast på faktoren relevant kompetanseutvikling og høgast på faktoren nytteorientert motivasjon. Nytteorientert motivasjon er motivasjon for å gjere noko nyttig og verdifullt for andre, også kalla prososial motivasjon. Det er ei viktig drivkraft for mange og har ei rekkje godt dokumenterte, positive effektar.

## **Inkluderande arbeidsliv (IA)**

Herøy kommune har vore inkluderande arbeidslivsverksemd sidan juli 2003. I juni 2014 vart IA-avtalen resignerte. Herøy kommune kan syne til systematisk og kontinuerlig IA-arbeid, gjennom bl.a. faste møter i IA-utvalet og deltaking på kurs og seminar i regi av NAV Arbeidslivsentret.

## **Helse, miljø og tryggleik (HMS)**

Hovudmålet for HMS- arbeidet er at dei tilsette skal ha eit trygt og godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Gjennom ei slik målsetjing vil ein oppnå betre kvalitet på arbeidsmiljøet for dei tilsette, og i sin tur betre kvalitet på tenestene som kommunen leverer til innbyggjarane.

Herøy kommune har eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta (BHT) og hovudverneombod (HVO). I 2017 har HVO vore tilsett i 50% stilling. Dette har gjeve ytterlegar styrke inn mot det overordna HMS-arbeidet i organisasjonen. Gjennom blant anna etablering av ny versjon av overordna HMS-plan (HMS-handbok), handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta, målretta arbeidshelseundersøkingar, kurs og samlingar arbeider vi aktivt og systematisk med arbeidsmiljøet i organisasjonen. Avvik vert rapportert og følgt opp i avdelingane.

Herøy kommune har eit Arbeidsmiljøutval (AMU) som arbeider for eit fullt ut forsvarleg arbeidsmiljø i organisasjonen. AMU tek del i planlegging og oppfylginga av verne- og HMS-arbeidet i organisasjonen. Arbeidsavklaringsutvalet er eit underutval av AMU.

I tillegg til det som omfattar lovpålagt HMS-arbeid har Herøy kommune som målsetting å ha fokus på folkehelse i «alt ein gjer». Fokus er heile mennesket gjennom desse delområda: biologi (fysisk helse), kultur (ånd, skjel og psykisk helse) og politikk (samhaldet og fordeling av godane.



## **Tillitsvalde**

Føremålet i Hovudavtalen er å skape eit best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane på alle nivå. Hovudavtalen skal være eit verkemiddel for å sikre og legge til rette for gode prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet vert baserast på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike rollar.

Det er avgjerande for eit godt resultat at dei tilsette og deira organisasjon vert involvert så tidlig som mogleg når omstilling og reform skal gjennomførast. Tenester av god kvalitet som er tilpassa brukaren sitt behov, føreset gode prosessar og medverknad. Hovudavtalen skal gjennom ordninga med tillitsvalde gje arbeidstakarane reell innflytelse på korleis arbeidsplassen skal organiserast og korleis arbeidsmetodane skal utviklast. Slik innflytelse bidreg til ein fleksibel og brukarvenleg tenesteyting.

## **Arbeidsgjevarpolitikk**

«Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune» presenterer grunnlaget for ein felles organisasjonskultur. Verdiane til kommunen som organisasjon er nedfelt i denne. I denne er det også nedfelt forventingar til leiarar og medarbeidarar.

Arbeidsgjevarpolitikken synleggjer definisjonar, målsetjingar og prinsipp retta mot konkrete verkemiddel for å nå måla. Den er på eit overordna, strategisk nivå og er utgangspunkt for planar og prosedyrar på neste nivå. Arbeidsgjevarpolitikken har eit livsfaseorientert fokus og skal vere eit levande dokument i organisasjonen.

Ei partssamansett arbeidsgruppe byrja i 2016 med å utarbeide ny arbeidsgjevarpolitikk for Herøy kommune. Forslaget til arbeidsgjevarpolitikk skal handsamast og godkjennast av Kommunestyret.

## **Seniorpolitikk**

Målsetting for Herøy kommune er at 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Minimum 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

Målet med seniorpolitikken er å auke den gjennomsnittlige avgangsalderen. Å jobbe for økt avgangsalder er i samsvar med IA-avtale og kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk. At folk står lenger i arbeid er gunstig i forhold til å bevare opparbeidd kompetanse lengst mogleg i organisasjonen, noko som er økonomisk gunstig for arbeidsgjevar. Vi har tru på at ein god, raus og samla arbeidsgjevarpolitikk legg til rette for og motiverer vår medarbeidarar til å stå lenger i arbeid.

## 7. Fokusområde Tenester

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Det er formulert spesifikke **utviklingsmål for dei ulike tenestene**.

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar.	Avvik og klager.
Status 2018	Positiv utvikling.	2017: 23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2022	Betre enn landsgjennomsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2019	Betre enn landsgjennomsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt

### 7.1 Kommunebarometeret

Herøy kommune hamnar på ein 133. plass i Kommunebarometeret frå Kommunal Rapport for 2018. Då er det korrigert med omsyn til økonomiske rammevilkår. Dette er opp 84 plassar frå 2017 då kommunen hamna på ein 217. plass. Herøy kommune har i 2018 den beste plasseringa sidan målinga starta i 2010. Det er viktig å hugse på at det kan finnast gode forklaringar bak ei svak tabellplassering og ei god plassering kan skuldast flaks eller tilfeldige forhold. Det er også naturleg at ein kommune har nokre gode og nokre dårlege plasseringar.

Føremålet med barometeret er å gje eit lettfatteleg bilete av korleis kommunen presterer/kor gode tenestene er målt mot resten av Kommune-Noreg, for å bidra til ein meir opplyst lokaldemokratisk diskusjon

Kommunebarometeret er ei årleg rangering av alle kommunar gjennomført av Kommunal Rapport på grunnlag av offentleg tilgjengeleg data frå offisielle kjelder. 2018-barometeret inkluderer 152 ulike nøkkeltal innan 12 forskjellige kategoriar.

Kommunebarometeret er inga vurdering av om innbyggjarane får gode **nok** tenester, men om det ser ut til at kommunen har noko å lære av andre – basert på kor nær kommunen sine målbare resultat er kommunane med best resultat. Barometeret er

heller ikkje ein konkurranse i å drive billigast, utan omsyn til tenestene. Viktigare enn tabellplasseringa er om kommunen har fått betre eller dårlegare nøkkeltal det siste året.

## Plasseringer i Kommunebarometeret 2010-18

Dette er plasseringene slik de faktisk ble rapportert de ulike årene.  
Serien er ikke sammenliknbar over tid, fordi innholdet i barometeret også har endret seg over tid.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Nøkkeltallene alene	365	291	363	281	240	266	310	296	263
Totaltabellen -justert for økonomiske forutsetninger	286	238	353	270	190	195	245	217	133
Rangering inntektsnivå	293	293	208	229	257	333	321	350	429
Grunnskole	320	359	308	307	162	216	207	215	134
Pleie og omsorg	210	279	384	207	345	241	289	386	302
Barnevern	279	189	256	217	188	217	299	310	136
Barnehage	421	342	391	387	401	288	288	164	228
Helse			393	343	321	314	298	320	402
Sosial	277	154	128	99	142	105	155	231	78
Kultur		141	252	250	257	222	205	258	271
Økonomi	328	245	166	125	120	371	380	262	368
Kostnadsnivå		35	15	7	41	89	69	39	75
Miljø og ressurser	215		323	51		277	36	265	213
Saksbehandling			259	349		89	124	142	
Vann, avløp og renovasjon			244	237					

Eg tek med fylgjande frå hovudanalysen:

«Herøy havner på en 133. plass i den foreløpige utgaven av Kommunebarometeret 2018 fra Kommunal Rapport. Da har vi korrigert plasseringen med hensyn til økonomiske rammebetingelser. Nøkkeltallene er samlet sett litt svakere enn normalen i Kommune-Norge.

Herøy er bare inne på Topp 100-lista innen enhetskostnader og sosialtjeneste.

Kommunen har sine svakeste plasseringer innen helse (402. plass), økonomi (368. plass) og pleie og omsorg (302. plass).

Hvis vi ser bort fra kommunenes ulike økonomiske utgangspunkt, kommer Herøy på en 263. plass. Nøkkeltallene er litt bedre enn økonomiske forutsetninger skulle tilsi.

Grunnskolen: Karakterene på 10. trinn i Herøy har vært omtrent middels de siste fire årene. Resultatene i fjor var omtrent på samme nivå som snittet de siste fire årene. 30 prosent av elevene på 5. trinn de siste fire årene ligger på laveste mestringsnivå (av tre). Det er omtrent som normalen for Kommune-Norge. På ungdomsskolen oppfyller 69 prosent av lærerne i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordypning i fagene.

Pleie og omsorg: I Herøy har 72 prosent av de ansatte fagutdanning. I de beste kommunene er andelen minst 84 prosent. Hva skal til for å bli blant de beste? Andelen er litt lavere nå enn for ett år siden. Målt mot hvor mange over 80 som

faktisk bor på sykehjem, har kommunen litt flere plasser avsatt til demente enn i normalkommunen. I Herøy tilsvarer antall plasser i skjermet enhet for demente 52 prosent av antallet over 80 som faktisk bor på sykehjem.

Barnevern: Når vi korrigerer andelen av barn som er i barnevernet for behovet, er andelen i Herøy på 5,6 prosent. I Herøy ble 82 prosent av sakene behandlet innen den vanlige tremånedersfristen. Av barn med tiltak er 19 prosent i fosterhjem eller institusjon. Det er veldig lite målt mot resten av Kommune-Norge, og gir en 2. plass på denne tabellen. I barometeret regnes høy andel tiltak i hjemmet som positivt.

Barnehage: Bemanningen i barnehagene i Herøy er lav målt mot dem som har best tall her. Som regel er bemanningen lavere jo større kommunen blir. 40 prosent av ansatte i kommunale barnehager har pedagogisk utdanning. Landsgjennomsnittet er 36 prosent. En liten andel av dem som jobber i barnehagene i Herøy er menn. De beste ligger på 17 prosent menn. I Herøy går 85 prosent av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage, ifølge tallene. Det er bra. Ulike telletidspunkt for barn i barnehage og antall minoritetsspråklige barn er en marginal feilkilde.

Helse: Legedekningen i Herøy er på 13,6 leger per 10.000 innbyggere. I Herøy er det ledig plass på 40 prosent av fastlegelistene. Dekningen av helsesøster målt mot antall småbarn i kommunen er middels. De beste ligger på 180 årsverk per 10.000 småbarn. Målt mot folketallet er det ikke mange kommuner som har færre ansatte enn Herøy som er registrert med videreutdanning innen psykisk helsearbeid.

Sosialtjeneste: Unge mottakere går litt kortere tid på sosialhjelp i Herøy enn i normalkommunen. I barometeret regnes kort stønadstid som bra. Det må være positivt at sosialhjelp er en midlertidig løsning på vei mot noe mer permanent. Blant de under 25 år, er andelen på sosialhjelp korrigert for behovet på 4 prosent, mens snittet i Kommune-Norge ligger på prosent. Sosialstønad gis i over 10 måneder til 9 prosent av de som mottar støtte. Andelen er lav, kommunen er på 68. plass på denne tabellen. Andelen mottakere som har sosialhjelp som hovedinntekt er litt under normalen. I barometeret er det positivt at få har sosialhjelp som hovedinntekt.

Økonomi: Korrigert netto driftsresultat var 1,4 prosent i fjor. Teknisk beregningsutvalg anbefaler en pluss på 1,75 %. Målt over de siste fire årene har driften gått i pluss. Netto renteesponert gjeld i kommunen er mer enn dobbelt så høy som landsgjennomsnittet, målt mot brutto driftsinntekter. Investeringsnivået har vært omtrent middels i Herøy de fire siste årene.

Kostnadsnivå: Netto utgifter til grunnskolen (korrigert for utgiftsbehovet) i Herøy er lave. Innen pleie og omsorg ligger kostnadene litt under det som er normalnivået. Barnehagekostnadene i kommunen er litt under det som er normalnivået. Kostnadene innen barnevernet i Herøy ligger nærmere de billigste enn de dyreste kommunene.»

## 7.2 Brukarundersøkingar 2017:

- **Barnehage**

Gjennomsnittresultatet ved dei to førre målingane var 5,3. (1 er dårlegast, 6 er best) Gjennomsnittresultatet i landet i 2017 er 5,2. I Herøy er gjennomsnittresultatet 5,4.

- **Legeteneste**

Brukarundersøking er gjennomført ved den private legetenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjenge og informasjon.

- **Fysioterapi**

Brukarundersøking er gjennomført ved den private fysioterapitenesta våren 2017. Resultata er positive på dei fleste områda. Det er lavast score når det gjeld tilgjenge.

- **PU**

Herøy kommune får ein poengscore på 4,4 poeng, mot landet som har 4,6 poeng.

På kategorien trivsel, som er kategorien Herøy kommune scorar desidert lågast på samanlikna med landet, gjeld dette tilbakemeldingar på jobb/dagaktivitet, fritid og ferietilbod. Det er særskilt på ferietilbod vi kjem dårleg ut, med ein score på 2,9 poeng mot landet som har 4,1 poeng på dette spørsmålet. Trivselen i bustaden er derimot høg, med ein score på 5,1.

Når det gjeld brukarmedverknad, som er den kategorien med lågast poengscore totalt sett både i Herøy og i landet, kjem vi betre ut enn landet på spørsmål om brukaren er med å bestemme innhaldet i individuell plan og om brukaren veit kven som er koordinator. Det spørsmålet vi kjem dårlegast ut på i Herøy, er om brukarmedverknad vert ivaretatt på annan måte enn gjennom individuell plan. Her får vi ein score på 3,6 medan snittet i landet er 4,4.

- **Institusjon (sjukeheim)**

Resultat frå brukarundersøking våren 2017. I denne kartlegginga er det næraste pårørande som har svart på vegne av bebuar på institusjon. Herøy kommune kjem totalt sett betre ut enn landssnittet.

- **Ungdata**

Ungdata er eitt av fleire verktøy som gir oss informasjon om status i oppvekstmiljøet. Vi har i tillegg andre både kvantitative og kvalitative verktøy som vi må nytte når vi skal oppsummere status som grunnlag for strategiar og tiltak.

Resultata frå Ungdata vil bli brukt vidare både på leiarnivå i den enkelte fagavdeling, samt i det tverrfaglege arbeidet, med analyse og vurdering av årsaker og tiltak. I dette arbeidet vil den rapporten som vert kalla Trendrapport Herøy 2017 vere nyttig. Denne viser ei samanlikning mellom svara i 2014 og 2017, og viser dermed positiv og negativ utvikling.

- **Innbyggjarundersøking**

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgde med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgde med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgde med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om møte med kommunen (3,7)

og tillit (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultatata samsvarar også med resultatata for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet

### **7.3 Tilsyn og klagesaker.**

I 2017 vart det gjennomført 23 tilsyn med til saman 60 avvik. 19 tilsyn har gått på bygningar, 1 på skatt, 1 på sentraladministrasjon og 1 på ROP (rus/psykiatri).

Det ligg ikkje føre ein samla oversikt over klagesaker i 2017.

## 8. Fokusområde Økonomi

Kommunen har teke i bruk ein slik økonomisk HANDLINGSREGEL:

- Netto dr. res. 1,75 % av samla driftsinntekter (om lag 12 mill.)
- Driftsfond 10 % av samla driftsinntekter (om lag 65 mill.)
- 20 % eigenkapital ved investeringar

Utfordringar på økonomiområdet:

- Driftsutgiftene er høge i høve til inntektene.
- Lave frie inntekter (vi har ikkje eigedomsskatt)
- Lånegjelda er høg.

<b>Mål 2017</b>	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter innan 2020.	Driftsfondet skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2017	1,47 %	39.642.000 (6,1%)
Ambisjon 2022	1,75 %	65.000.000 (10,0%)
Resultatmål 2019	1,60 %	48.000.000 (7,5%)

### 8.1 Nøkkeltal

#### Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond

	<b>Lånegjeld</b>	<b>Disp fond</b>
<b>2018</b>	<b>837.860.000</b>	<b>48.986.000</b>
2017	840.732.000	39.642.000
2016	840.261.000	17.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000

## Økonomi - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

### Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)	-6,2 %	0,6 %	6,3 %	1,6 %
Ulstein	1,8 %	2,8 %	2,1 %	0,7 %
Volda	1,9 %	3,1 %	2,7 %	4,6 %
Ørsta	2,6 %	4,3 %	2,5 %	1,1 %
Sula	0,1 %	2,4 %	3,3 %	1,3 %
Gjerdrum	-3,5 %	2,1 %	7,8 %	7,4 %
Songdalen	3,8 %	1,6 %	3,0 %	4,5 %
Kostragruppe 08	0,9 %	2,6 %	4,1 %	3,8 %

Netto driftsresultat i kommune konsernet utgjorde 1,6 prosent av driftsinntektene i Herøy i 2017. Det er under bransjenorma på 2 prosent. Det er samtidig 2,2 prosentpoeng lavere enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 og midt i laget blant samanlikningskommunane. 2017 og 2016 er dei beste åra kommunane har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat.

## Framsikt - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

### Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)	94,4 %	99,2 %	105,6 %	110,1 %
Ulstein	187,8 %	192,2 %	194,0 %	199,8 %
Volda	89,9 %	93,0 %	99,7 %	110,4 %
Ørsta	78,7 %	78,1 %	82,7 %	95,2 %
Sula	100,9 %	104,7 %	110,4 %	117,3 %
Gjerdrum	93,8 %	107,0 %	111,0 %	107,3 %
Songdalen	92,4 %	92,8 %	91,9 %	86,5 %
Kostragruppe 08	86,5 %	89,6 %	92,7 %	95,9 %

Netto lånegjeld bør holdast under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med lave renter. Netto lånegjeld bør helst vere under 50 prosent av årlege driftsinntekter. Herøy har mykje lånegjeld. Netto lånegjeld i konsernet er 110 prosent av driftsinntektene i 2017. Det er 14 prosentpoeng meir enn gjennomsnittet i kommunegruppa og midt i laget blant samanlikningskommunane. Lånegjelda (gjeldsgraden) har auka kraftig dei siste fire åra.

## Økonomi - Renteekspontert gjeld Andel av brutto driftsinntekter (prosent)

### Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)		74,3 %	82,3 %	86,3 %
Ulstein		155,3 %	162,7 %	169,5 %
Volda		72,7 %	81,7 %	92,4 %
Ørsta		50,2 %	58,0 %	71,5 %
Sula		66,5 %	75,8 %	79,8 %
Gjerdrum		78,6 %	83,5 %	80,8 %
Songdalen		73,0 %	74,1 %	67,1 %
Kostragruppe 08		59,4 %	69,2 %	71,5 %

Det er interessant å sjå nærare på den renteeksponerte delen av kommunen sin gjeld. Det vil sei den delen av lånegjelda kommunen sit med renterisikoen på. Det vil sei lånegjelda utanom VAR-sektoren og lån med statleg rentestøtte (oppussing av kommunale bygg av forskjellig type).

Den renteeksponerte delen av gjelda i Herøy utgjorde 86 prosent av driftsinntektene i 2017. Det er 15 prosent



over gjennomsnittet i kommunegruppa og midt i laget blant samanlikningskommunane. Herøy har altså høy gjeld, også om ein berre ser på den renteeksponerte gjelda.

### Økonomi - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

#### Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Herøy (M. og R.)	1,8 %	1,3 %	2,6 %	6,1 %
Ulstein	4,7 %	3,7 %	5,4 %	5,6 %
Volda	2,3 %	4,9 %	7,9 %	10,3 %
Ørsta	1,7 %	3,8 %	7,2 %	7,9 %
Sula	12,2 %	11,8 %	12,8 %	12,3 %
Gjerdrum	17,3 %	15,5 %	15,3 %	22,3 %
Songdalen	7,2 %	9,1 %	10,7 %	13,9 %
Kostragruppe 08	5,5 %	5,8 %	7,8 %	9,1 %

Disposisjonsfondet er kommunen sine reserver for å dekkje uføresette utgifter og sviktande inntekter. Det bør utgjere 10% av driftsinntektene.

Herøy har eit disposisjonsfond på 6 prosent. Det er et lavt resultat på landsbasis. Det er svakt i forhold til kommunegruppen. Gjennomsnittet i landet og i kommunegruppe 8 er 9 prosent. Herøy er nest lavast blant samanlikningskommunane.

## 8.2 Kommuneopplegget 2019

### Det økonomiske opplegget for 2019

	Kom øk prop mrd kr	Statsbudsj 2019 mrd kr
Vekst i frie inntekter	2,6 - 3,2	2,6
Demografikostnader	1,5	1,0
Pensjon	0,65	0,65
<b>Handlingsrom før satsingar</b>	<b>0,45 -1,05</b>	<b>0,95</b>
Satsingar innanfor veksten	0,2	0,5
Av dette:		
- Opptappingsplan rus	0,2	0,2
- Tidleg innsats skule		0,2
- Opptappingsplan habilit/rehab		0,1

Dvs at kommunane har 0,45 mrd kr til disp. Herøy har 0,1686% av landets befolkning og Herøy sin del av 2,6 mrd kr blir då nær 4,4 mill kr (kr 760.000,- av 0,45 mrd kr). Utviklinga i Herøy er negativ og i statsbudsjettet for 2019 føreset staten ein reell reduksjon av kjøpekrafta med 0,4% dvs om lag 2,0 mill kr.

#### Andre faktorar

- Innslagspunktet for ressurskrevjande tenester aukar med kr 50.000,- utover pris/lønsvekst (får tilbakevirkande kraft til 2018 og vil totalt koste kommunane 0,3 mrd kr – vel 0,5 mill for Herøy). Nytt innslagspunkt vert då kr 1.320.000,-.
- Auka rentenivå vil bidra til redusert handlingsrom (700 mill kr i 2019). På sikt vil pensjonspremien

bli redusert pga høgare rente.

- Auka foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehagen (makspris kr 2.990,- per mnd og deretter kr 3.040,- frå 01.08.2019). Gratis kjernetid utvida til å inkludere 2 åringar frå fam med lav innt.
- Fylkeskommunen som regional utviklingskraft vert redusert (reduksjon i bevillingane på 223 mill kr – 16%)
- Midlane til regionale forskningsfond vert redusert med 27 mill kr til 183 mill kr
- Manglar 400 mill kr til bemanningsnorm og skjerpa pedagognorm i barnehagane
- Skjerpa krav til lærartettheit (1 lærar per 15 elevar 1-4 klasse og 1 lærar per 20 elevar 5-10 klasse)
- Ingen friske midlar til tidleg innsats og gode læringsmiljø for dei yngste barna.
- Innføringa av betalingsplikt for rus og psykisk helse. Døgnpris på kr 4.880,- og betalingsplikt frå dag 1.
- Auka tilskott til rekruttering av psykologer (lovpålagt med psykolog frå 01.01.2020)
- Ei avsetjing på 156,8 mill kr til Klimasats 2019
- Ingen auke i bevillingane til flom og skredsikring utover dagens nivå
- Ingen midlar til nye planleggarar i kommunesektoren
- Lite midlar til innovasjon og digitalisering
- Innstramming i kommunane sin handlefridom når det gjeld eigedomsskatt frå 2020
- Kompensasjonsordning for bortfall av eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar (avsett 71 mill kr)
- Grunnrenteskatten aukar frå 35,7 til 37% - betyr reduksjon i kommunane sine eigedomsskatteinntekter.

## 9 Resultatvurdering og endringsbehov

### 9.1 Resultatvurdering

#### Folketalsutvikling og sysselsetjing

Folketalsveksten har stoppa opp siste 4 åra, samtidig har talet på arbeidsledige vore høgt (rundt 5 %).

#### Innbyggjarundersøkinga 2017

Undersøkinga viser at i snitt er innbyggjarane i Herøy like fornøgd med kommunen som landsgjennomsnittet (4,3 på ein skala 1-6).

Innbyggjarane er mest fornøgd med barnehagane og biblioteket (5,4) og minst fornøgd med transport og tilgjenge (3,1). Spørsmål om **møte med kommunen** (3,7) og **tillit** (3,8) kjem også ut med lav score. Desse resultatata samsvarar også med resultatata for landsgjennomsnittet.

Undersøkinga viser at det er lagt godt til rette for næring og arbeid (4,4) og bustadtilbodet (4,3) i forhold til landsgjennomsnittet.

#### Lokaldemokratiundersøking 2017

Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati. Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.

#### Brukarundersøkingar 2017

Kommunen scorar om lag på snittet for ulike brukarundersøkingar.

## Medarbeidarundersøking (10-faktor)

Det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste faktorane. I forhold til landssnittet kjem kommunen best ut når det gjeld oppgåvemotivasjon og fleksibilitetsvilje.

## Kommunekompasset

Evalueringa av Herøy kommune etter Kommunekompasset viser at resultatane no ligg godt over gjennomsnittet for kommunar mellom 5000-10000 innbyggjarar. Det kan vere at kommunen framleis har ein gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gi ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

## Kommunebarometeret

Herøy kommune hamnar på ein 133. plass i Kommunebarometeret frå Kommunal Rapport for 2018. Då er det korrigert med omsyn til økonomiske rammevilkår. Dette er opp 84 plassar frå 2017 då kommunen hamna på ein 217. plass. Herøy kommune har i 2018 den beste plasseringa sidan målinga starta i 2010.

Føremålet med barometeret er å gje eit lettfatteleg bilete av korleis kommunen presterer/kor gode tenestene er målt mot resten av Kommune-Noreg.

Det vert spesielt framheva at målt mot folketalet er det ikkje mange kommunar som har færre tilsette enn Herøy som er registrert med vidareutdanning innan psykisk helsearbeid.

## KOSTRA 2017

Resultatet i Herøy er svakare enn tilrådd i 2017, og betydeleg lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppa. Herøy har lite midlar i disposisjonsfond og dermed lita evne til å møte uføresette økonomiske problem. Kommunen har høg netto lånegjeld og er svært utsett for renterisiko.

## Samla resultatvurdering:

Folketalsveksten har stoppa opp siste 4 åra, samtidig har skatteveksten også stoppa opp, talet på arbeidsledige har vore høgt (rundt 5 %) og utbetalingane til økonomisk sosialhjelp har auka mykje i 2018. Dette har konsekvensar for den kommunale økonomien og gir store prioriteringsutfordringar.

Kostnadsnivået i tenestene i kommunen er 17 millionar høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i 2017 og 6-44 millionar høgare enn utgiftene i samanlikningskommunane

Kommunen har hatt ei positiv utvikling på tenestekvalitet (Kommunebarometeret) og forvaltningspraksisen (Kommunekompasset) siste åra, men på ein del område er det ikkje samsvar mellom ressursinnsats (KOSTRA) og tenestekvalitet (Kommunebarometeret). Dette gjeld der vi brukar forholdsvis mykje ressursar, men kjem dårleg ut på tenestekvalitet.

Tilbakemeldingane frå innbyggjarundersøkinga og lokaldemokratiundersøkinga var grunnlaget for vedtaket om kjerneverdiane **Tillit, Respekt og Samhandling** og utarbeidinga av **Serviceplakaten**.

## 9.2 Endringsbehov

2017 og 2016 er dei beste åra kommunen har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat. Kommunen har heller ikkje hatt eit så stort disposisjonsfond som vi har i dag.

Trass dette var resultatet i Herøy er svakare enn tilrådd i 2017.

I økonomiplanen for 2018-2021 er det lagt til grunn at kommunen skal bruke ca 28,3 millionar kroner for å balansere budsjettet i tillegg 10,0 mill kr i innsparing og 7,45 mill kr i rammeinnsparing.

### **Kommunestyret gjorde slikt vedtak i K-sak 102/18:**

«Kommunestyret meiner at kommunen heller bør ta sikte på å auke disposisjonsfondet i økonomiplanperioden 2019-2022 enn å tappe det for ca 28,3 mill kr slik det går fram av økonomiplanen for 2018-2021.

Kommunestyret ber difor om at det i samband med budsjettarbeidet vert gjort innsparingar utover innsparinga i K-sak 57/18, m.a. basert på det som kjem fram i denne saka om forbruket på ulike tenesteområde der kommunen har høgare utgifter enn gjennomsnittet for kommunegruppe 8.»

**Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018 sak 57/18:** Kommunestyret vedtek innsparingstiltaka slik dei går fram av vedlagde notat frå kommunalsjefane.

1. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne ledige så lenge det er forsvarleg.
2. Kommunestyret ber om at Kostratal vert tekne med i vurderinga av innsparingstiltak. Andre sektorar enn oppvekst, som ligg vesentleg høgare i Kostratal, må ta større andel av innsparingstiltakta.
3. Kommunestyret ber om at Myrvåg brannstasjon vert oppretthalden.
4. Kommunestyret ber om at Moltu skule held fram i si noverande form.
5. Kommunestyret ber om at tilbodet om privat brøyting vert oppretthalde. .

**Kommunestyresak 57/18 24.05.18 gav slikt resultat::**

**Samla innsparing:**

**10.275.200\***

\*Her er det gjort ein summeringsfeil. Det rette talet skal vere 10.015.000.

I protokollen frå møtet der det står:

«Høgre v/Idar Tarberg kom med framlegg om slikt tillegg til pkt 4 i tilrådinga frå formannskapet: Myrvåg brannstasjon vert oppretthalden på dagens driftsnivå. Framlegget fekk 14 røyster og fall.»

Dette opnar då for å vurdere driftsnivået ved Myrvåg brannstasjon.

Framsikt har gjennomført ei økonomianalyse basert på KOSTRA- tal for 2017. Dette er ein analyse av rekneskap og andre KOSTRA- tal for 2017. Herøy er samanlikna med Ulstein, Sula, Volda og Ørsta (naboar), Gjerdrum og Songdalen (billige og flinke kommunar) og kommunegruppe 8 (middels lett drivne kommunar med mellom 5.000 og 20.000 innbyggjarar og middels inntekter).

I samandraget av rapporten står det at finansane er vurderte på grunnlag av tre nøkkeltal. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene i Herøy er svakare enn tilrådd i 2017, og betydeleg lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppa. Herøy har lite midlar i disposisjonsfond og dermed lita evne til å møte uføresette økonomiske problem. Kommunen har høg netto lånegjeld og er svært utsett for renterisiko.

## Oversikt innsparingspotensial ift samanlikningskommunane (mill. kr)

	Ulstein	Volda	Ørsta	Sula	Gjerdrum	Songdalen	Kostragruppe 08
Pleie og omsorg	15,4	-16,3	-23,2	-4,6	-1,1	11,2	-7,9
Grunnskole	-6,5	-11,9	2,6	7,8	17,3	-14,4	-0,6
Adm, styring og fellesutgifter	2,9	0,5	4,6	9,4	-1,5	-4,9	7,3
Barnehage	-6,9	-1,2	-8,4	-5,0	1,7	2,6	-0,9
Sosiale tjenester	3,3	5,7	7,1	11,3	4,3	8,2	1,5
Kommunehelse	4,7	3,8	5,4	2,8	2,8	1,8	1,3
Barnevern	-4,6	4,9	10,6	-6,9	-5,3	0,7	-2,7
Kultur og idrett	4,8	10,5	8,6	11,1	7,4	7,0	4,6
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1,6	-1,6	0,5	-1,0	-0,9	0,3	0,0
Andre områder	9,0	11,8	11,0	18,4	19,6	9,9	15,1
Brann og ulykkesvern	3,2	0,9	1,3	3,9	4,7	5,1	3,4
Kommunale boliger	4,0	4,0	1,8	1,6	1,3	-3,8	0,5
Samferdsel	0,4	1,9	2,3	9,0	11,2	7,8	7,6
Næringsforv. og konsesjonskraft	-0,9	4,4	3,7	1,6	0,3	-1,0	1,2
Kirke	2,3	0,6	1,9	2,3	2,1	1,7	2,4
<b>Totalt</b>	<b>23,8</b>	<b>6,1</b>	<b>18,9</b>	<b>43,3</b>	<b>44,2</b>	<b>22,5</b>	<b>17,3</b>

Figuren over viser kostnadsforskjellar mellom Herøy og andre kommunar i millionar kroner. Vi ser kor mykje Herøy kan spare ved å drive med same kostnadsnivå som dei andre kommunane. (- er dyrare enn Herøy, + er billigare enn Herøy).

Samla behovskorrigererte netto driftsutgifter i Herøy var 17 millionar kroner høgare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2017. Herøy dreiv tenestene 44 millionar kroner dyrare enn Sula og Gjerdrum og 23 millionar kroner dyrare enn Songdalen og Ulstein.

Figuren viser også kva for tenester som vert drive dyrt og billig i Herøy, samanlikna med Kommunegruppe 8 og dei andre kommunane. I forhold til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på desse tenestene: Adm (7 mill), Sosial (2 mill), Helse (1 mill), Kultur (5 mill), kyrkje (2 mill) og diverse tekniske tenester (13 mill). Utgiftene er lavare innanfor PLO (8 mill), grunnskule (1 mill), barnehage (1 mill) og barnevern (3 mill).

PLO vert drive 10-15 mill kroner billigare i Ulstein og Songdalen. Grunnskulen vert driven 8-17 millionar kroner billigare i Gjerdrum og Sula. Administrasjon vert drive 9 mill kroner billigare i Sula. Sosial vert drive 11 mill kroner billigare i Sula. Kultur vert drive 11 mill kroner billigare i Volda og Sula. Samferdsel vert drive 9-11 mill kroner billigare i Sula og Gjerdrum.

NB: Gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i PLO vert påverka av at 6 norske kommunar har fått statstilskot til tenesta, og vert drive omtrent utan netto utgifter. Dette påvirker gjennomsnittet for PLO i kommunegruppe 8 kraftig. Det er korrigerert for denne effekten i rapporten, men ikkje i Framsikt analyse. Framsikt analyse viser at Herøy hadde 4 millioner kroner høgare netto utgifter i PLO enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8.

I samandraget skriv Brox at hovudårsaken til lavare utgifter i samanlikningskommunane er:

- Større grunnskular
- Mindre utgifter til alle slags kulturtiltak
- Lavare einingsprisar i eigeomsdrift og vegdrift
- Billigare administrasjon og politisk styring
- Billigare brannvesen

I tillegg har eg merka meg fylgjande:

- **Skuleskyss** kostar 1,0 mill meir enn snittet i kommunegruppa

6 skular vart nedlagde i 2009. Dette medførte lengre skuleveg for mange og rett til skyss etter opplæringslova.

Mykje spreidd busetnad i kommunen, gir rett til skyss anten i forhold til avstand til skulen eller smal/dårleg veg utan gangfelt.

- **Fastlege, fysio og legevakt** kostar 4,0 mill meir enn snittet

Funksjon 241:

Her er nokre feilføringar, dyr legeavtale, betaling eksterne som vi ikkje kan styre (NPV, Helfo). Vi ligg lågt ifht kommunal fysioterapi. Legevakt meiner ein å drifte så rimeleg og effektivt som mogleg. Dette vil bli dyrare med nye krav.

Funksjon 243:

Utgiftene er i hovudsak løn. Herøy er organisert med eigen seksjon i dag. Dei fleste kommunar har dette fellesorganisert med psykisk helse. Mogleg har andre kommunar ei anna funksjonsføring enn Herøy. Vi ligg lågt med tilsette ifht psykisk helse, men høgare på rus. Dette området vert slått saman frå 01.01.2019 også i Herøy kommune. Funksjonsføring her kan vi mogleg skjønsmessig korrigere, då ein i felles seksjon naturleg vil arbeide meir på tvers.

- **Sosiale tenester:** 2,0 mill meir på rettleiing, 1,0 mill meir på rusomsorg, 2,0 mill meir på arbeidstiltak enn snittet

Funksjon 242 Veiledning

Det er nokre feilføringar her, mellom anna skulle godt over 1 mill vore ført på 281 sosialhjelp. På denne funksjonen er også Solheim dagsenter ført.

Funksjon 243 Rusomsorg

På denne funksjonen er bustadsosiale tenester ført. Det er mogleg at desse tenestene i andre kommunar vert ført på 254 - jf kommentarane vedkomande funksjon 241.

Funksjon 273 Verna arbeid.

På denne funksjonen er mellom anna lærlingane ført med 1,4 mill. Det er og ført vel 0,8 mill vedkomande tiltakspakken. Desse føringane gjer at ein får høge utgifter på desse funksjonane

- **Utleige av bustader:** 1,0 mill meir enn snittet (utleige av bustader gjekk med underskot)

Husleigesatsane i Herøy kan vere lågare enn husleigesatsane i samanliknbare kommunar. Vi har i dei siste åra auka husleigesatsane gradvis, men det er fortsatt eit stykke igjen til vi er på antatt marknadsprisnivå.

Ei anna forklaring kan vere at utlegebustadar vert ståande tome med husleigetap som konsekvens i påvente av klargjering for ny utleige. Klargjering kan drage ut i tid, av ulike grunnar, men gjennom tverrfagleg samarbeid bør i alle fall Herøy kommune bidra til at utlegebustadane er mindre utsette for skadeverk gjennom året og kontraktsforholdet, slik at klargjering for ny utleige vert mindre kostnadskrevjande.

Ei tredje forklaring kan vere knytt til avskrivninga av kommunale bustadar.

- **Drift av kulturbygg:** 3,0 mill meir enn snittet

Herøy kommune har to bygg å drifte, dette gjer nok store utslag. Det er for 2018 og framover iverksett tiltak for å få desse kostnadane ned, men det vil vere vanskeleg å sjå at vi skal greie å hente inn desse kostnadane fullt ut.

Tiltakspakke 2017 er ført med kr. 349 668 på denne funksjonen i 2017. Likeins utgjer fordelte lønsutgifter frå Seksjon Byggdrift kr. 256 155 medan offentlege avgifter og forsikring utgjer om lag kr. 170 000.

- **Kulturskule:** 2,0 mill meir enn snittet

Herøy har ein andel på 34,7% av elevane i grunnskulen som deltek i kulturskulen. Det høgste talet i samanlikningskommunane. Kostragruppe 8 har 16,6%. Viser til Brox sin kommentar i rapporten under tabellen øvst side 51: Høge kostnader kjem av høg dekningsgrad, ikkje av høge utgifter pr brukar.

Utgiftene pr brukar ligg kr 2.900 under gjennomsnittet i kommunegruppa

- **Kyrkje:** 2,0 mill meir enn snittet

Herøy har 3 kyrkjer og 7 gravplassar.

- **Kart/oppmåling og byggesak:** 1,0 meir enn snittet

Området har fått overført 1 heimel frå plan for nokre år tilbake og det gjer nok noko utslag på denne Kostra-analysen. Denne heimelen er i dag overført til funksjon 302 på bakgrunn av lengre sjukmelding. Ein forventar at utgiftene vil vere meir på snittet ved neste analyse.

- **Politisk styring:** 2,0 mill meir enn snittet

Netto utgifter på dette ansvaret er på ca 4,1 mill. Løn (1,5 mill) og møtegodtgjersle (1,0 mill) er dei største enkeltpostane.

- **Administrasjon:** 7,0 mill meir enn snittet

Dette området er vanskeleg å analysere fordi kommunane sin rekneskapspraksis varierer (tolking av skillet mellom teneste og administrasjon), sjå side 56 i rapporten.

- **Brann:** 3,0 mill kr meir enn snittet

Funksjon 338, førebyggjande, er tilfredstillande. Funksjon 339 beredskap er tidlegare utgreidd i sak 17/715 og det er lagt fram fleire modellar for innsparing av beredskapen. Vi driv vi dyrare pga. ekstra brannstasjon i Myrvåg. Ved å legge ned brannstasjonen kan dette gi ei innsparing på 840 000 kr. I sak 17/715 er det og vist til andre tiltak som er mogleg å gjennomføre som gjer at kostnadane vert vesentleg redusert innan funksjon 339.

- **Eigedomshandling:** 3,0 mill kr meir enn snittet

I forhold til budsjettet var det største meirforbruket på dette området i 2017 sviktande husleigeinntekter (ca 1,4 mill) og kommunal drift (1,3 mill).

- **Hamnevesen:** 3,0 mill kr meir enn snittet

Avskrivningar på 1 540 000 kr og 350 000 kr på tiltakspakke er ført her. I tillegg har vi ikkje nok

inntekter på kaivederlag for å dekke opp kostnadane.

- **Næringsføremål:** 1,0 mill kr meir enn snittet
- Tiltakspakken er ført på funksjon 325, 800 000kr

### 9.3 Andre forhold

- **Interkommunalt samarbeid**

Vanylven kommune har teke initiativ til interkommunalt samarbeid med Herøy på fleire tenesteområde. Rådmannen legg til grunn at samarbeid med andre kommunar skal gje ei innsparing.

- **Bygningsmessige tiltak**

Kommunen har store utfordringar når det gjeld standard på dei kommunale bygningane.

- **Organisasjonsutvikling**

Kommunekompasset, innbyggjarundersøkinga, lokaldemokratiundersøkinga, brukarundersøkingane og medarbeidarundersøkinga (10-faktor) har peika på område der kommunen har eit utviklingspotensial. Dette skal fylgjast opp på ein systematisk måte i heile organisasjonen.

### 9.4 Prioritering

Herøy kommune har ein ambisjon om å vere «ei båt lengd føre» og vere «ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i». Kommunestyret har vidare vedteke ein strategi for utvikling av lokalsamfunnet og organisasjonsutvikling gjennom Samfunnsdelen av Kommuneplanen og Kommunekompasset.

Det er krevjande å finne ein balanse mellom stramme, men fagleg forsvarlege rammer for tenestetilbodet, og investeringsrammer som legg til rette for utvikling, busetjing, næringsetablering og sikrar ein forsvarleg standard på bygningsmassen.

#### **Investeringsbudsjettet:**

Rådmannen har prioritert

- ei strategisk satsing for busetjing og næringsetablering,
- forlenge levetida og sikre ein forsvarleg standard på eksisterande kommunale bygningane og
- nødvendige investeringar for at kommunen skal vere med i utviklinga for modernisering og digitalisering.

Kommunedelplanen for bustadpolitikk vart vedteken i K-sak 14/16. Kommunen har 140 utleigebustader rundt i kommunen. I planarbeidet kom ein fram til kommunen kan selje 30 bueiningar og bruke midlane til å reinvestere i nye einingar. Det er ein føresetnad at kommunen sel bustadane til dei som bur der i dag for at forholdet mellom behov for bustad og tilgjengelege bustader ikkje skal verte forverra. Her er bestilt taksering og starta dialog med dei som bur i bustadane.

#### **Driftsbudsjettet:**

KOSTRA- rapportane konkluderer med at kostnadsnivået i tenestene i kommunen er 17 millionar høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i 2017 og 6-44 millionar høgare enn utgiftene i



samanlikningskommunane.

Gjennom 2016, 2017 og 2018 har administrasjonen arbeidd med å skape balanse mellom kommunen sine utgifter og inntekter m.a.

- Kritisk vurdert tenestenivået i forhold til standarden i dag og kva som er forsvarlege tenester.
- Analysert den administrative organiseringa og bruk av administrative ressursar.

I 2016 vart det trekt inn fylgjande stillingar:

- 1,0 stilling som folkehelsekoordinator/kulturarbeidar
- 0,3 stilling økonomi/personal

I 2017 stod fylgjande stillingar vakante:

- 1,0 stilling rådmann/assisterande rådmann
- 1,0 stilling Servicetorget

I tillegg er 0,8 stilling i administrasjonen i pleie og omsorg inndratt.

I 2018 er

- 1,0 stilling som assisterande rådmann inndratt
- 1,0 stilling i Servicetorget er ikkje budsjettert.
- 1,4 stillingar vakante i økonomiavdelinga/dokumentsenteret fram til avklaring rundt samarbeidsprosjektet med Vanylven.

I samband med budsjett 2018 vart det gjort vedtak om at det skulle gjerast ein gjennomgang i alle sektorane innan 31.03.2018 med sikte på å finne tiltak som kunne redusere driftskostnadene med 10 mill kr på årsbasis. Tiltaka skulle vere realistiske og gjennomførbare. Dette er tiltak som skal kome i tillegg til rammereduksjonane for sektorane.

**Kommunestyresak 57/18 24.05.18 vart det gjort vedtak om slik innsparing, gjeldande frå 2019:**

Samla innsparing oppvekst:	2.200.000
Samla innsparing helse og omsorg:	4.765.000*
Samla innsparing samfunnsutvikling:	1.110.200
Samla innsparing stab:	<u>2.200.000</u>
<b>Samla innsparing:</b>	<b><u>10.275.000*</u></b>

\*Her er gjort ein summeringsfeil. Dei rette tala skal vere 4.505.000 og 10.015.000.

Rådmannen si vurdering er at driftskostnadane framleis er for høge. **For 2019 må inntektene aukast/driftskostnadane reduserast med om lag 13,5 mill kr for å få balanse mellom utgifter og inntekter** (i tillegg kjem evt nye rente- og avdragskostnadar og evt nye tiltak). Vi kan ikkje basere oss på å tappe eit driftsfond som allereie er for lite.

Det er heller ikkje tilfredsstillande å basere seg på årlege rammeinnsparingar for å balansere budsjettet. Det er difor behov for nye permanente innsparingstiltak som vil ha innsparingseffektar på lenger sikt (utover det enkelte budsjettår). Tiltaka må vere realistiske og gjennomførbare.

Rådmannen vil difor rå til at det vert gjort ein ny gjennomgang av drifta med sikte på å finne tiltak som kan skape meir permanent balanse mellom inntekter og utgifter. Her må alle tiltak som **driftsreduksjonar, strukturendringar og interkommunale samarbeidsordningar** vurderast. Slike tiltak bør gjennomførast så raskt det er praktisk mogleg.

Det er difor heller ikkje rom for nye driftstiltak med unntak av tiltak som kan finansierast innanfor driftsramma.

Det bør vurderast om det er mogleg å prioritere tiltak som

- Tidleg innsats
- Rus/psykiatri
- Habilitering/rehabilitering

ved omdisponering innanfor driftsramma.

Eigedomsskatt frå 2020 vil kunne gi ei inntekt på om lag 8-10 mill kr per år forutsett ein skatt på 1 promille av formuesverdien.

Eit budsjett og ein økonomiplan skal vere eit styringsverktøy og om det ikkje er reelt, vil det heller ikkje vere eit styringsverktøy for administrasjon og politikarar.

## 10 Økonomiplan drift 2018-2021

- Økonomiplan drift for 2019-2022 syner korleis Herøy kommune kan redusere sine driftskostnadar/auke sine inntekter med med om lag 18,8 mill kr i 2019.
- Dei største endringane skjer gjennom ei ny sak om varige driftsreduksjonar som må gjennomførast tidleg i 2019 for at dei skal kunne få delvis verknad dette året.
- Gjennom budsjettforslaget må samarbeidet med andre kommunar aukast i åra som kjem. Dette er noko som kan føre til reduserte kostnadar for alle litt fram i tid.
- Rådmannen har vurdert eigedomsskatt på private hus og hytter. Med 1% av takstverdi vil det kunne gi ei inntekt på minst 7 mill kr. Men ein slik skatt bør ikkje nyttast til drift og ein foreslår heller ikkje denne ordninga i 2019. Etter valet i 2019 må ein imidlertid vurdere dette nøye slik at ikkje tenestene forvirrar i åra som kjem. Rådmannen legg opp til ei innføring av slik skatt frå og med 2021 i sitt forslag til saldert økonomiplan.

I hovudtal kan dette (balansen) settast opp slik (rådmannens tilråding):

	2019	2020	2021	2022
Innsparingar				
Rammeinnsparing, Helse og omsorg	700	700	700	700
Veks i husleige nye kommunale bustadar	0	200	400	800
Andre driftsinnsparingar	0	0	0	0
<b>Sum innsparingar drift</b>	<b>700</b>	<b>900</b>	<b>1 100</b>	<b>1 500</b>
Kalk renter/avskriving VAR	300	600	900	1 200
Bruk av fonds	9 300	8 500		
Ytterlegare driftsreduksjonar /varige kutt/rammeinnsparingar/vakansar	8 000	10 000	14 500	14 500

Samarbeid, auka inntekter	500	1 500	2 500	3 500
Eigedomsskatt (1,5 promille)			10 000	10 000
<b>Sum auka innt/red kostn</b>	<b>18 100</b>	<b>20 600</b>	<b>27 900</b>	<b>29 200</b>
<b>Tot innsparing/auka innt</b>	<b>18 800</b>	<b>21 500</b>	<b>29 000</b>	<b>30 700</b>
Skal finansiere:				
Driftsrammer høgare enn innt. til fordeling	13 500	13 500	13 500	13 500
Nye tiltak	4 300	3 500	3 000	3 000
Auka renter/avdrag	1 000	4 500	8 500	12 300
<b>Sum til inndekning</b>	<b>18 800</b>	<b>21 500</b>	<b>25 000</b>	<b>28 800</b>
<b>Diff</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-4 000</b>	<b>-1 900</b>

Sidan sist formannskapsmøte har den negative driftsramma blitt redusert med om lag 1,5 mill kr. Dette skuldast reduksjonar innan bla. Søre Sunnmøre Kemnerkontor og Landbrukskontoret. I tillegg er pensjonskostnadane justert ned med om lag 1,3 mill kr. Helse og omsorg manglar 0,7 mill kr i høve til innsparingskravet på 4,4 mill kr i 2019. Dette er lagt inn som ei rammeinnsparing.

Under nye tiltak ynskjer rådmannen å auke sosialhjelpsbudsjettet frå 4,3 mill kr til 7,0 mill kr i 2019 med ei viss nedtrapping dei andre åra i økonomiplanperioden. Basert på årets utbetalingar vil truleg også 7,0 mill kr bli for lite, men rådmannen voner likevel utbetalingane vil bli redusert i 2019 pga redusert arbeidsløyse.

Kommunen har fått om lag 0,4 mill i øyremerka statstilskott til ein psykolog nr 2. Reknar ein med at ny psykolog kan starte opp 1 april 2019 blir meirkostnaden dette året om lag 0,275 mill kr som så aukar til 0,5 mill kr frå 2020. Den siste delen, 0,3 mill kr er knytt til kvardagsrehabilitering. Totalt snakk om 1,8 årsverk, der 0,4 årsverk vert omdisponert i Helse- og omsorgsavdelinga og kr 620.000,- vert gitt som øyremerka statstilskott.

## Bevillingar per sektor og område

Oversikta under syner kor mykje den einskilde sektor/område får i bevilling i 2019 før ein har vurdert evt kutt eller nye tiltak.

<b>DRIFTSOVERSIKT (Tall i 1000kr)</b>	<b>Budsjett 2019</b>	<b>Økonomiplan 2020</b>	<b>Økonomiplan 2021</b>	<b>Økonomiplan 2022</b>
Skatt på inntekt og formue	-276 450	-276 450	-276 450	-276.450
Rammetilskott	-217 300	-217 300	-217 300	-217.300
Eigedomsskatt	-	-	-	-
<b>SUM FRIE INNTEKTER</b>	<b>-493 750</b>	<b>-493 750</b>	<b>-493 750</b>	<b>-493 750</b>
Renteutgifter	14 750	14 750	14 750	14 750
Avdrag	24 000	24 000	24 000	24 000
Andre finanskost. ( tap på aksjar, gebyr m.m.)	1 299	1 299	1 299	1 299
Utytte Tussa	-5 230	-5 230	-5 230	-5 230
Statstilskott, rente- og avdragskompensasjon	-2 400	-2 400	-2 400	-2 400
Andre renteinntekter	-3 183	-3 183	-3 183	-3 183
Aktiv forvaltning	-4 300	-4 300	-4 300	-4 300
Andre finansinntekter (gebyr, morarenter m.m.)	-626	-626	-626	-626
Netto rente og finanskostnadar	24 310	24 310	24 310	24 310

Nto pensjonsavvik/amortisering av pensjonsav.	-16 593	-16 593	-16 593	-16 593
Netto avskrivningar	-4 090	-4 090	-4 090	-4 090
<b>Sum andre poster</b>	<b>-18 839</b>	<b>-18 839</b>	<b>-18 839</b>	<b>-18 839</b>
<b>TIL FORDELING</b>	<b>-490 074</b>	<b>-490 074</b>	<b>-490 074</b>	<b>-490 074</b>
Politisk leiing	4 149	4 149	4 149	4 149
Administrativ leiing	1 835	1 835	1 835	1 835
Andre Overføringer (Kyrkje, revisjon m.m)	13 220	13 220	13 220	13 220
<b>STAB</b>				
Servicetorget	3 245	3 245	3 245	3 245
Dokumentsenter og politisk sekretariat	4 136	4 136	4 136	4 136
Økonomiavdelinga	5 371	5 371	5 371	5 371
Personal- og organisasjonsavdelinga	7 356	7 356	7 356	7 356
IKT	7 433	7 433	7 433	7 433
Eigedom	19 243	19 243	19 243	19 243
<b>OPPVEKST</b>				
Barnehageavdelinga	71 369	71 369	71 369	71 369
Grunnskuleavdelinga	115 255	115 255	115 255	115 255
<b>HELSE OG OMSORG</b>				
Administrasjon Helse og omsorg	1 335	1 335	1 335	1 335
Avdeling for Barn, Familie og Helse ink NAV	56 950	56 150	55 650	55 650
Pleie- og omsorgsavdelinga	112 600	112 600	112 600	112 600
Bu- og habiliteringsavdelinga	40 076	40 076	40 076	40 076
Tenestekoordinering	8 740	8 740	8 740	8 740
<b>SAMFUNNSUTVIKLING</b>				
Kulturavdelinga	8 991	8 991	8 991	8 991
Utviklingsavdelinga	7 120	7 120	7 120	7 120
Landbruk	1 245	1 245	1 245	1 245
Brannvern	8 297	8 297	8 297	8 297
Anleggs- og driftsavdelinga	9 172	9 172	9 172	9 172
<b>Sum fordelt til driftsrammer</b>	<b>503 574</b>	<b>503 574</b>	<b>503 574</b>	<b>503 574</b>
Avsetjing til disposisjonsfond	-	-	-	-
Kalkulatoriske renter/avskrivningar sjølvkost	-300	-500	-700	-900
Bruk av disposisjonsfond	-10 000	-5 000	-	-
Ytterlegare driftsreduksjonar/nedbemannning	-7 500	-10 000	-12 500	-12 500
Samarbeid/auka inntekter/auka folketal	-500	- 1 500	- 5 000	- 5 000
Overføring til investeringsrekneskapen	-	-	-	-
<b>Netto disposisjoner</b>	<b>-18 300</b>	<b>-17 000</b>	<b>-18 200</b>	<b>-18 400</b>
<b>Balanse</b>	<b>- 4 800</b>	<b>-3 500</b>	<b>-4 700</b>	<b>-4 900</b>
Tiltak som skildra (innsparing/nye tiltak)				
Til renter og avdrag og nye tiltak	-4 800	-3 500	-4 700	-4 900

Ein forventar relative stabile inntekter i økonomiplanperioden. I 2018 berekna vi skattinntektene og rammetilskottet ved å bruke faktisk skatteinngang 2017 + statens prognose for skattevekst 2018 og rekna rammetilskottet ut i frå det. Det synte ein vekst i frie inntekter frå vårt budsjett 2017 til vårt budsjett i 2018 på kr 1.600.000,-. For 2019 vel vi å bruke tala frå Grønt Hefte for desse berekningane. Det kan vere at skatteinntektene vert berekna for høge (auke på nær 10,0 mill kr sett i høve til budsjett 2018), men rådmannen har valgt å legge seg på dette nivået. Budsjetterte skatteinntekter og budsjettert rammetilskott 2019 er om lag 14,0 mill kr høgare enn i 2018.

Basert på vedtak K-sak 101/18 (Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022 – Investeringstiltak i kommunale bygg) og K-sak 100/18 (Budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022 – Investeringstiltak Anleggsprosjekt), nokre små investeringar frå Helse og omsorg, Oppvekst og IKT samt ynskje om nye bilar og maskiner i anleggsavdelinga blir investeringane i økonomiplanperioden særst store. Brutto investeringar i 4 års perioden blir på i overkant av 400,0 mill kr eks vidareutlån. Det gjer at vi framover får ein stor auke i finanskostnadane som må finansierast gjennom reduksjonar i driftsrammene og/eller nye inntekter. I tillegg skal minsteavdragsprinsippet endrast gjennom ny kommunelov, noko som gjer at Herøy kan få auka sine avdrag med om lag 6,0 mill kr i høve til dagens regelverk.

For å få både budsjett og økonomiplan i balanse har ein saldert den med bruk av disposisjonfond på minimum 10,0 mill kr i 2019. Underskotet i økonomiplanen (2020-2022) må finansierast ved hjelp av driftsreduksjonar, bruk av fonds og evt nye inntekter. Skal sistnemnde vere aktuelt må ein gjere vedtak om det minst 1 år før inntektene kan krevjast inn. Slik dagens framlegg til budsjett og økonomiplan ligg føre klarer ein ikkje målsetjinga om eit netto driftsresultat på 1,75%. I tillegg vil kommunen sine disposisjonsfond vere tømte innan utgangen av økonomiplanperioda.

Grunnen til at ein har valt å bruke disposisjonsfond i salderinga er at rådmannen finn det vanskeleg å foreslå nye og store rammeinnsparingar i og med at avdelingane reduserte sine budsjett med om lag 10,0 mill kr hausten 2018.

## Investeringar

Dei største tiltak i økonomiplanperioda kan ein setje opp slik:

Tiltak	Mill kroner
Kommunale bustadar	41,1
Oppgradering av 4 skulebygg	33,6
Opparbeiding av 3 byggefelt	31,5
VAR området	30,0
Oppgradering av sjukeheimane	25,0
Nye kaiar Mjølstadneset	21,0
Byutvikling (sjå vedlegg)	20,0
Fosnavåg Brannstasjon og driftsbasis	18,0
Veg Leine-Voldsund	10,0
Hall ved einedalen skule (sluttfinansiering)	8,0
Ei mengd mindre tilta	111,6
<b>SUM</b>	<b>319,8</b>

Den samla utviklinga i rente og avdragskostnadane ser de i tabellen nedanfor forutsett at dei skisserte investeringsprosjekta vert vedtatt i økonomiplanperioda.

	2019	2020	2021	2022	SUM	Tekst
<b>Samfunnsutvikling</b>						
Byutvikling	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000	Pri
Avskjerande grøft Kvalsund	400				400	2019-2021
Grøft overvatn Huldalsvegen	300				300	Pri
Ny kaihøgde ytre Allmenningskai	5 500				5 500	Pri
Trafikktryggingstiltak		1 500	1 500	1 500	6 000	Pri
Tursti Myklebustvatnet			1 200		1 200	2020-2021
Tursti Djupvikvatnet				3 000	3 000	
Bergsøy Kunstgrasbane nytt dekke		500	2 500		3 000	2019-2020
Jektenaust m.m.	2 400				2 400	Pri
Gangveg i sentrum	600				600	
Dragsund bustadfelt	1 000	9 000			10 000	Pri
Bø/Arhaug bustadfelt	6 500				6 500	Pri
Stokksund bustadfelt		1 000	14 000		15 000	
Mjølstadneset næringsområde	625				625	
Eggesbønes næringsområde		1 500	1 500	5 000	9 500	Sjølvfinansierende
Eggesbønes næringsområde. Planleggingsmidlar	250					Pri
Mindre parkeringsplass Frøystad				1 000	1 000	2020-2022
Mindre prosjekt i bustadfelt	750				750	
Bru til Herøy gard	300	3 000			3 300	Pri
Veg og parkering Rundavegen			600	800	1 400	2020-2021
Veg Flusund				5 000	5 000	
Kaier på Mjølstadneset		1 000	20 000		21 000	2020-2021
Oppgradering av Grønhaugvegen				1 250	1 250	
Oppgradering av veg Kleppeåsen	700				700	
Oppgradering av veg til Marine Sales				750	750	
Oppgradering av Vikevegen (til Vikeskaret)				5 000	5 000	
Parkeringsplass Fosnavåg Sentrum	2 000				2 000	
<b>Eigedom</b>						
Asbestsanering		1 000	1 000		2 000	
Asfaltering ved kommunale bygg	250	500	500		1 250	
Brannsikring av kommunale bygg	250	1 000	1 000	1 000	3 250	
Desentralisert ventilasjon		2 000	2 000		4 000	
ENØK tiltak		1 000	1 000	1 000	3 000	
Kommunale bustadar	1 600	16 500	11 500	11 500	41 100	
Leikeplassar		500	500		1 000	
Herøy rådhus	3 000				3 000	
Offentleg toalett Goksøyra	650				650	
Bergslia barnehage	950				950	
Myrsnipa barnehage	600				600	
Bergsøy skule Blåhaugen	1 100				1 100	Sluttfinansiering
Bergsøy skule Borga	5 000	500	10 500		16 000	
Einedalen skule, hall	8 000				8 000	Sluttfinansiering
Stokksund skule	6 000				6 000	
Ytre Herøy ungdomsskule	500	5 000	5 000		10 500	

Herøy omsorgssenter Raud/Grøn avd	4 000	6 000	10 000		20 000	
Myrvåg omsorgssenter				5 000	5 000	2020-2022
Sjueheimsvegen 14	1 300				1 300	
Storebakken 3	800				800	
Fosnavåg brannstasjon & driftsbasis	18 000				18 000	Pri
Herøy kulturhus og idrettshall	2 000	7 000			9 000	
<b>Andre investeringar</b>						
Bibliotek, inventar	200				200	
Digitalt satsing oppvekst	1 540	970	250		2 760	
Utsyr/inventar Oppvekst	500	300	-	-	800	
Utstyr til sjukeheim, kjøkken og teknisk drift	250	250	250	250	1 000	
Digitalisering av arkiv Landbrukskontoret	215	215			430	Fin. av fonds
Flishoggar	500				500	
FV 18 Leine-Voldsund		10 000			10 000	
Høgdeberedskap				3 000	3 000	
Investeringsmidlar SSIKT	2 265				2 265	
Lokale investeringsmidlar IKT	2 125	2 125	2 125	2 125	8 500	
Kryssing av Fosnavåg hamn	1 500				1 500	Pri
Lastebil		3 125			3 125	
Ny vaktbil				900	900	
Prosjekt e-Rom 2019	400				400	
Tilhengar til til kjemikaliedykker, utstyr etc	100				100	
Toalettbygg i parken	1 100				1 100	Pri
Traktor Havila stadion	500				500	
<b>SUM</b>	<b>90 520</b>	<b>80 485</b>	<b>91 925</b>	<b>53 075</b>	<b>319 755</b>	

Utbyggingar iflg kloakkrammeplanen	7 500	7 500	7 500	7 500	30 000
<b>SUM INVESTERINGAR I VAR OMRÅDET</b>	<b>7 500</b>	<b>7 500</b>	<b>7 500</b>	<b>7 500</b>	<b>30 000</b>

Vidareutlån Formidlingslån/startlån	10 000	10 000	10 000	10 000	40 000
Finansiert av lån i Husbanken	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-40 000
Eigenkapitalinnskott i KLP	1 400	1 400	1 400	1 400	5 600
Bruk av fonds Eigenkapitalinnskott KLP	-1 400	-1 400	-1 400	-1 400	-5 600
<b>SUM FINANSINVESTERINGAR</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

	2019	2020	2021	2022	Sum
Finansiering	98 020	87 985	99 425	60 575	350 005
Bruk av fonds	-215	-215			-430
Sal av tomter etc	-1 000	-3 000	-5 000	-7 000	-16 000
Lånefinansierte prosjekt som utgår (EPC)	-7 000				-7 000
Statstilskott, kommunale bustadar			-2 000	-4 500	-6 500
<b>Lånebehov</b>	<b>89 805</b>	<b>84 770</b>	<b>94 425</b>	<b>53 575</b>	<b>326 575</b>
					-
Rentekostnader 2,10% (halve 2019)	1 130	1 890	1 850	1 850	6 475
Rentekostnader 2,25% (halve 2020)		1 000	2 000	2 000	5 000
Rentekostnader 2,40% (halve 2021)			1 070	2 230	3 390
Rentekostnader 2,50% (halve 2022)				670	670
Avdragskostnader nytt regelverk		2 000	4 100	6 500	12 600
Reduserte renter ord avdragsbetalingar 25 mill	-130	-390	-520	-750	-1 790
<b>Auka finanskostnader</b>	<b>1 000</b>	<b>4 500</b>	<b>8 500</b>	<b>12 500</b>	

### Gjeldsutviklinga i økonomiplanperioden

	2019	2020	2021	2022
Brutto gjeld per 01.01	876 000	950 800	1 018 570	1 093 895
Ny gjeld i perioden	99 800	94 770	104 425	63 575
Årlege avdrag	25 000	27 000	29 100	31 500
Årleg gjeldsauke	74 800	67 770	75 325	32 075
<b>Netto gjeld per 31.12</b>	<b>950 800</b>	<b>1 018 570</b>	<b>1 093 895</b>	<b>1 125 970</b>

Basert på forslaget vil kommunes gjeld auke med om lag 250,0 mill kr i økonomiplanperioda. Ikkje alt dette er kommunalt renteberande gjeld. Per 01.01.2019 utgjer kommunens vidareutlån (husbanken), lån til VAR sektoren og rentekompenserte lån i alt om lag 220,0 mill kr. Per 31.12.2022 vil desse låna utgjere om lag 265,0 mill kr. Dvs at den gjeldsveksten kommunen sjølv må finansiere aukar med om lag 205,0 mill kr.



## **Kommentarar til nokre a investeringsprosjekta**

### Byutvikling

Herøy kommune har i sitt arbeid med sentrumsutvikling hatt opne og inkluderande prosessar. I arbeidet er det utarbeidd ein sentrumsvisjon som forankrer dei overordna måla og kjem med forslag på tiltak som sikrar at ein når måla. Ein arbeidar etter hovudtema; Fortetting og arealbruk, Offentlege rom og møteplassar og Mobilitet og transport. Ein har hatt særleg fokus mot hovudtema på som går på Offentlege rom og møteplassar. Aktuelle prosjekt er Byparken (under realisering), Rådhusplassen (Solparken i slutfasen på prosjektering) og ulike tiltak kring Vågen (eks. brukryssing).

Løyving i økonomiplan for 2019-2022 går til å realisere tiltak i byutviklingsprosjektet/sentrumsvisjon og ein legg opp til å fremje ei eiga saka som presenterer tiltak som skal gjennomførast i prosjektet.

### Avskjærande grøft Kvalsund

Det skal gravast ei grøft for å lede overvatn frå byggefeltet og til elva som kryssar Teigevegen, elva har utløp i sjøen ved småbåthamna. Dette er eit prosjekt som ein ser som naudsynt for å betre problem med overvatn i og gjennom byggefeltet.

### Grøft for overvatn i Huldalsvegen

Eksisterande kanal i Huldalsvegen er i dårleg stand og overvatnet skal leggst i rør. Løyvinga for 2018 vart for lav i forhold til kostnadane med rør og kryssinga av fylkesvegen.

### Ny kaihøgde ytre Almenningskai

I tråd med K-sak 37/17. Omfang er ikkje avklart pr. dags dato, Ein tenker prosjektering i 2019 og bygging i 2020. Kostnadsalkylen er usikker då omfang ikkje er kjent. Heving av kainivå vil medføre tilstelling og tilpassing til kringliggande bygg/plass.

### Tøimestasjon for bubilar i parken

Etablering av tøimestasjon for bubilparkeringa.

### Trafikktryggingsplan

Finansiering av tiltak etter gjeldande trafikktryggingsplan.

### Tursti Myklebustvatnet

Sti med belysning om lag frå Blåhaugen til idrettsområde.

### Tursti Djupvikvatnet

Sti med belysning rund delar av Djupvikvatnet (resterande del er eksisterande veg i dag).

### Bergsøy kunstgrasbane

Det er behov for rehabilitering av kunstgrasbana. Idrettlaget har bygt hall på delar av bana, dette tiltaket gjeld oppgradering av dekke på restarealet ute.

### Jektenaustet m.m.

Dette omfattar grunnarbeid for oppføring av naust til sunnmørsjekta Anna Olava og utviding av parkeringsplassen ved Herøy Gard med etablering av kaifront (ikkje sjølvve naustet). Prosjektet er forankra politisk i K-sak 105/16 der kommunen gir si tilslutning til å utvikle Herøy kystmuseum med etablering av naust med formidlingsbygg til jekta. Prosjektet er eit samarbeid med stiftinga Sunnmøre Museum og det vert pr. i dag arbeida med innsamling av midlar til bygging av naustet. Det er utarbeidd skisser og prosjektet kan sjåast på som oppstarta.

### Gangveg i sentrum

Gjeld bygging av regulert gangveg ved Bass Brother.

### Avlaupsplan

Midlane vert løyvd etter gjeldande handlingsplan for avlaup. Denne skal rullerast i 2018, eventuelle endringar i prioriterte tiltak og summar vert å oppdatere ved budsjetthandsaming i 2018. For 2021 og 2022 er det stipulert

ein sum då det ikkje ligg føre prioriterte tiltak endå.

#### Dragsund bustadfelt

Vidare utbygging av infrastruktur i eksisterande felt, kommunen eig arealet.

#### Bø/Arhaug

Utbygging av infrastruktur i regulert felt, kommunen eig delar av arealet. Pr. dags dato er det ikkje utbygd med offentleg avlaup, tiltaket heng difor saman med prioritering av utbygging utanfor feltet i handlingsplan for avlaup som skal rullerast i 2018. Det er ikkje ført fram vatn til området, grendalaget er i dialog med Herøy Vasslag SA med sikte på å løyse det.

#### Stokksund

Større privat reguleringsplan, kommunen eig ikkje noko areal for bustadtomter. Inneberer også oppgradering av kommunal veg fram til området og etablering av avlaupsløysing utanfor feltet.

#### Mjølstadneset

Eit større areal er reservert med sikte på utbygging. Det vil vere naudsynt med midlar for å ferdigstille området og tekniske anlegg. Her er det ikkje berekna salsinntekter då her har våre ei etappevis utbygging over lang tid.

#### Eggesbønes

Det er under regulering eit større industriareal på Eggesbønes (ved Marine Harvest). For å selje tomteareal er det naudsynt med utfylling i sjø og bygging av infrastruktur. Full utbygging av industriområdet slik som reguleringa ligg før, vil etter 2018 prisar kome på mellom 80 og 90 mill (grovt estimert). Ein ser her føre seg ei etappevis utbygging og ein vil vere avhengig av andre nærliggande prosjekt for å få tilstrekkeleg med steinmasser til prosjektet.

#### Mindre parkeringsplass Frøystad

Innregulert offentleg parkeringsplass i Frøystad bustadfelt.

#### Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar

Det er ymse snuplassar og andre tiltak for å betre/rette opp infrastruktur i eksisterande felt. Etablering av rundkøyring i Vatnevegen.

#### Bru til Herøy Gard

Dagens bru er i dårleg stand. Summen er delt i to for å kunne starte prosjektering året før bygging.

#### Veg og parkering Rundavegen

Opprusting og asfaltering av vegen frå brufestet og til der turstien starta, der vert det sett opp bom og laga parkeringsplass for turgåarar. Vil kunne avlaste parkeringsplassen i Goksøyra.

#### Veg Flusund

I samband med privat utbygging etter reguleringsplan for Indre Bergsøy må ein pårekna at kommunen må stå for delar av infrastrukturen utanfor feltet. Prosjektet er avhengig av at privat utbyggjar realisera sine planar.

#### Kai Mjølstadneset

I samband med ei større utbygging på austleg del av Mjølstadneset, vil det vere behov for to nye kaier.

#### Oppgradering av Grønhaugvegen

Fleire bustadprosjekt er under planlegging i området og det kan medføre behov for oppgradering av eksisterande kommunal veg som pr. i dag er smal.

#### Oppgradering av veg ved Kleppeåsen

Tidlegare har delar av den kommunale vegen over Kleppeåsen blitt utbetra. Dette prosjektet gjeld oppgradering vidare.

#### Oppgradering av veg til Marine Sales

Kommunal veg til næringsområdet ved Marien Sales treng oppgradering.

### Parkeringsplass og Gangveg i Fosnavåg sentrum

Innregulert parkeringsplass mellom parken og Djupedalen og samankobling mot Jordmor Helgas veg.

### Asbestsanering

Budsjettpost for sanering av asbest i kommunale bygg og tilhøyrande legging av nytt golvdekke då dei aller fleste kartlagde asbestforekomstane er knytt til golvbelegg og tilhøyrande lim. Arbeidstilsynet har pålagt oss å kartlegge kommunale bygg oppført fram til 1987. Kartlegginga pågår og vi sanerer asbestforekomstar etter alvorsgrad.

### Asfaltering ved kommunale bygg

Budsjettpost for asfaltering av uteområde ved kommunale bygg. Vi har i 2018 asfaltert uteområdet ved Leikanger skule og grendahus og ynskjer å ferdigstille tilsvarende arbeid for andre uteområde og parkeringsplassar ved kommunale bygg.

### Brannsikring av kommunale bygg

Budsjettpost for lukking av branntekniske avvik i kommunale bygg. Kommunen sin bygningsmasse er i dårleg forfatning og det er behov for midlar i heile økonomiplanperioden for å lukke avvik som har direkte konsekvens for liv og helse. Mellom anna står vi føre ei omfattande oppgradering av brannalarmanlegg i ulike bygg, som på grunn av alder ikkje lenger er mogleg å skaffe reservedelar til.

### Desentralisert ventilasjon

Budsjettpost for etablering av desentralisert ventilasjon i kommunale bygg. Vi har i 2018 installert desentralisert ventilasjon ved fleire klasserom ved Bergsøy skule Borga, og vil fortsette arbeidet med dette også i 2019 slik at øvrige klasserom får etablert ventilasjon. Også ved Ytre Herøy ungdomsskule er ventilasjon delvis utbetra, men det gjenstår å etablere ventilasjon for resterande klasserom og arbeidsrom for undervisningspersonalet i byggetrinn 1.

### ENØK-tiltak

Budsjettpost for gjennomføring av investeringstiltak med energispareeffekt. Budsjettposten må sjåast i samanheng med rådmannens tilråding i prosjekt 70018 – EPC-prosjektet.

### Leikeplassar

Budsjettpost for oppgradering av leikeplassutstyr ved kommunale skular og barnehagar. Frå 2019 og utover vil midlane i hovudsak verte nytta til utskifting av einskilde leikeapparat, avhengig av teknisk tilstand og oppgradering av gjenståande del av fallunderlag mm.

### Herøy Rådhus

Tilrådinga for Herøy rådhus er såleis som følger:

- Ny personheis
- Rehabilitering av fasade, vindu og varmeanlegg.

Saman med overførte løyvingar frå 2018-budsjettet får prosjektet ein samla budsjettpost på kr. 6,4 mill.

### Offentleg toalett, Goksøyra

Tiltaket omhandlar naudsynt ombygging for å sikre heilårsdrift av offentleg toalett i Goksøyra.

Kommunestyret vedtok ved handsaminga av budsjett 2018 at det offentlege toalettet i Goksøyra skulle ha heilårsdrift. Heilårsdrift inneber auka driftskostnader for eigedomsavdelinga, særleg til reinhald, straum og avfallshandtering. I tillegg er ikkje toalettbygget, leidningsnett og vanntilførselen sikra mot kulde og frost. Årets varme sommar og tørke har også vist til fulle at vasstilførselen til toalettet ikkje er god nok. Driftspersonell, inklusiv Herøy brann og redning, seksjon byggdrift og eigedomsleiar, har såleis etterfylt eksisterande vasstank fleire gongar på grunn av tørke.

Heilårsdrift er såleis ikkje mogleg å gjennomføre slik den tekniske tilstanden i dag er.

Totalt sett må toalettfasilitetane oppgraderast for å sikre både vassforsyning og vinterdrift. Dette inneber både oppgradering av sjølve toalettbygget i tillegg til ei oppgradering av eksisterande leidningsnett og vasstank.

Totalt sett får ein då eit oppgradert bygg som taklar vinterkulde i tillegg til at sanitærutstyret forbruker mindre vatn samstundes som vannkapasiteten vert utvida frå 2000 l. til 10 000 liter.

Alternativt kan heile toalettbygget skiftast ut med eit moderne og frefabrikkert toalettbygg. Ledningsnett og

vanntilførsel må uansett oppgraderast dersom heilårsdrift skal gjennomførast.

#### Bergslia barnehage

Tiltaket omhandlar naudsynt rehabilitering av yttertak, fasadekledning og vindu.

Det er ønskeleg med ei mindre utviding av avdelinga for 3-6 år i barnehagen ved at fasadefront vert flytta om lag 1 meter ut. Bruksarealet vert med ei slik løysing auka med om lag 5 m<sup>2</sup>, men gir betre plass til utstyr og auka leikeareal på golvet. Barnehagen er godkjent for 27 plassar, og det er ikkje aktuelt å auke opp dette talet.

#### Myrsnipa barnehage

Tiltaket omhandlar naudsynt rehabilitering av fasadekledning og vindu og bygging av eit mindre vognskjul.

Vognskjulet er naudsynt fordi dagens praksis for lagring av vogner er i strid med grunnleggjande brannsikkerheit og røming.

#### Bergsøy skule Blåhaugen

Det er behov for ei mindre utviding av bygget på grunn av skulens behov for grupperom. I tillegg er det behov for ei utebod for oppbevaring av leiker.

Eigedomsavdelinga har under utarbeiding eit forprosjekt for dette med kostnadskalkyle for utbygging. Tiltaket burde vore påbegynt i 2018, men arbeidsmengda har vore for omfattande til at eigedomsavdelinga har kunne prioritere det. Vi ber imidlertid om at tiltaket vert prioritert for gjennomføring i 2019. Førebels finansiell avsetning til prosjektet er usikker.

#### Bergsøy skule Borga

Tiltaket omfattar naudsynte tiltak for å forlenge levetida til bygget, særleg rehabilitering av yttertak og fasade, nye vindauge og planlegging av nytt varmeanlegg for bygget då oljefyr som varmekjelde er forbode frå 2020.

Dei einskilde tiltak er ikkje kalkulert, men det er foreslått årlege løyvingar fram til 2021 på totalt 16 mill. Midlane vert tilrådd nytta til ferdigstilling av fasaderehabilitering i 2019, oppgradering innandørs i 2020 og avsluttande oppgradering av uteområde i 2021.

#### Einedalen skule - fleirbrukshall

Anbuds konkurranse for prosjektet vert lyst ut hausten 2018 med antatt val av leverandør og signering av kontrakt i desember 2018. Byggestart kan difor ikkje ventast før i 2019. Løyvde midlar frå 2018 tilråddast difor overført og med tilsvarande løyving i 2019 som i gjeldande budsjett og økonomiplan.

#### Stokksund skule

Stokksund skule har behov for ei generell oppgradering av byggetrinn 1. Skulen sjølv melder særleg om behov for nye vindu. Dette medfører – som påpeikt ovanfor – at fasadekledning mm. må takast for å få det godkjent som investering. I tillegg er byggetrinn 1 generelt utslitt innandørs. Taket på nye delen av skulen lek og det er nødvendig å skifte taket for å hindre ytterlegare skader.

Dei einskilde tiltak er ikkje kalkulert, men det er foreslått å løyve 6 mill kr i 2019. Midlane vert tilrådd nytta til tak- og fasaderehabilitering. Om det blir midlar til overs vil ein prioritere oppgradering innandørs og avsluttande oppgradering av uteområde.

#### Ytre Herøy ungdomsskule

Ytre Herøy ungdomsskule har behov for ei generell oppgradering av byggetrinn 1. Skulen sjølv melder særleg om behov for ombygging og tilbygg for å stette krava til grupperom og allrom. Likeins er det naudsynt med ei relativt omfattande brannsikring av bygget, som i dag ikkje har eit forsvarleg skille mellom ulike brannceller og brannseksjonar.

Dei einskilde tiltak er ikkje kalkulert, men det er foreslått årlege løyvingar fram til 2021 på totalt 10,5 mill. Midlane vert tilrådd nytta til fasaderehabilitering, ombygging og tilbygg og avsluttande oppgradering av uteområde.

### Herøy omsorgssenter - Raud og Grøn avdeling

Tiltaket omfattar fullsprinkling av bygget og utskifting av dører til pasientrom.

Prosjektet medfører at også himling og belysning må oppgraderast saman med andre tekniske installasjonar over himling. Tiltaket er naudsynt for å sikre ei forsvarleg branntryggleik ved bygget.

Prosjektet må også planleggast ut i frå dei vedtak kommunestyret gjorde i K-sak 57/18 i samband med innsparingstiltak knytt til budsjettet for 2019. For Sektor Helse og omsorg sin del innebar dette vedtaket at 40 institusjonsplassar i prinsippet er vedteke omheimla til omsorgsbustadar med heildøgns bemanning. Vedtaket kan ikkje iverksettast før rehabilitering av raud og grøn avdeling er gjennomført. I den samanheng må rehabilitering omfatte etablering av pasientbad på alle pasientrom. Sektor Helse og omsorg vurderer også ei sentralisering av kjøkkentenesta

Totalt sett er difor prosjektet så omfattande at ein i realiteten bør totalrehabiliterer bygget. Dette fordi ovannemnde tiltak berører så mange fag at det er umogleg å gjennomføre det utan å tømme heile eller delar av bygget.

### Myrvåg omsorgssenter

Tiltaket omfattar rehabilitering av kjøkkenfløya. Kjøkkenfløya vart ikkje rehabilitert då resten av omsorgssenteret vart rehabilitert og er i dag teknisk utslitt og lite funksjonelt. Prosjektet er naudsynt mellom anna for å sikre eit forsvarleg kjøkkentilbod og ein forsvarleg situasjon knytt til båretransport.

Løyvde planleggingsmidlar frå 2018-budsjettet vert difor i 2019 nytta til å utarbeide eit forprosjekt med tanke på etterfylgjande gjennomføring i 2020. Førabels er det avsett kr. 5 mill. i forslaget til økonomiplan for dette.

### Sjukeheimsvegen 14

Prosjekt 61531 omhandlar rehabilitering av yttertak, fasadekledning, vindu, ytterdører og verandarekkverk. Prosjektet er overført til 2019 fordi budsjettet for 2018 på totalt kr. 500 000 ikkje rekk til fordi kommunerevisjonens tolkning av KRS 4 inneber at vi må rehabiliterer heile fasada, ikkje berre yttertak og verandarekkverk.

### Storebakken 3

Prosjektet omhandlar etablering av veranda til totalt 4 bueningar. Dette er naudsynt med tanke på rømingssveg for bebuarane, i tillegg til at dette sjølsagt også vil betre buforholda for leigetakarane generelt. Bygget er i K-sak 29/18 vedteke solgt. Eit tiltak som foreslått over, vil uansett kunne medverke til at sal vert lettare å gjennomføre.

### Fosnavåg brannstasjon & driftsbasa

Fosnavåg driftsbasa og brannstasjon vert til Fosnavåg hovudbrannstasjon og driftsbasa ved gjennomføringa av prosjekt 61604. Vi avventar gjennomføringa av dette prosjektet før eventuelle andre investeringstiltak vert vurdert.

Det er i gjeldande økonomiplan løyvd kr. 5 mill i 2021 til rehabilitering av driftsbasa. Løyvinga er basert på dåværande forslag til bygging av ny og frittliggande brannstasjon på alternativ tomt. Sidan kommunestyret i etterkant vedtok at eksisterande stasjon skal rivast og byggast opp på nytt, legg vi difor til grunn at løyvde midlar til rehabilitering av eksisterande driftsbasa utgår

### Herøy kulturhus og idrettshall

Fasaden ved Herøy kulturhus står på skade og må rehabiliterast i løpet av få år. Likeins gjeld for vindua i bygget, som alle er frå byggeåret 1979/80 og inneber både eit energitap, varmeinnslepp og vedlikehaldsbehov.

Det store bygningsvolumet sett i samanheng med Sunnmørsbadet Fosnavåg AS medfører at fasaderehabiliteringa må skisserast for å sikre ei heilskapleg arkitektonisk løysing. På grunn av den store kostnaden har vi valt å splitte prosjektet opp i byggetrinn for å redusere investeringskostnaden pr. år.


Forprosjekt er under utarbeiding basert på etterisolering og ny fasadekledning og vindu.

Fosnavåg, 02.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Geir Egil Olsen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



## SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING

### BUDSJETTKOMMENTAR 2019

#### Ansvar

Kultur: 4011,4012,4015,4021,4031,4032,4033,4041,4051,4061,4062

Utvikling: 5011,5013, 5021,

Anlegg og drift: 5111-5113, 5121-5126,5131 og 5132

Landbruk: 5041

Budsjettpost	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Brutto driftsutgifter (40,50 og 51)	66 203	69 198
Brutto driftsinntekter	-34 344	-35 336
Netto driftsramme	31 857	33 862
Avvik i kr. frå førre budsjettår	1183	2005
Avvik i % frå førre budsjettår		6,29 %

Utgåve 29102018 JMM

Rev 08112018 JMM

## Innhald

1 ENDRINGAR.....	3
2 ANSVAR OG OPPGÅVER.....	3
3 UTVIKLINGSMÅL TENESTER .....	4
4 UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR.....	4
5 KONSEKVEN SAR AV VIDAREFØRING AV VERKSEMDA .....	4
5.1 KONSEKVEN SAR VED OMSTILLING, STANDARDREDUKSJON, .....	4
NEDLEGGING AV TENESTER .....	4
6 FORSLAG TIL ENDRINGAR OG NYE TILTAK.....	5
Særskilde kommentar:.....	6
Forslag til driftstiltak som ikkje er lagt inn.....	15
7 KOMMENTARAR TIL DRIFT OG INVESTERING .....	16
Driftstiltak .....	16
Investeringstiltak i 2019 og økonomiplanperioda.....	16
Samla oversikt i økonomiplanperiode, rev.0711028 (eks.mva):.....	18
Prosjekt som frå 2018 som skal utførast i 2019 .....	19
Prosjekt som skal overførast og som bør ha prioritet.....	19
8 Bunde fond.....	20
9 Særlege utfordringar i 2019.....	22



## 1 ENDRINGAR


Følgjande endringar er gjort etter formannskapet 06110218 og frå budsjettkommentar datert 29102018.

- Ein legg til grunn innsparing brannvern, alternativ 1 ved Myrvåg stasjon.
- Revidert liste over investeringsprosjekt, datert 0711028.
  - Almenningskai vert flytta fram til fullrealisering i 2019
  - Trafikktryggingssmidlar for 2019 går ut
  - Eggesbønes næringsområde går ut 2019

## 2 ANSVAR OG OPPGÅVER

Sektor for samfunnsutvikling sitt ansvarsområde er mangfaldig og omfatter planlegging, næringsutvikling, byggesaksbehandling, kartverk/oppmåling, grunnverv, folkehelse, utbygging av anlegg, kommunal teknisk drift, brannvern, landbruk og oppgåver knytt til kulturområder. Avdelinga har for tida omlag 53 tilsette inklusiv kommunalsjef. I tillegg kjem deltidsstillingar i brannvern og kultur. I 2018 vart landbruksavdelinga lagt til sektoren.

På plansida har avdelinga ansvaret for all planlegging i medhald av plan- og bygningslova og avdelinga yter bistand til andre avdelingar ved utarbeiding av sektorovergripande planar. Øvrig saksbehandling som avdelinga har ansvaret for dispensasjonar, delesaker, alle former for byggesaker, oppmåling og utarbeiding av matrikkelbrev for alle nye eigedomar og all utvikling og ajourhald av det kommunale kartverket. Ein stor del av avdelinga er og anleggsprosjekt og kommunalteknisk drift. Brannvern med si beredskap og forebyggjande avdeling er ein del sektoren og siste ansvarsområdet i sektoren er landbrukskontoret som yter landbrukstenester til Herøy, Hareid og Ulstein kommuner. Kulturavdelinga samarbeidar med enkeltpersonar, lag og organisasjonar, offentlige einingar og næringsliv for å bidra til gode kulturopplevingar for innbyggjarar og besøkande. Avdelinga driftar fleire kulturarenaer og samarbeider om arrangement på andre sine arenaer. I tillegg forvaltar avdelinga tilskotsmidlar og bidreg med rådgiving og kompetanse innan kulturfeltet. Kulturavdelinga består av: kulturkontor, barne- og ungdomsarbeid, frivilligsentral, kulturhus, idrettshall, folkebibliotek, konserthus og kino.



Organisasjonskartet for sektor samfunnsutvikling

### 3 UTVIKLINGSMÅL TENESTER

Utviklingsmål for tenester er satt opp i årsplanen for sektor for samfunnsutvikling.

### 4 UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR

Dagens struktur med ny sektor for samfunnsutvikling har naturleg nok medført at ein på nytt må sy organisasjonen saman så effektiv som mulig. Ein har stor tru på at organisasjonen er godt rusta til å møte framtidige utfordringar og ein er opptatt av å prioritere stramt dei ulike tiltaka ein er med på.

Det vil framleis vere utfordrande å løyse alle oppgåver avdelinga har med dei ressursane som ligg i budsjetttramma. Fleire tenester har utfordringar, men avdelinga er offensiv med omsyn til å sjå nye måter å arbeide på og drive mest mogleg ressurseffektivt.

### 5 KONSEKVEN SAR AV VIDAREFØRING AV VERKSEMDA

Viktige og sentrale element i drift av avdelinga er å sjå forbetringar som gir rom for tenesteutvikling for innbyggjarane og ha fleksible rammer slik at tildelte ressursar vert utnytta best mogleg sett i forhold til dei utfordringar ein har til eikvar tid. Innsparingskrav frå kommunestyret fylgjer ein lojalt opp. Samarbeid med andre kommunar er viktig for mange ulike tenesteområder og kan gi positive verknadar i åra framover.

#### 5.1 KONSEKVEN SAR VED OMSTILLING, STANDARDREDUKSJON, NEDLEGGING AV TENESTER

Forventningar og krav frå fleire hald mot tenestetilbod og leveranse utfordrar sektoren. Det vil i tida framover vere heilt naturleg å ha fokus på å omstille, omstrukturere arbeidsområder i samband med naturleg avgang i sektoren. Samarbeid på tvers av kommunegrensene og moglege tenestesamarbeid mellom kommunane, for å få naudsynte effektar med omsyn til økonomi, kvalitet og robuste tenester, må ha fokus.

## 6 FORSLAG TIL ENDRINGAR OG NYE TILTAK

I budsjettforslaget er det teke omsyn til innsparingssaka som vart vedteke tidlegare i K-sak 57/18 den 24.5.2018. Desse innsparingane er lagt inn i budsjettet.

<b>Oppstilling konkrete innsparingsforslag</b>			
<b>Avdeling</b>	<b>Beskrivelse</b>	<b>Sum</b>	<b>Samla sum</b>
<b>Utviklingsavdeling</b>	Kutt Telefonabonnement, 303	10 000 kr	
	Kutt Planinnsyn, lisens, 303	16 000 kr	
	Kutt Fastmerkeregister, 303	5 500 kr	
		31 500 kr	<b>31 500 kr</b>
<b>Anlegg og driftsavdeling</b>	Inntekt Privat brøyting, sjølvkost	60 000 kr	
	Kutt Programvare, lisens	10 000 kr	
		70 000 kr	<b>70 000 kr</b>
<b>Landbruksavdelinga</b>	Kutt stilling	130 000 kr	
	Kutt Porto	10 000 kr	
	Kutt Leasing kopimaskin	10 000 kr	
		150 000 kr	<b>150 000 kr</b>
<b>Kulturavdelinga</b>	Kutt Vedlikehald	30 000 kr	
	Kutt Matrialer til vedlikehald	20 000 kr	
	Kutt Diverse utgifter	30 000 kr	
		80 000 kr	<b>80 000 kr</b>
<b>Brann</b>	Intern overføring frå 5062 til 5061	160 000 kr	
	Inntekt Gebyr unødige alarmer	90 000 kr	
	Inntekt Kursinntekter	10 000 kr	

	Kutt Reduksjon vikar	40 000 kr	
	Kutt Reduksjon brannberedskap, alt 1	270 000 kr*	
		570 000 kr	<b>570 000 kr</b>
			<b>901 500 kr</b>

\*Kan kun rekne halvårsvirkning på denne summen for 2019.

## Særskilde kommentar:

### Brannvern:

#### **Intern overføring frå 5062 til 5061**

Interne overføringar på 310.000 kr (opp 160 000 kr) som skal overførast frå 5062 (feiring) - 338 til 5061 (brann) - 338. Overføringa går til sakshandsaming, oppfølging av feie/tilsynstenesta, kontrollere bekymringsmeldingar og anna brannførebyggjande arbeid i heimar. Dette er ei sjølvkost-teneste som skal gå i balanse - 0. Overføringa er til å dekke opp reelle kostadar som Herøy brann og redning har med tenesta.

#### **Beredskap**

Ein har store utfordringar med å halde tildelte rammer innanfor ansvarsområde brann, beredskap. I Innsparingssaka i 2018 vart det vist til fleire ulike modellar for framtidig organisering. **I handsaminga av saka vart det vedteke å oppretthalde brannstasjon i Myrvåg. Forslaget om å oppretthalde brannstasjonen i si noverande form vart derimot ikkje vedteke (ref kap 9.2 Endringsbehov) .**

Rådmannen vurderer det til at sjølv om ein ynskjer å vidareføre brannstasjonen i Myrvåg må ein sjå på moglege innsparingstiltak innafør ansvarsområdet.

I vedlegg 2 til budsjettkommentaren til sektor Samfunnsutvikling ligg alle alternativa som er vurderte. I vedlegget finn ein meir utfyllande informasjon om bakgrunn for tilrådinga, kva som gjeld for dimensjonering av brannvern herunder lovverk og detaljerte kart over utrykningstid.

Rådmannen legg inn ein reduksjon på brannberedskapen jfr.alternativ 1 frå K-sak 57/18:

## **Alt. 1**

Ta ut alle hjelpemannskap som i dag ikkje går i beredskap for stasjonane Fosnavåg og Myrvåg.

### **Lokal brannordning**

Å ta vekk hjelpemannskap ved Myrvåg bibrannstasjon er i strid med punkt 5.1 i gjeldande og vedteken brannordning (K-sak 34/14) og gjeldande ROS-analyse vedteken i 2013.

### **Nasjonal forskrift**

Ein slik reduksjon i brannberedskapen er ikkje i strid med kapittel 5 i: "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen".

### **Omfang**

Det gjeld i dag 6 brannkonstablar, 4 i Myrvåg og 2 i Fosnavåg. ( 1 i Fosnavåg har permisjon og 1 er i vikariat som befal) Kostnadsreduksjonen er utrekna for 5 brannkonstablar (utan beredskap).

### **Innsparing**

Ein vurderer innsparing på om lag 270 000 kr årleg

Detaljar:

Lønn (godtgjersle mm) – om lag 14 000 kr

Godtgjersle nødnetradio – 25 000 kr

Bilgodtgjersle – 6000 kr

45 000 kr x 6 mannskap =270 000 kr

### **Vurdering:**

Endringa er forsvarleg og ein kan tilrå forslaget.

[Nye driftstiltak](#)

Særskilt:

### **026: Trivselstiltak i krinsane**

Det er lagt inn eit tiltak knytt til trivselstiltak for krinsane. Dette er finansiert ved omprioritering av eksisterande kulturmidlar. Tiltaket er bygd opp etter same «mal» som Ulstein kommune har for sine krinsar. sjå eksempel for retningsliner for tildeling i *vedlegg 3*. Desse retningslinene må sjølvstilt tilpassast Herøy sine behov , men kan danne eit utgangspunkt for vidare diskusjon.

I samband med UNGDATA handsaminga den 22.3.2018 vedtok kommunestyre fleire punkt ein skulle følgje opp i samband med budsjettarbeidet for 2019.

*Kommunestyret ville vurdere muligheita for å få følgjande tiltak inn i budsjettet for 2019:*

- 1. Midlar til tilrettelegging for «SFO»/lekseplass på kulturhuset.*
- 2. Midlar til auke av hall-kapasiteten (er under arbeid).*
- 3. Midlar til tilrettelegging for fleire møteplassar for uorganisert aktivitetar for ungdom.*
- 4. Midlar til etablering av mobbeombud / fokus på tiltak mot mobbing*

Pkt 3 i vedtaket kan ein sjå i samanheng med det nye trivselstiltaket som ein føreslår innført.

### **021: Kommunalt næringsfond**

Signala frå Møre og Romsdal fylkeskommune er at statsbudsjettet er nesten utan virkemiddel til fylkeskommunane så kommunane kan ikkje pårekne å få regionale midlar til sine kommunale næringsfond i 2019.

For budsjettet 2019 må ei derfor gjere eit val om ein skal ha ei kommunalt næringsfond og evt. kva midlar skal nyttast til dette formålet? Kommunen kan ikkje pårekne å få midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

## Generelt:

### Tiltaksrapport

	2019	2020	2021	2022	✓
50 Utviklingsavdelinga	450 000	450 000	450 000	450 000	✓
025: Fosnavåg Nyskapingspark	100 000	100 000	100 000	100 000	✓
021: Kommunalt næringsfond	150 000	150 000	150 000	150 000	✓
026: Trivselstiltak i krinsane	200 000	200 000	200 000	200 000	✓
51 Anleggs- og driftsavdelinga	725 000	575 000	575 000	575 000	✓
031: Grunnkurs for to personar.	150 000	0	0	0	✓
030: Reasfaltering av vegar	500 000	500 000	500 000	500 000	✓
029: Utskifting av brannkle/utstyr	75 000	75 000	75 000	75 000	✓

Kapittel : 50 Utviklingsavdelinga	
Tiltak	025: Fosnavåg Nyskapingspark
Beskrivelse	Drift av Fosnavåg nyskapingspark kostar ca. 100.000,- eks.mva per år. Dette er reine driftsutgifter som kaffi og te, straum, datakommunikasjon, vatn og avløp. Dette er per i dag kostnader som må dekkast over 5011 sitt eige budsjett.

	2019	2020	2021	2022	Totalt
Sted	Ansvar: Utviklingsavdelinga (5011)				
5011.11000.325.0 Kontormateriell	20 000	20 000	20 000	20 000	80 000
5011.11303.325.0 Datakommunikasjon	30 000	30 000	30 000	30 000	120 000
5011.11800.325.0 Straum	30 000	30 000	30 000	30 000	120 000
5011.12600.325.0 Renhold, vaskeri- og vaktmestertjenester	20 000	20 000	20 000	20 000	80 000

5011.14290.325.0	25 000	25 000	25 000	25 000	100 000
Moms generell kompensasjonsordning					
5011.17290.325.0	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000	-100 000
Kompensasjon mva Driftsrekneskapen					
<b>Sum utgifter</b>	<b>125 000</b>	<b>125 000</b>	<b>125 000</b>	<b>125 000</b>	<b>500 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-25 000</b>	<b>-25 000</b>	<b>-25 000</b>	<b>-25 000</b>	<b>-100 000</b>
<b>Sum netto</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>400 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>100 000</b>	<b>400 000</b>

Tiltak	021: Kommunalt næringsfond
Beskrivelse	<p>Kommunalt næringsfond er ei tilskotsordning der ein nyttar både kommunale og regionale midlar for å gje tilskot til næringsverksemder i tråd med retningslinene.</p> <p>Kommunale næringsfond skal brukast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i Møre og Romsdal. Støtte frå næringsfondet skal gå til bedrifter og nyetablerarar som bidrar til vekst ved å skape nye arbeidsplasser. Unge, kvinner og innvandrarar skal prioriterast.</p> <p>Praksis i Herøy kommune er at det har blitt overført kr 500.000,- frå RDA-midlane årleg til det kommunale næringsfondet.</p> <p>I 2018 var første året det ikkje vart overført midlar frå RDA-midlane, men i gjengjeld vedtok Møre og Romsdal fylkeskommune at Herøy kommune skulle få kr. 300.000,- dersom kommunen sjølv bidrog med eigenandel på kr. 150.000,-.</p> <p>Herøy kommune innfridde kravet til eigenandel ved dokumentasjon på at vi hadde minimum kr. 150.000,- frå tidlegare overførte RDA-midlar og fekk overført kr. 300.000,- frå Møre og Romsdal fylkeskommune.</p> <p>Signala vi no har fått frå Møre og Romsdal fylkeskommune er at statsbudsjettet er nesten utan virkemiddel til fylkeskommunane så kommunane kan ikkje pårekne å få</p>



regionale midlar til sine kommunale næringsfond i 2019.

Status for Kommunalt næringsfond per oktober 2018 er at det står ca. kr. 110.000,- som kan fordelast etter søknad. Restsummen er løyvd og vi avventar utbetalingsanmodning frå dei som har fått tilskotet.

For budsjettet 2019 må ei derfor gjere eit val om ein skal ha ei kommunalt næringsfond og evt. kva midlar skal nyttast til dette formålet? Vi kan ikkje pårekne å få midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Kommunalt næringsfond er eit viktig virkemiddel for å særleg gi nystarta verksemdar moglegheit til å komme i gang. Vi ser at det er store kostnadar ved oppstart av ei verksemd og denne tilskotsordninga er godt motteke og er avgjerande for om dei startar eller ikkje.

Ein bør vurdere å nytte midlar frå Havbruksfondet for å finansiere opp tiltaket.

	2019	2020	2021	2022	Totalt
Sted	Ansvar: Utviklingsavdelinga (5011)				
5011.14700.325.0 Overføringer til andre	150 000	150 000	150 000	150 000	600 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>600 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>600 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>150 000</b>	<b>600 000</b>

<b>Tiltak</b>	<b>026: Trivselstiltak i kripsane</b>
Beskrivelse	Ein legg til rette for at krinsar som ikkje er heimehøyrande på Bergsøya kan søkje på trivselstiltak. Målet med tiltak er å auke trivsel og bulyst og det kan søkjast på nye

	tiltak. Det er utarbeidd egne retningslinjer for tildelinga. Finansiering ved omprioritering av kulturmidlar knytt til post disposisjonspost/prosjektmidlar og leikeplasstilskot.
--	---

	2019	2020	2021	2022	Totalt
Sted	Ansvar: Utviklingsavdelinga (5011)				
5011.14700.325.0 Overføringer til andre	200 000	200 000	200 000	200 000	800 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>800 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>800 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>800 000</b>

<b>Kapittel : 51 Anleggs- og driftsavdelinga</b>	
<b>Tiltak</b>	<b>031: Grunnkurs for to personar.</b>
Beskrivelse	To brannmenn i Herøy brann og redning manglar grunnkurs. Dette er obligatorisk utdanning som ein må gjennomføre etter å ha arbeidd 2 år i eige brannvesen. Kostnad pr. grunnkurs er om lag kr. 75.000,- etter kostnad for dei som tok grunnkurs i 2016.

	2019	2020	2021	2022	Totalt
Sted	Ansvar: Brannvern (5061)				
5061.11500.338.0 Kursutgifter	150 000	0	0	0	150 000
5061.14290.338.0 Moms generell kompensasjonsordning	37 500	0	0	0	37 500
5061.17290.338.0	-37 500	0	0	0	-37 500

Kompensasjon mva Driftsrekneskapen					
<b>Sum utgifter</b>	<b>187 500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>187 500</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-37 500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-37 500</b>
<b>Sum netto</b>	<b>150 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>150 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>150 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>150 000</b>

<b>Tiltak</b>	<b>030: Reasfaltering av vegar</b>
Beskrivelse	Stort behov for reasfaltering av kommunale vegar som ikkje kan førast på investering. Ein bør sette av 500 000,- kroner årleg til dette føremålet.

	2019	2020	2021	2022	Totalt
Sted	Ansvar: Vegvedlikehald (5122)				
5122.12301.332.0	500 000	500 000	500 000	500 000	2 000 000
Kjøp av eksterne vedlikehaldstenester					
5122.14290.332.0	125 000	125 000	125 000	125 000	500 000
Moms generell kompensasjonsordning					
5122.17290.332.0	-125 000	-125 000	-125 000	-125 000	-500 000
Kompensasjon mva Driftsrekneskapen					
<b>Sum utgifter</b>	<b>625 000</b>	<b>625 000</b>	<b>625 000</b>	<b>625 000</b>	<b>2 500 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-125 000</b>	<b>-125 000</b>	<b>-125 000</b>	<b>-125 000</b>	<b>-500 000</b>
<b>Sum netto</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>2 000 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>2 000 000</b>

<b>Tiltak</b>	<b>029: Utskifting av brannkle/utstyr</b>
Beskrivelse	Det er behov for ein sum til utskifting av brannkle og røykdykkerutstyr. Ein ny branndress m/innerbekledning koster kr. 15.000,- Sum for utskifting årlig kr. 60.000,-

	2019	2020	2021	2022	Totalt
Sted	Ansvar: Brannvern (5061)				
5061.11201.339.0 Arbeidskle	75 000	75 000	75 000	75 000	300 000
5061.14290.339.0 Moms generell kompensasjonsordning	18 750	18 750	18 750	18 750	75 000
5061.17290.339.0 Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-18 750	-18 750	-18 750	-18 750	-75 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>93 750</b>	<b>93 750</b>	<b>93 750</b>	<b>93 750</b>	<b>375 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>-18 750</b>	<b>-18 750</b>	<b>-18 750</b>	<b>-18 750</b>	<b>-75 000</b>
<b>Sum netto</b>	<b>75 000</b>	<b>75 000</b>	<b>75 000</b>	<b>75 000</b>	<b>300 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>75 000</b>	<b>75 000</b>	<b>75 000</b>	<b>75 000</b>	<b>300 000</b>

## Forslag til driftstiltak som ikkje er lagt inn

### Jekta Anna Olava.

Arbeidsgruppa for Anna Olava har etter oppdrag frå eigarstyret ved kystmuseet gjennomført vedlikehald-, rehabilitering- og sertifiseringsarbeid slik at potensialet til jekta i forhold til kommunens oppdrag om å nytte den til kultur, oppleving og reiseliv igjen kan nyttast fullt ut.

Basert på tal frå 2018 er dei faste årlege kostnadane for drift av jekta rekna til kr. 76 450. Dette omfattar både nødvendig vedlikehald og særskilte kostnader knytt til å oppfylle krava til begrensa passasjersertifikat (sertifisering).

Rehabiliteringskostnadane er dekt med hjelp av RDA-tilskot. I tillegg har jektevenene bidrege med vel sju tusen i inntekter frå sal av billetta og varer, samt at jekta har motteke nokre gåver.

Arbeidsgruppa si vurdering er at det ikkje let seg gjere å setje i verk inntektsgivande arbeid i det omfang som er nødvendig for å dekke dei faste årlege kostnadane. Vi ber difor eigarstyret finne løysingar for å dekke desse kostnadane, då dette er ein føresetnad for vidare drift av jekta.

Det ligg føre ein signert avtale mellom Herøy kommune og eigarstyret for Herøy kystmuseum som regulerer m.a sunnmørsjekta Anna Olava. Førespurnad om gi årlege driftskostnadar er i strid med gjeldande avtale frå 2012 og saka må fram for politisk handsaming. Med visning til avtalen vert driftstiltaket ikkje lagt inn som tiltak.

4. Eigarstyret har ansvaret for vedlikehaldet og drifta av eigedomen Herøy gard, med bygningar, jekta "Anna Olava" og samlingane elles. Eigarstyret skal sjå til at alt vert sikra og forvalta i tråd med god museumsetikk.
5. Eigarstyret skal årleg utarbeide årsplan og driftsbudsjett for kystmuseet og rapportere drifta til kommunestyret gjennom rekneskap og årsrapport.
6. Eigarstyret skal årleg utarbeide årsplan og driftsbudsjett for Sunnmørsjekta "Anna Olava" som skal leggest fram for formannskapet innan 1. oktober kvart år. Driftsbudsjettet skal vere innanfor det sjølvfinansierande prinsipp. Det bør opparbeidast ein økonomisk buffer for drifta. Eigarstyret rapportere drifta til kommunestyret gjennom rekneskap og årsrapport.

Utsnitt frå avtalen er gjengitt ovanfor.

## 7 KOMMENTARAR TIL DRIFT OG INVESTERING

### Særskilde føringar til sektoren frå kommunestyret, 24052018:

- Kommunestyret vedtek innsparingstiltaka slik dei går fram av vedlagde notat frå kommunalsjefane.
- Kommunestyret ber om at Myrvåg brannstasjon vert oppretthalden. **Forslaget om å oppretthalde brannstasjonen i si noverande form vart derimot ikkje vedteke.**
- Kommunestyret ber om at tilbodet om privat brøyting vert oppretthalde. Tenesta skal vere sjølvfinansierande og basert på sjølvkostprinsippet.

### Driftstiltak

Tiltak som er lista opp ovanfor i punkt 6.

### Investeringstiltak i 2019 og økonomiplanperioda

Ubrukte midler frå tidlegare år vert overført til 2019.

### 006: Byutvikling 2019-2022

I samråd med økonomisjef og revisor vert det lagt inn følgjande presisering i budsjettvedtaket .

*Rammefinansiering til byutviklingsprosjektet vert satt av i ordinær budsjettprosess med kommunestyret sitt vedtak i desember kvart år. Formannskapet fungerer som styringsgruppe for Byutviklingsprosjektet og godkjenner oppstart og vedtek ramme for det ein skilde prosjekt som vert igongsatt (innanfor tildelt rammefinansiering). Økonomisk avslutning skal gå til til kommunestyret.*

*Byutvikling 2017-2022 er eit viktig tiltak med omsyn til å tilrettelegge for vekst og utvikling av Herøy kommune. Ei sterk, klar og tydeleg satsing på kommunesenteret vil styrkje heile kommunen samla sett. Fosnavåg er prioritert av fylkeskommunen som tettstad og det nære samspelet med næringslivet bidreg til ei god og samfunnsstenleg utvikling for å sikre eit berekraftig og utviklande lokalsamfunn. Årlege tildelte midlar til prosjektet skal bidra saman med fylkeskommunale og næringslivsmidlar til å styrkje kommunesenteret gjennom ei rekkje prioriterte tiltak.*

Sjå elles vedlegg 1 for detaljar kring prosjektet.

## Endringar frå budsjettprosessen i 2017 :

*NB! På bakgrunn av signal frå formannskapet 06112018 og rådmannen er det gjort nokre justeringar på investeringprosjekt.*

- Tursti Myklebustvatnet og Dragsund bytter plass på lista for realisering
- Gangveg i sentrum lagt inn – NYTT 2019, går inn i byutviklingspakke.
- Myklebuståsen går ut -ENDRING
- Rundavegen, veg og parkering lagt inn – NYTT 2019, endra 2020 til 2021
- Oppgradering veg Vikevegen/Vikeskaret lagt inn NYTT 2019, oppfølging av KSAK 109/18- ENDRING
- Toalettbygg i parken lagt inn NYTT 2019 - ENDRING
- Kryssing Fosnavåg hamn, NYTT 2019 –ENDRING
- FV 18 Leine- Voldsund (G/S veg) NYTT 2019
- Nye Kaier på Mjølstadneset – ENDRING flytta til 2020/21.
- Almenningskaia flytta fram til 2019
- Midlar til trafikktrygging og næringsområde Eggesbønes går ut i 2019

## Særskilde kommentarar (andre prioriterte tiltak):

*Nr 37 – Flishoggar, for å kunne høge og kviste tre langs kommunal veg. Det vil vere langt meir effektivt å ha ein flishoggar for å kunne flise opp greiner på staden. Må sjåast i samanheng med vidareføring av samarbeidet med NAV og prosjektet «UTSIKTEN»*

*Nr 38 – Traktor Havila stadion, Det er behov for å bytte ut eksisterande traktor, som er i dårleg stand og som difor treng jevnleg vedlikehold.*

Ein viser elles til fullstendig investeringsoversikt som ligg på neste side.

## Samla oversikt i økonomiplanperiode, rev.0711028 (eks.mva):

	2019	2020	2021	2022	SUM	Kommentar
Byutvikling* Sjå vedlegg 1	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000	Prioritert frå sektor
Avskjerande grøft Kvalsund			400		400	Endra frå 2019 til 2021
Grøft overvatn Huldalsvegen	300				300	Prioritert frå sektor
Ny kaihøgde ytre Allmenningskai	5 500				5 500	Prioritert frå sektor
Trafikktryggingstiltak		1 500	1 500	1 500	6 000	Prioritert frå sektor
Tursti Myklebustvatnet				1 200	1 200	Endra frå 2020 til 2022
Tursti Djupvikvatnet			3 000		3 000	
Bergsøy Kunstgrasbane nytt dekke		500	2 500		3 000	Endra frå 2019 til 2020
Jektenaust m.m.	2 400				2 400	Prioritert frå sektor
Dragsund bustadfelt	1 000	9 000			10 000	Prioritert frå sektor
Bø/Arhaug bustadfelt	6 500				6 500	Prioritert frå sektor
Stokksund bustadfelt		1 000	14 000		15 000	
Mjølstadneset næringsområde	625				625	
Eggesbønes næringsområde		1 500	1 500	5 000	9 500	Sjølvfinansierande
Eggesbønes næringsområde. Planleggingsmidlar	250					Prioritert frå sektor
Mindre parkeringsplass Frøyestad				1 000	1 000	Endra frå 2020 til 2022
Mindre prosjekt i bustadfelt	750				750	
Bru til Herøy gard	300	3 000			3 300	Prioritert frå sektor
Veg og parkering Rundavegen			600	800	1 400	Endra frå 2020 til 2021
Veg Flusund				5 000	5 000	
Kaier på Mjølstadneset		1 000	20 000		21 000	Endra frå 2020 til 2021
Oppgradering av Grønhaugvegen				1 250	1 250	
Oppgradering av veg Kleppeåsen	700				700	
Oppgradering av veg til Marine Sales				750	750	
Oppgradering av Vikevegen (til Vikeskaret)				5 000	5 000	
Parkeringsplass Fosnavåg Sentrum	2 000				2 000	
<b>Andre investeringar</b>						
Bibliotek, inventar	200				200	
Digitalisering av arkiv Landbrukskontoret	215	215			430	Finansiert med fond
Flishoggar	500				500	
FV 18 Leine-Voldsund		10 000			10 000	
Høgdeberedskap				3 000	3 000	
Kryssing av Fosnavåg hamn	1 500				1 500	Prioritert frå sektor
Lastebil		3 125			3 125	
Ny vaktbil				900	900	
Tilhengar til til kjemikaliedykker, utstyr etc	100				100	
Toalettbygg i parken	1 100				1 100	Prioritert frå sektor
Traktor Havila stadion	500				500	
<b>SUM</b>	<b>27 440</b>	<b>40 840</b>	<b>48 500</b>	<b>30 400</b>	<b>146 930</b>	



## Prosjekt som frå 2018 som skal utførast i 2019

Prosjekt 70029 - Infrastruktur Nørvågen			Prosjektleder Frank Robert /Lene
Omtale:			
Løyving i budsjett 2017		Status/merknadar	
Løyving	kr 10 000 000,00	Gjeld bygging av avlaupsnett i Nørvågen og oppgradering av veg.	
Forbruk	kr 129 025,00	Teikning- og anbudsgrunnlag mottatt, endringar i vegføring for å minke behov for areal av eigedomar med bustadar. Justering av teikningsgrunnlag må påreknast.	
Rest	kr 9 870 975,00	Grunnavtalar i gang, god dialog.	

Prosjekt 51211 - Bru til Vågsholmen			Prosjektleder Frank Robert /Lene
Omtale:			
Løyving i budsjett 2017		Status/merknadar	
Løyving	kr 2 800 000,00	Ny bru til Vågsholmen	
Forbruk	kr 345 225,00	Ferdig prosjektert, teikning- og anbudsgrunnlag forelegg. Dialog om grunnkjøp er oppretta.	
Rest	kr 2 454 775,00		

Prosjekt - 51703 Solparken			Prosjektleder Eldar
Omtale: Anlegging av park på dagens parkeringsplass ved Valaker			
Byutviklingsmidlar		Status/merknadar	
Løyving		Prosjektering ferdig. Sak for formannskapet kjem opp i oktober.	
Forbruk	kr 831 575,40	Forbruk pr. september 2018.	
Rest	kr -831 575,40		

Prosjekt 50170 - Delutbygging av industriområde Eggesbønes			Prosjektleder Eldar
Omtale: Utviding Marine Harvest			
Byutviklingsmidlar		Status/merknadar	
Løyving	kr 10 000 000,00	Klart til anbudsfasen i løpet av september 2018	
Forbruk	kr 35 350,00	Forbruk pr. august 2018.	
Rest	kr 9 964 650,00		

Prosjekt 18004 - Grøft for overvatn Huldalsvegen			Prosjektleder Eldar
Omtale: Grøft for overvatn			
Byutviklingsmidlar		Status/merknadar	
Løyving	kr 350 000,00	Materiell er bestilt. Avventar deltaking i fellesgrøft Tømrer Prosjekt AS	
Forbruk	kr 148 500,00	Forbruk pr. august 2018.	
Rest	kr 201 500,00		

## Prosjekt som skal overførast og som bør ha prioritet

Prosjekt 18002 - Nærøykrysset (trafikktrygging)			Prosjektleder Eldar
Omtale:			
Trafikktryggingssprosjekt		Status/merknadar	
Løyving		Løyving: Trafikktryggingssmidlane. Motteke 50/50 stønad på 750.000 kr. Mogleg ein må søkje om meir stønad.	
Forbruk	kr 278 163,00	Avklaringfase: prosjekteringa er i avslutningsfasa.	
Rest	kr -278 163,00	Forbruk per august 2018.	

Prosjekt - Leine hamn heving av veg			Prosjektleder - ikkje tildelt
Omtale:			
Løyving i budsjett 2017		Status/merknadar	
Løyving	kr 500 000,00	Ikkje oppstarta, avventar kapasitet/prioritering	
Forbruk			
Rest	kr 500 000,00		

## 8 Bunde fond

Sektor for samfunnsutvikling har desse bunde fonda:

NUMMER	TITTEL	KOMMENTAR	PLANLAGT BRUKT
25100474	Viltfondet	Fondet er heimla i forskrift om viltfond.  Inntekter og utgifter til fondet er styrt av forskrifta.	
25101630	Kloakk – Bunde Driftsfond	Sjølvkostfond	Må brukast til å balansere drifta av kommunalt avlaupssystem.
25101635	Bunde Fond Slamavskillarar	Sjølvkostfond	Må brukast til å balansere drifta av private avlaupsanlegg.
25101640	Renovasjon – Bunde Driftsfond	Ubrukte midddlar	Innkjøp av utstyr/materiell til renovasjonsløysingar som skal plasserast rundt i kommunen.
25101648	Tiltakspakken	Bruk av restmidlar 2017 50% på Eigedom og 50% på Anlegg og drift	AD har brukt opp desse midlane som for vår del var avsett til asfalt.
25101645	Bunde fond brukerbetaling. Feiing	Fondet er heimla i: «Forskrift om brannforebygging.»  Inntekt og utgift skal gå i balanse over ein tidsperiode.  Det er opp til kommunen å bestemme om ein skal ha diffrensiert eller fast (lik) avgift	Fondet vert brukt til: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kostnad med kjøp av feie/tilsynstjenester frå Ulstein kommune/brannvesen.</li> <li>• Kostnad – internoverføring for egne administrasjonskostnader på førebyggjande avdeling – brannførebyggjande arbeid.</li> </ul> Inntektene skal <b>berre</b> gå til å dekke kostnaden med tenesten over ein tidsperiode.
25100000	Bibliotek, nynorske lesefrø		Oppbrukt 2018

<b>25100409</b>	Den kulturelle spaserstokken	Tilskot frå fylket. Årleg rapportering på bruk. Alt. tilbakeføring.	Tilskot frå fylket. Årleg rapportering på bruk. Alt. tilbakeføring.
<b>25100410</b>	Kulturminne(bunde)	Tilskot frå Riksantikvaren. Arbeid utsett i år grunna sjukefråvær. Årleg rapportering på bruk. Alt. tilbakeføring.	Planlagt brukt i 2019
<b>25100411</b>	Frivilligplan (bunde)	Restmidlar frå forrige planarbeid.	Nyttast i rullering av plan
<b>25100419</b>	Mat og prat frivilligsentralen	Restmidlar frå aktivitet som tidvis er i drift. Samarbeid med voksenopplæringa i år.	Nyttast i 2019
<b>25100422</b>	Gåve frivilligsentralen		Vert nytta i 2019
<b>25100424</b>	RDA midlar, PU-dansegalla		Ligg føre avtale om nytting av midlane. Alt. tilbakeføring
<b>25100439</b>	Næringsfondet		
<b>25100475</b>	Hjorteviltutvalet(bunde)		
<b>25100521</b>	Natursti fri.omr.Herøy	Usikkert opphav	Planlagt brukt i 2019
<b>25100522</b>	Ti på topp		Løpande
<b>25100523</b>	Tilskot natursti Runde		Planlagt brukt i 2019
<b>25100550</b>	Havbruksfondet		
<b>25101002</b>	Likestillingsanalyse Herøy		
<b>25199261</b>	Kultursekken (bunde)	Tilskot frå fylket. Årleg rapportering på bruk. Alt. tilbakeføring	Tilskot frå fylket. Årleg rapportering på bruk. Alt. tilbakeføring
<b>25200553</b>	Ei gang ei ishavsbygd		Planlagt brukt i 2019

## 9 Særlege utfordringar i 2019

Ny omorganisering, nye strukturar eksternt og internt har i 2018 naturleg nok medført ein del ekstra arbeid for sektoren. Sektoren er framoverlent slik at overgangar skjer på ein smidig og så effektiv måte som mulig. For 2019 er det på nytt varsla endringar i sektoren som vil få betydning (mogleg samarbeid med andre kommuner). Målsetjing i omstillingsprosessar er at dette skjer gjennom ein open og transparent dialog der tilsette tek del i prosessen gjennom aktiv medverking står fast.



# Byutvikling 2019-2023

FOSNAVÅGPAKKEN

SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING



## INNHold


Bakgrunn .....	2
Fosnavågpakken 2019-2023.....	6
Fosnavågpakken 2019.....	7
Fosnavågpakken 2020.....	8
Fosnavågpakken 2021.....	9
Fosnavågpakken 2022.....	10
Fosnavågpakken 2023.....	11



## BAKGRUNN

Herøy kommune har i sitt overordna planarbeid med "Kommuneplan for Herøy 2013-2025 Samfunnsdel" nedfelt visjonar på korleis Fosnavåg og kommunen skal utviklast. Visjonane er utarbeidd med bakgrunn i prosessar om utvikling av kommunesenteret over fleire tiår. Stadanalyse frå 2007/08 har vore eit viktig dokument å sjå til saman med Pedersen planen frå 1963.

Ein løftar no blikket framover og legg opp til ei sentrumssatsing for kommunesenteret over ei lengre periode. Kommune og fylkeskommune har eit godt samarbeid om denne satsinga og kan vise til fleire samarbeidsprosjekt som har løfta kommunesenteret tidlegare. Ein byggjer vidare på dette gode samarbeidet og rettar blikket no opp og framover i tråd med målsetjingar som ein i felleskap har kome fram til.



I "Parallelløppdrag om Bærekraftig Byutvikling i Fosnavåg" har ein gått vidare og definert målsetjingar for Fosnavåg. Målsetjingane med prosjektet har vore å legge grunnlaget for at Fosnavåg.

- Vere ein attraktiv og bærekraftig stad med urbane kvalitetar
- Vere ein blågrønn stad med maritimt preg som tek vare på bymiljø
- Ha bærekraftige og innovative løysingar mot transport, val av materiale og energibruk
- Ha sosiale møteplasser, bumiljø og arkitektoniske kvalitetar av høg klasse
- Ha ein kvardag utan bil ved korte reiser
- Ha eit folkerikt sentrum tilrettelagt for alle
- Utvikle kvalitetane med nærleik til sjø
- Ta omsyn til lokale klimatiske tilhøve




Evalueringskomitè i parallelloppdraget gav råd til kommunen og Fosnavåg:

- Lage ein klar visjon
- Sette tydelege klima- og miljømål
- Dyrke vågen som byens hjerte og sterkaste identitet
- Gi næringslivet ein tydeleg plass i byen
- Utnytte dei naturgevrne kvalitetane i lokalisering av bustadar og utvikling av bukvalitet
- Vere klar over at utfylling ikkje løyser Fosnavåg sine utfordringar
- Velge ut nokre viktige byrom og gi dei prioritet
- Samle og organisere parkeringa
- Binde saman sentrum og dei kringliggande områda
- Gi prioritet til gåande og syklande
- Bevare dei gamle naust og sjøbuder

Komiteen peikar på nokre viktige forutsetningar for å lykkast framover med prosjektet:

- Ha klare overordna mål og vere tru mot desse.
- Utarbeidd gode strategiar
- Ha vilje til å prioritere Fosnavåg
- Få igong pilotprosjekter
- Utvikle Vågsplassen
- Arbeid vidare med kryssing til Vågsholmen
- Etabler tiltak på kort sikt.
- Forankre tiltak gjennom god områdeplanlegging








Sluttrapporten vart handsama i formannskapet juli 2015 der ein vart samde om arbeide vidare med prosjekt knytt til område:

- Vågsplassen (byrom)
- Byromstrategi
- Parkering
- Mobilitet
- Tiltak som kan etablerast på kort sikt.



De fire viktigste byrommene i et fremtidig sentrum

Ein var samde om at aktuelle tiltak skulle leggest fram i samband med budsjett og økonomiplanarbeidet og kommunen har sidan 2016 følgt opp med årlege løyvingar til byutvikling.

I november 2015 vart formannskapet valgt som styringsgruppe for Byutviklingsprosjektet Fosnavåg by. Rammefinansiering til byutviklingsprosjektet vert satt av i ordinær budsjettprosess med kommunestyret sitt vedtak i desember kvart år. Formannskapet fungerer som styringsgruppe for Byutviklingsprosjektet og godkjenner oppstart og vedtek ramme for det ein skilde prosjekt som vert igongsatt (innanfor tildelt rammefinansiering). Økonomisk avslutning skal gå til til kommunestyret



I april 2016 vart firmaet Ghilardi+Hellsten arkitekter AS vert engasjert for det vidare arbeidet med byutvikling Fosnavåg.

Ghilardi+Hellsten arkitekter AS fekk i oppdrag september 2016 med å lage ein visjon for Fosnavåg og tankar kring dette vart presentert i oktober 2016 for styringsgruppa saman med dei første ideane om «Solplassen» framfor rådhuset.

**SENTRUMSVISJON**  
BÆREKRAFTIG SENTRUMSUTVIKLING FOSNAVÅG

I april 2017 vart visjonsdokumentet presentert og tatt til vitande av styringsgruppa for vidare arbeid.



karres+brands | GHILARDI+HELLSTEN ARKITEKTER | Håkon Herøy PND AS

I august 2017 vedtok Herøy formannskap å etablere ein klatrepark i parken i Fosnavåg. Tiltaket var i tråd med dei ynskja ein har hatt for å utvikle parken som sosial møtestad og ein stad for rekreasjon og leik/aktivitet.

Eit aktivt arbeid frå kommune og velforening i Fosnavåg bidrog til at prosjektet i parken utvikla seg i form og fasong og ein har delt prosjektet i 3 delar.



Del 1: Komplet klatrepark (ferdigstilling september 2018)




Del 2: Tilleggselement, benkar, leikeapparat mm (ferdigstilling hausten 2018)

Del 3: Gangsti med belysning frå parken og framtidig parkeringsplass og opp til Jordmor Helgas veg. Akebakke og utviding og tilrettelegging av gapahuk. (ferdigstilling våren 2019)

Finansiering ved gåver og fullfinansiering gjennom avsatte byutviklingsmidlar kom på plass i juli 2018. .

Parallelt med dette har ein arbeid med å realisere Solplassen ved rådhuset. Parkeringsareal vart omregulert til fordel for park og prosjektering og utvikling vart ferdigstilt september 2018.



Bilde er frå då parkeringsplassen midlertidig vart stengt til fordel for park Illustrasjonen viser anbodsteikning for ny park.

I august starta og arbeidet med tilrettelegge «pocketparken» ved hotellet. Dette er eit midlertidig tiltak, men skapar eit lite nytt byrom nær hotellet i sentrum.

Vidare har det vore arbeid med eit gatekunstprosjekt (privat regi) i sentrum av Fosnavåg og etablering av Heid tursti med gapahuk mm.

Starten med utbetring av Skarabakken med fullverdige gang og sykkelveg på begge sider av fylkesvegen er eit viktig element for knytte saman Fosnavåg med Idrettsområdet. Dette gir ein trygg skuleveg og er ei klar forbetring for dei mjuke trafikantane. Saman med sti i enden av Pettervågen til forsamlingshuset Høgtun, ny planlagd sti frå parken mot Jordmor Helgas veg vil innbyggjarane få nye gode gang- og sykkelalternativ i sentrum.







## FOSNAVÅGPAKKEN 2019-2023

Med bakgrunn i gjennomførte prosessar vert det etablert ein tiltaksplan for byutvikling i kommunesenteret Fosnavåg. Tiltaka skal forankrast i tidlegare målsetjingar i byutvikling og skal underbygge visjonen knytt til :

1 FORTETTING OG AREALBRUK – vidareutvikling mot kompakt og fleirfunksjonelt sentrum der folk kan bu, arbeide og besøkje.

2 OFFENTLIGE ROM OG MØTEPLASSER – vidareutvikling av offentlege rom og gater som står fram som estetiske og funksjonelle.

3 MOBILITET OG TRANSPORT – enklare å ta seg fram med miljø i fokus.

Parallelloppdraget som har vorte gjennomført gav mange gode råd på korleis ein kan utvikle Fosnavåg for framtida. Samspel og innbyggjarinvolvering står sentralt for å lukkast og vert løfta fram som viktig element for å lukkast. Over tid har kommunane sitt fokus mot innbyggjarane endra seg og eitt av suksesskriteria som vert løfta fram i dag er at eit attraktiv og innovativ lokalssamfunn utnyttar ressusterke og aktive innbyggjarar slik at felles ressursar vert utnytta på best mogleg måte. —

**– Det er viktig å gi innbyggerne mulighet til å bli hørt i små og store saker i kommunen sin. Kommunene må derfor legge til rette for det. Nå presenterer vi ulike digitale verktøy, som kommunene kan ta i bruk for å involvere innbyggerne, sier kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland.**

Fosnavågpakken skal løfte fram tiltak for periode 2019-2023 som vert vurdert som viktige for vekst og utvikling. Eitt av tiltaka må vere satse på ein ny dialogplattform med innbyggjarane. Kommunen er aktiv med å søkje ulike prosjekt- og støtteordningar.



Eksempel -Citizens Foundation (<https://www.citizens.is/>).





## FOSNAVÅGPAKKEN 2019

Solparken, utbygging (går av rammefinansiering)

Kryssing Fosnavåg hamn med bru (prosjektfinansiering, andel 2019)

Almenningskaia (prosjektfinansiering, andel 2019)


Gangveg sentrum (går av rammefinansiering)

Parkeringsplass i parken (prosjektfinansiering, 2019)

Toalett, dusj og tømestasjon i parken (prosjektfinansiering 2019)

WIFI nett sentrum (går av rammefinansiering)


Dialogplattform mot innbyggjarar (drift)



Anbodskisse Solparken



Planlagt toalettbygning med dusj og tømestasjon



Eksempel bru





## FOSNAVÅGPAKKEN 2020


Offentlege rom kring «landingspunkt» for ny bru (går av rammefinansiering )

Etablering av nytt utsiktspunkt jfr plan frå Pedersen 1963 (går av rammefinansiering)

Vidareføring av LYS Fosnavåg, Nørvåg og Ura (går av rammefinansiering)

Parkeringsstrategi (går av rammefinansiering)

Eksempel:



De fire viktigste byrommene i et fremtidig sentrum



Eksempel Rauma kommune



## FOSNAVÅGPAKKEN 2021

Baldakiner og oppgradering bygolv (går av rammefinansiering)



Mindre «byroms» etableringar i sentrum (går av rammefinansiering)

Vidareføring av LYS Fosnavåg, sentrumsprosjekt (går av rammefinansiering)

Offentlege rom og sti Vågsholmen (går av rammefinansiering)

Samarbeidsprosjekt med KORO (går av rammefinansiering)

Eksempler:





## FOSNAVÅGPAKKEN 2022

Videreføring av LYS Fosnavåg, sentrumsprosjekt (går av rammefinansiering)

Miljøgatevurdering og forbetre trafikk inn/ut frå Fosnavåg

Grøn belte strategi (går av rammefinansiering)

Promenade , shared space og sykkelstrategi (går av rammefinansiering)







## FOSNAVÅGPAKKEN 2023

Vidareføring av LYS Fosnavåg, sentrumsprosjekt (går av rammefinansiering)

Etablering av kyststi (går av rammefinansiering)

Utvikling av Kleivavika, grøntområde for «byen». (går av rammefinansiering)

Strategi landskap, opplevelsar, nettverk av stier og utsiktspunkt, fokus på UU med (går av rammefinansiering)

Eksempler:





## **Vedlegg 2- Sektor for samfunnsutvikling, budsjettkommentar**

### **Herøy brann og redning**

Denne dokumentasjonen var og lagt fram for kommunestyret den 24.5.2018.

### **Brannberedskapen**

Inkluderer brannberedskap og hjelpemannskap

#### **Alt. 1**

Ta ut alle hjelpemannskap som i dag ikkje går i beredskap for stasjonane Fosnavåg og Myrvåg.

### **Lokal brannordning**

Å ta vekk hjelpemannskap ved Myrvåg bibrannstasjon er i strid med punkt 5.1 i gjeldande og vedteken brannordning (K-sak 34/14) og gjeldande ROS-analyse vedteken i 2013.

### **Nasjonal forskrift**

Ein slik reduksjon i brannberedskapen er ikkje i strid med kapittel 5 i: "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen".

### **Omfang**

Det gjeld i dag 6 brannkonstablar, 4 i Myrvåg og 2 i Fosnavåg. ( 1 i Fosnavåg har permisjon og 1 er i vikariat som befal) Kostnadsreduksjonen er utrekna for 5 brannkonstablar (utan beredskap).

### **Innsparing**

Ein vurderer innsparing på om lag 270 000 kr årleg

Detaljar:

Lønn (godtgjersle mm) – om lag 14 000 kr

Godtgjersle nødnetradio – 25 000 kr

Bilgodtgjersle – 6000 kr

45 000 kr x 6 mannskap =270 000 kr

### **Vurdering:**

Endringa er forsvarleg og ein kan tilrå forslaget.

## **Alt. 2**

Brannberedskap - Nedlegging av Myrvåg stasjon og alle hjelpemannskap som i dag ikkje går i beredskap ved Fosnavåg stasjon

### **Lokal brannordning**

Å ta vekk hjelpemannskap ved Myrvåg bibrannstasjon er i strid med punkt 5.1 i gjeldande og vedteken brannordning (K-sak 34/14) og gjeldande ROS-analyse vedteken i 2013.

### **Nasjonal forskrift**

Ein slik reduksjon i brannberedskapen er ikkje i strid med kapittel 5 i: "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen".

### **Omfang**

Dette gjeld sjåførar og mannskap ved Myrvåg stasjon. Det er utrekna frå 4 sjåførar i 4-delt vakt og med 50 timar utrykning pr/år og 4 brannkonstablar. I tillegg kjem hjelpemannskap ved Fosnavåg stasjon

### **Innsparing**

Ein vurderer innsparing på om lag 811 000kr årleg

Detaljar:

Fastlønn (40 timer øvingar) – 8 200kr

Beredskapstillegg (vaktgodtgjersle)- 78 500 kr

Godtgjersle nødnetradio – 25 000 kr

Bilgodtgjersle – 6000 kr

50 timar utrykningar (estimat) – 17 500kr

Sjåførar : 135 200 kr x 4 mannskap = 540 800 kr

Mannskap : 45 000 kr x 6 mannskap = 270 000 kr

Samla innsparing : 810 800 kr

### **Vurdering:**

Endringa er forsvarleg og ein kan tilrå forslaget.

### **Alt. 3**

Brannberedskap - Beholde Myrvåg stasjon, utan fast vaktberedskap. Myrvåg stasjon vert opprettholdt som depot/reservestyrke utan radioutkalling og beredskapsvaktordning. Hjelpemannskap ved begge stasjonane går ut.

#### **Lokal brannordning**

Å ta vekk hjelpemannskap ved Myrvåg bibrannstasjon er i strid med punkt 5.1 i gjeldande og vedteken brannordning (K-sak 34/14) og gjeldande ROS-analyse vedteken i 2013.

#### **Nasjonal forskrift**

Ein slik reduksjon i brannberedskapen er ikkje i strid med kapittel 5 i: "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen".

#### **Omfang**

Forslaget inneber at ein har tankbilen stasjonert i Myrvåg og at det vert etablert branndepot m/sjåførar og utkalling via UMS-varsling.

Sjåførar vil ikkje gå i beredskap som kan bety at der ikkje er tilgjengeleg sjåfør ved alarm/utkalling. Ein legg til grunn ein antatt kostnad på 50 timar utrykking pr/år på 4 sjåførar. Det vil ikkje vere same behov for sjåførane med omsyn til øvingar. Ein viser då til "Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen seier i § 7-1:

Kommunen skal sørge for at personell i brannvesenet tilfredsstillar de krav til kvalifikasjonar som denne forskrift stiller. Det skal gjennomføres praktiske og teoretiske øvelser med slik hyppighet, omfang og innhold at personellet kompetanse blir vedlikeholdt og utviklet slik at den er tilstrekkelig til at brannvesenet kan løse de oppgaver det kan forventes å bli stil overfor."

Hjelpemannskap ved begge stasjonane går ut.

#### **Innsparing**

Ein vurderer innsparing på om lag 741 000 kr årleg

Samla innsparing alt 2 :	811 000 kr
Fråtrekk for kostnadar, alt 3:	70 000 kr

Detaljar, kostnad alt. 3:  
50 timar utrykningar (estimat) – 17 500kr

Sum 17 500 kr x 4 mannskap = 70 000 kr

#### **Vurdering:**

Endringa er forsvarleg og ein kan tilrå forslaget.

## **Oppsummering:**

I F-sak 16/17 den 24.01.2017 vart det gjort følgjande vedtak som vedkjem brannberedskapen i Herøy kommune.

Sitat:

***Administrasjonen får i oppdrag å legge fram eiga politisk sak med forslag til revidert brannordning og ROS-analyse innan 01.07.2017. Saka skal også omfatte økonomiske konsekvensar m.m.***

Det har ikkje vore mogleg å få til ein prosess der ein kunne ha levert reviderte dokumenter for å følgje opp formannskapet sitt vedtak. Det har vore krevande å verte samde om alt frå definisjonar til konkrete løysingar for kva vegvalg ein bør legge til grunn.

Representantar for mannskap legg til grunn at det ikkje skal gjerast endringar i beredskapen, men har signalisert at hjelpemannskap kan vere mogleg å ta bort. Brannsjefen på si side legg til grunn at vi ikkje får vesentleg svekka beredskap då med visning visning til det nye naudnettet og dei gjensidige avtalar med nabokommunane. I tillegg må det påpeikast at beredskap til vassforsyning i området (Myrvåg og Leikong) er vesentleg forbetra og at sjukeheimen i Myrvåg har kompensierende tiltak. Dette gjeld og kyrkjene på Leikong og i Stokksund.

## **Interkommunalt samarbeid**

Herøy kommune vil inngå ein avtale som gjeld frå 01.01.2019 med Vanylven kommune med omsyn til drift av brannvernet i dei to kommunane. Samarbeidet har ei prøveperiode på to år og skal evaluerast.

Herøy kommune har teke initiativ til eit utgreiingsarbeid om det er mogleg å få til eit 7K samarbeid innanfor brannvernet. Det vil før 31.12.2018 vere utarbeidd ei sak frå administrasjonen om saka som vert fremja for kommunestyre i respektive kommunar snarast råd. Ambisjonen er at utgreiingsarbeidet skal vere ferdigstilt sommaren 2019.

## **Dimensjonering av brannberedskapen.**

Dimensjonering av brann og redningsteneste i Herøy kommune er i hovudsak relatert til tettstaden Fosnavåg (3000 innbyggjarar) og sjukeheimen i ytre på Eggesbønes (ikkje gjort kompensierende tiltak). For sjukeheimen i Myrvåg er det gjennomført kompensierende tiltak med sprinkling.

Krav til utrykningstid vil då for beredskapen vere relatert til Fosnavåg sentrum og sjukeheimen i ytre. Utrykningstida skal vere 10 minutt til begge lokasjonane inklusive forspenningstid (mannskap har 4 min forspenningstid på dag og 6 minutt på natt).

Den normale utrykningstida til tettstadar elles i kommunen er 20 minutt.

Ein viser til § 4-8 i dimensjoneringsforskriften, 3. ledd:

*Innsatstid i tettsteder for øvrig skal ikkje overstige 20 minutter. Innsats utenfor tettsteder fordeles mellom styrkene i regionen, slik at fullstendig dekning sikres. Innstatstiden i slike tilfeller bør ikke overstige 30 minutter.*

Viser og til § 5-2 i dimensjoneringsforskriften der støttestyrke er omtalt som :

- Fører for tankbil
- Fører for snorkel/stigebil

§ 5-5 i dimensjoneringsforskriften:

*Der kommunen har stige/snorkelbil som påbudt rømningsvei etter bygningslovgivningen skal vognfører ha samme beredskap som vaktlag ellers.*


Kommentar: Dette er uaktuelt for oss på noverande tidspunkt

*I boligstrøk o.l der kommunen har vedtatt at tankbil bil kan erstatte annen tilrettelagt slokkevannforsyning, j.f. § 5-4 i forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn – Uaktuelt for oss.*

Kommentar: Vi har ikkje slike vedtak.

## Kart – som viser utrykningstid

Områder innen 4, 10, 20 og 30 minutters kjøretid fra Herøy brannstasjon





## Krav til beredskap etter lovverket for Herøy kommune

Herøy kommune sin beredskap med omsyn til dimensjonering av brannvernet skal vere i henhold til kapittel 5 i [Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen](#)

Sitat:

*I tettsteder med 3.000 – 8.000 innbyggere skal beredskapen være organisert i lag bestående av deltidspersonell med dreierende vakt.*

*Et vaktlag skal minst bestå av:*

- 1 utrykningsleder
- 3 brannkonstabler/røykdykkere.

*I kommuner eller brannvernregioner med tettsteder med mer enn 2.000 innbyggere skal det være dreierende overordnet vakt.*

Dette betyr at Herøy kommune vil vere innanfor lova med ei organisering med 4 vaktlag x 4 personar og ei overordna vakt med 4 personar. Dette gir totalt 20 personar i vaktberedskap.

Dersom der er ekstra moment som tilseier at det ikkje er forsvarleg med minimumsberedskap skal kommunen dimensjonere etter ROS-analyse. Lokal brannordning skal då byggast på den risiko og sårbarhet som finst i kommunen.

Hovudelementa i forskrifta som ligg til grunn for organisering og dimensjonering av brannvernet, er dei same i dag som i 2014. Det er såleis ikkje store prinsipielle skilnader mellom dagens brannordning og forslaget til revidert brannordning som har vore drøfta med representantar for mannskap og brannsjefen. Den store skilnaden går på flytting av tankbil frå Myrvåg stasjon til Fosnavåg stasjon.

Sidan 2014 har nasjonalt naudnett vorte innført og det har vorte gjort vesentlege forbetringar i vassforsyninga både i indre og ytre Herøy. M.a. er leidningsnett til Herøy Vasslag SA og Stemmedal Vasslag SA bygt saman slik at det ved evt. leidningsbrot og andre hendingar kan leverast vatn begge vegar.

Tankbilen som i dag er plassert ved Myrvåg stasjon har som funksjon å levere vatn til hovudbrannbil ved brann og andre hendingar der det er behov for større vassmengder. Det er berre ein sjåfør i dreierende vakt som er i beredskap på tankbilen så det kan ikkje til ei kvar tid påreknast at andre mannskap rykker ut ved alarm.

I det reviderte forslaget til brannordning har ein føreslått at tankbil ved brannstasjonen i Myrvåg vert flytta til Fosnavåg stasjon utan særskild tankbilberedskap. Flytting av tankbil vil vere avhengig av at det er etablert garasje for tankbil ved Fosnavåg stasjon.



## **Felles bistand over kommunegrensar**

Herøy har felles avtalar om bistand med kommunane Ulstein og Sande. Det er vidare viktig å presisere at etter gjeldande lovverk er dette regulert ved at i § 15 i brann og eksplosjonsvernlova.

Det er lagt til grunn at: *Kommunene skal samarbeide om lokale og regionale løsnings- og forebyggjende og beredskapsmessige oppgaver med sikte på best mulig utnyttelse av samlede ressurser.*

Ulstein kommune er ein naturleg samarbeidspartnar med omsyn til beredskap i delar av indre områder av kommunen, herunder Myrvåg og Leikong. I andre deler vil Sande kommune ha eit ansvar å rykke ut.

Det viktig å vere klar over at utrykning av mannskap og felles ressursar mellom kommunane vert styrt av felles 110-sentral som er lokalisert i Ålesund. Dette gjeld utrykningar til stadfesta bygningsbrannar.

Naudnett vart innført i Møre og Romsdal i april 2015. Overgang til naudnett har medført ein ny kvardag med omsyn til kommunikasjon i naudsituasjonar. Med god samtaleoverføring og nye rutinar for alarmering der alle naudetatane kan snakke saman på same samband har medført vesentleg betre beredskap og samarbeid i naudsituasjonar.

**Ny utalarmeringsrutinar har medført at ein raskast mogleg får fram naudsynte ressursar der dei trengst uavhengig av kommunegrensar.**

M.a. er det alltid nærmast eining/brannvern som vil verte utalarmert og rykke ut ved alvorlige hendingar uavhengig av kommunegrensar. For Herøy kommune vil det sei at det til dømes ved brann/alvorleg hending i Myrvåg og Leikong vil Ulstein brannvern bli utalarmert samstundes med Herøy brannvern. Ein har alt hatt fleire hendingar der Ulstein har vorte alarmert og har rykt ut til Myrvåg-/Leikong-området.


## Konklusjon:

Med bakgrunn i gjeldande krav til beredskap i dimensjoneringsforskrifta, innføring av naudnett frå 2015, betra vassforsyning vurderer ein at det er grunnlag for å endre gjeldande brannordning og beredskapen i Herøy kommune. Dette inneber at ein kan redusere beredskapsstyrken og at ein kan klare seg med ein brannstasjon i Fosnavåg. Årleg innsparingspotensiale er rimeleg stort.

## Kostr:

Brann omfattar funksjonane 338 førebygging (inkl feiing) og 339 beredskap. Herøy brukte mykje pengar på brannvesenet i 2016. Netto utgifter var 4 millioner kroner høgare enn snittet i kommunegruppe 8 og høgast mellom samanlikningskommunane Skaun brukte 7 millioner kroner mindre på brannvesenet i fjor enn Herøy.

## Prioritet - Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner



	2013	2014	2015	2016
Herøy (M. og R.)	952	1 047	997	1 148
Ulstein	724	679	678	729
Hareid	748	751	802	898
Volda	842	775	916	1 009
Skaun	418	410	445	414
Kostragruppe 08	650	670	676	712

\*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).

Herøy brukte 1148 kroner per innbygger på brann i 2016. Det er 400 kroner meir enn snittet i kommunegruppe 8. Brannutgiftene har vært stabile siden 2013.

Funksjon 339 har gått med underskot over fleire år.

2012	-1 485 384
2013	-1 394 964
2014	-475 000
2015	-29 000
2016	-506 520
2017	-904 592

Herøy brannvern har vore inne i ei positiv utvikling dei seinare år og dagens status må seiast å vere tilfredsstillande. På mannskapssida har ein eit godt utdanna korps og på utstyrssida er det gjort nyinvesteringar i både brannbil og tankbil.

Dersom ein vel å oppretthalde beredskap ved Myrvåg stasjon må ein investere i oppgradering slik at den tilfredsstillar krava i Arbeidsmiljølova. Ved Fosnavåg stasjon er det også behov for nye og større lokalitetar for å tilfredsstillar gjeldande krav og det det pågår vurderingar med sikte på å få plass oppgradering/tilbygg til eksisterande stasjon eller nybygg. Det vil her vere snakk om vesentlege investeringar.

Brannvern er ein rimeleg stor utgiftspost på dei kommunale budsjetta både når det gjeld investering og ikkje minst drift. Samstundes er det vel heller ingen tvil om at kostnadane, både menneskeleg og materielt, kan verte vesentleg større dersom ein ikkje har eit oppegående og slagkraftig brannvern.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling legg fram 3 ulike alternativ på innsparing på beredskapen for vurdering.

# «Trivselstiltak i krinsane»

## Retningslinjer for tildeling

### 1) Kven kan søkje?

Organisasjonar heimehøyrande i krinsane i Ulstein kommune, med unntak av sentrumskrinsen. Med krins meiner ein i denne ordninga skulekrins.

Døme: Idrettslag, grendalag og andre lag som arbeider for auka trivsel og bulyst i krinsen

### 2) Kva tiltak kan vi søkje på?

**Målet** med tiltaka skal vere auka trivsel og bulyst i krinsen.

Det kan søkjast på **nye** fysiske tiltak og investeringar.

Døme: Nærmiljøanlegg, turløyper, leikeplass m.m.

Det kan også søkjast på **nye** tiltak og arrangement som ein ønskjer å gjennomføre.

Døme: Bygdekveldar, teatergruppe, lokale konsertar m.m.

### 3) Kor mykje midlar er til rådvelde?

Levekårutvalet i Ulstein disponerer årleg 200.000 kr til føremålet.

### 4) Samfinansiering:

Det er ein føresetnad for å få tildelt midlar, at andre enn Ulstein kommune bidreg økonomisk til gjennomføring av tiltaket. Ulstein kommune sin del gjennom ordninga for trivselstiltak i krinsane, kan ikkje overstige 50 % av tiltaket sin totalkostnad.

Dugnad kan være ein del av finansieringa av eit prosjekt. Ein dugnadstime for ein person kan reknast til 200 kr. Dugnadstimar må dokumenterast med timeliste.

### 5) Søknadsfrist?

Søknadar om tilskot må vere Ulstein kommune v/ kulturkontoret i hende innan 15.juni.

Søknadane vert handsama i Levekårutvalet i Ulstein i innan utgangen av september for 2107.

Frå 2018 og vidare er søknadsfrist 1. mars og tildeling seinast i løpet av mai. Eventuelle unyttta midlar kan tildelast på hausten med søknadsfrist 1. september og fordeling i løpet av oktober.

### 6) Tildeling av midlar:

Levekårsutvalet tildelar midlar frå årets ramme.

Eventuelle unyttta midlar eitt år kan førast over til neste år.

Prosjekt skal vurderast ut frå kva positive ringverknadar eit prosjekt kan få og kva målgruppe prosjektet har. Prosjekt med positiv ringverknad for ei større gruppe skal prioriterast fram føre ei mindre gruppe.

Levekårsutvalet skal, så langt råd, prøve å ivareta alle krinsane gjennom tildeling av midlar.

**7) Utbetaling av midlar:**

Det er høve til å få utbetalt inntil 60 % av det kommunale tilskotet under gjennomføring av prosjektet. Dei resterande 40 % vert utbetalt ved slutføring av prosjektet mot framlagd rekneskap og sluttrapport frå søkar når prosjektet er ferdigstilt.

Som ein del av sluttrapporten sal det være eit kort samandrag som omtaler prosjektet, bilde og namn på kontaktperson. Samandraget skal være utforma slik at det kan presentere prosjektet på kommune sine heimesider.

**8) Evaluering**

Ordninga og retningslinjene skal evaluerast etter to år, før tildeling for 2019.

Ulsteinvik, 5. juni 2017.



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2018/231
		Arkiv:	40/17

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
73/18	Maritim og teknisk komite	19.11.2018

### **GEORG LEIV NOTØY - 40/17 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN OG PBL §1-8 VEDR BYGGING AV MOLO**

#### **Tilråding:**

Maritim og teknisk komite vedtek at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå tiltak i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL. §§ 19-2 og 1-8, med sikte på opparbeiding av vinkelmolo for vern av båt på gnr. 40 bnr. 17 i Herøy.

Avslaget er grunngjeve med at ein bruk av det aktuelle området til omsøkt tiltak vil vere i strid med dei statlege planretningslinene for strandsona og at ein dispensasjon som omsøkt såleis vil tilsidesette både omsyna til bestemmelsen det i tilfelle vert dispensert frå og omsyna til lova sitt formål.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

#### Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Georg Leiv Notøy, Nautøya 65, 6070 Tjørvåg

## **Vedlegg:**

- 1 Søknad om dispensasjon
- 2 Teikning
- 3 Kart
- 4 Utviding av molo - gbnr 40/17 - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl§ 1-8
- 5 Herøy kommune - utviding av molo på gnr40 bnr17 - Georg Notøy - dispensasjon frå kommuneplan og pbl § 1-8
- 6 Uttale
- 7 Oversiktskart

## **Samandrag av saka:**

Georg Leiv Notøy har søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå pbl §1-8 strandsonenevnet vedr. bygging av molo knytt til sin eigedom 40/17 på Nautøya i Herøy kommune.

Det er ein eksisterande vor på staden i dag og Notøy ønsker å utvide denne.

Utvidinga går både på breidde, lengde og form.

Søknaden kom til Herøy kommune 02.08.2018.

Den vart sendt ut til dei aktuelle høringspartane den 14.08.2018. Det ligg no føre svar frå desse og saka er klar til politisk handsaming i Maritim og teknisk komite.

## **Saksopplysningar:**

Det aktuelle tiltaket ligg i strandsona, jf. pbl §1-8 og i LNF område i kommuneplanen. Tiltaket er nabovarsla utan merknader. Saka er sendt over til Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Tiltaket inneber ei utviding av ein eksisterande vor. Breidda aukast frå 2,5m til 3,5m. Moloen vert forlenga frå 17m til 20m, i tillegg er det søkt om å legge til ei ny arm mot nord/nordvest på 15m lengd og 3,5m breidd. Tiltaket er omsøkt utført i stein for å etablere ein lun plass til båt.

## **Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 18.09.2018:**

Rår til at slike tiltak vert bygde i område avsett til småbåthamn i kommuneplanen sin arealdel. Minner om at det kan ligge kulturminne i området og at Bergen Sjøfartsmuseum må kontaktast visst ein finn noko under arbeid i sjø/sjøbotnen.

Heile uttalen ligg som vedlegg.

## **Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 26.09.2018:**

Etter fylkesmannen sitt syn er tiltaket uheldig fordi det representerer eit unødvendig terrenginngrep og utfylling i strandsona, og kan også ha privatiserande verknad. Strandsona er sårbar og har fått eit særskilt vern gjennom pbl. § 1-8. I fjøra i området er det eit lite naustmiljø med tilhøyrande støer og vorar og elles ser der

ut til å vere lite prega av større inngrep. Omsøkte tiltak vil difor vere vesentleg her. Det er ikkje langt til småbåthamner verken i aust eller vest. Dersom ein opnar opp for at alle som eig areal langs sjøen skal kunne bygge små private «hamner», til eigen båt vil dette innebere mange unødige inngrep i strandsona. Fylkesmannen rår sterkt ifrå tiltaket og vil vurdere på klage på eit positivt dispensasjonsvedtak. Sett krav om ROS-analyse dersom det vert gjeve dispensasjon.

Heile uttalen ligg som vedlegg

### **Kommentar frå Georg Leiv Notøy innregistrert 10.10.2018:**

Tiltakshavar har kome med ein kommentar inn mot Fylkesmannen sin uttale i saka. Notøy ramsar der opp ei rekke tiltak i området som det tidlegare er gitt løyve til – han definerer alle desse som privatiserande tiltak. Notøy meiner også at skildringa av det aktuelle området, slik Fylkesmannen gjer i uttalen er «fri fantasi frå FM» og at FM «gjer ei fjør til fem høns» Bygging av moloen vil ikkje vere til hinder for almenne interesser, korkje dei som ferdast på sjøen eller dei som vil gå langs stranda. Han tykkjer uttalen frå FM er urettferdig, diskriminerande tolking av lova og forskjellsbehandling av høg grad.

Heile kommentaren ligg som vedlegg

### **Vurdering og konklusjon:**

Det omsøkte tiltaket er avhengig av dispensasjon både frå LNF-område i kommuneplan og frå pbl §1-8, tiltak i strandsona. Plan og bygningslova sin § 1-8 skal ivareta strandsona – 100 meters beltet. Det er i den gjeldande plan og bygningslova innskjerpa byggeforbod og det skal takast særleg omsyn til almenne interesser. I tillegg skal det også takast særleg omsyn til natur-og kulturmiljø, friluftsliv og landskap.

Om ein skal dispensere frå dette må omsynet til den bestemmelsen det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gi ein dispensasjon vere klart større enn ulempene. Eit viktig utgangspunkt i retningslinene er at utbygging bør samlokalisert med område som er bebygde og at dette skal skje mest mogleg konsentrert. Spørsmål om utbygging skal, også som før, vurderast i forhold til almenne interessene.

I denne saka vil ein etablere ein vinkelmolo i strandsona/LNF-område. Slik rådmannen vurderer saka vil ein ved å gi løyve til omsøkte tiltak ytterlegare privatisere området og legge ytterlegare beslag på gjenståande strandsone i eit område som representerer eit strandssonemiljø, lite prege av store inngrep. I føresegna til kommuneplanen sin arealdel heiter det at i LNF-område skal det ikkje tillatast ny eller vesentleg utviding av fritidsutbygging, jf punkt 4.2.

Etter ei totalvurdering med basis i kommuneplan og innkomne høyringsuttalar synest det rimeleg klart at ein dispensasjon som omsøkt her vil tilsidesette både omsyna til bestemmelsen det vert dispensert frå og omsyna til lova sitt formål. Det er såleis etter rådmannen si vurdering ikkje grunnlag for å tilrå dispensasjon



Fosnavåg, 05.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

# Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til: Saksnr. i kommunen:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274 6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE  
RÅDMANNEN  
Motteke:  
- 3 AUG. 2018  
Ark. kode P  
Ark. kode S  
Kassasjon

- Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).  
 Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr. 40

Bnr. 17

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Lage Voren - 17 m. L. 2,5 m. br. - meld og godkjend ca. 2000 ad. om til molo - 20 m. L. 3,5 m. br., ca. 1/2 m. over flod. retn. VNV.  
Dessutan byggje på ei arm, retn. NVV, 15 m. L, 3,5 m. br. 1/2 m. over flod. Avstand til flud 23 m, til naboeiged. i sjöen - 10 m. Djupnytters vel fjøre - 1,5 m. Arbeidet skal murast (Steinsetjast)

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

- Tiltak innanfor bygge- og deleforbodet i Strandsona, jf pbl § 1-8.
- Tiltak i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel

Grunngeving:

Få ein lun båt plass for opptil 30 f. med god livd for vind og segel frå SV, V og NV og frå sør.  
Plasseringa let den gamle stöda få vera urörd ved sida, m. gaml grib. naust (1946)  
skal nyttast til privat bruk.

- Varsling av naboar/gjenbuarar ..... vedlegg nr.: 2 vedlegg  
 Eventuelle teikningar, kart etc. .... vedlegg nr.: 3 vedlegg + 4 fotos.  
 Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.:

Namn

Georg Leiv Notøy

Adresse

Nautöya 65

Postnr.

6070

Postadr.

Tjørsvåg

Telefon

Mobiltlf.

47849392

Dato:

2/8 - 18

signatur

Georg Notøy



Skriv ut

Skisse av molo

N

G 40/br. 17.

23/7-18.







# 40/17 - utviding av molo

Dato: 30.07.2018

Målestokk: 1:500

Koordinatsystem: UTM 32N



## Tegnforklaring

### Eiendomsinformasjon

-  Sikker grense - koordinatfesta
-  Usikker grense - ikkje koordinatfesta
-  Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta
-  Eiendomsteig
- Abc Gårds- og bruksnummer

### Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)

-  Godkj. Nybygg
-  Godkj. Tilbygg
-  Omriss Tiltak

### Bygninger

-  Grunnmur
-  Taksprang Bunn
-  Bygning - Boligbygg
-  Bygning - Andre bygg
- Annen bygning
-  Bygning punkt
-  Takriss
-  Takoverbygg
-  Takoverbygg kant
-  Trapp inntil bygg, kant
-  Veranda
-  Bygningslinje
-  Taksprang
-  Mønelinje
-  Bygningsavgrensning på tiltak

### Adresser

- Abc Matrikeladresse
- Abc Gateadresse
- Abc Adressepunkt tekst








# 40/17 - utviding av molo

Dato: 30.07.2018

Målestokk: 1:500

Koordinatsystem: UTM 32N



## Tegnforklaring

### *Eiendomsinformasjon*

-  Sikker grense - koordinatfesta
-  Usikker grense - ikkje koordinatfesta
-  Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta
-  Eiendomsteig
- Abc Gårds- og bruksnummer

### *Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)*

-  Godkj. Nybygg
-  Godkj. Tilbygg
-  Omriss Tiltak

### *Bygninger*

-  Grunnmur
-  Taksprang Bunn
-  Bygning - Boligbygg
-  Bygning - Andre bygg
- Annen bygning
-  Bygning punkt
-  Takriss
-  Takoverbygg
-  Takoverbygg kant
-  Trapp inntil bygg, kant
-  Veranda
-  Bygningslinje
-  Taksprang
-  Mønelinje
-  Bygningsavgrensning på tiltak

### *Adresser*

- Abc Matrikeladresse
- Abc Gateadresse
- Abc Adressepunkt tekst

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]

Sendt: 18.09.2018 15:03:44

Til: Lisbeth Moltu Espeseth

Tittel: Utviding av molo - gbnr 40/17 - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl§ 1-8

---

**Fra:** anders.smith-ovland@mrfylke.no <anders.smith-ovland@mrfylke.no>

**Sendt:** 18. september 2018 15:03

**Til:** Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>

**Kopi:** fmmrpostmottak@fylkesmannen.no; firmapost-midt@vegvesen.no

**Emne:** Herøy kommune - utviding av molo - gbnr 40/17 - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl§ 1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sine ansvarsområder følgjande merknader.

### **Planfagleg vurdering**

Vi rår kommunen generelt til å vise slike tiltak til areal som er avsett til småbåthamn i kommunens gjeldande planer.

### **Automatisk freda kulturminne i sjø**

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Nautøya gbnr. 40/17 i Herøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Mvh

### **Anders Smith-Øvland**

overarkitekt

Plan og analyse

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf: 71 28 02 41 / 959 99 801

[anders.smith-ovland@mrfylke.no](mailto:anders.smith-ovland@mrfylke.no)

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)





HERØY KOMMUNE  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

## **Herøy kommune**

### **Utviding av molo på gnr40 bnr17 - Georg Notøy**

### **Dispensasjon frå kommuneplan og pbl § 1-8**

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

#### **Bakgrunn**

Det er søkt om utviding av eksisterande molo. Tiltaket treng dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og frå pbl § 1-8 (forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag). Utvidinga inneber ei forlenging av molo frå 17 til 20 meters lengd og frå 2,5 til til 3,5 meters breidd. I tillegg er det søkt om å byggje på ei arm i retning nord-nordvest på 15 meter lengde og 3,5 meter breidde. Arbeidet skal murast (steinsetjast). Føremålet med tiltaket er ein lun båtplass som tek av for vind og sjø både frå sør, sørvest, vest og nordvest.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

#### **Strandsone**

I dag er det ein vor på staden, medan det omsøkte tiltaket er ein molo, slik at den vil stikke om lag 0,5 meter over vassflata ved flo sjø. I tillegg vil utforminga på tiltaket gjere at det blir eit meir omfattande inngrep enn det som er der. Ut frå plan- og bygningslova § 1-8 om forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag, skal ein i 100-metersbeltet langs sjøen ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Etter fylkesmannen sitt syn er tiltaket uheldig fordi det representerer eit unødvendig terrenginngrep og utfylling i strandsona, og kan også ha privatiserande verknad. Strandsona er sårbar og har fått eit særskilt vern gjennom pbl. § 1-8. Kyst- og strandstrekningar er attraktive for ferdsel og friluftsliv og ålmenta skal sikrast tilgjenge til kvalitetane som høyrer til strandsona og kystmiljø. Det skal difor ikkje etablerast privatiserande tiltak i strandsona.

I fjøra i området er det eit lite naustmiljø med tilhøyrande støer og vorar og elles ser der ut til å vere lite prega av større inngrep. Omsøkte tiltak vil difor vere vesentleg her. Det er ikkje langt til småbåthamner verken i aust eller vest. Dersom ein opnar opp for at alle som eig areal langs sjøen skal kunne bygge små private «hamner», til eigen båt vil dette innebere mange unødige inngrep i strandsona. Vi rår sterkt ifrå omsøkte tiltak, og vil vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak.

### **Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

Før det blir gitt ein dispensasjon frå kommuneplanen må det utførast ein ROS-analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Det må takast spesielt omsyn til havnivåstigning, stormflo og bølgeaktivitet, men og korleis ein eventuell utviding av moloen påverkar tryggleiken og sårbarheita til området.

### **Konklusjon**

Vi rår sterkt ifrå omsøkte tiltak og vil vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### **Fagsaksbehandlarar**

Samfunnstryggleik:

Martha Helle Dybo, tlf.: 71 25 85 91

### **Kopi**

KYSTVERKET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO

Mine merknader til FLY's generelle merknader til § 1-8 i Plan og bygn. Lova:

Frå Tunstad ser eg framfor meg i N.A.V. NV. der det er gjort unntak frå desse paragrafane:

1. I Røyra - Molo med ramn for robbuer for turistar. Privatiserande tiltak
2. I Røyra - Hus el. hytte heilt nede i strandkanten. Privatiserande tiltak.
3. Jensholmen - ein helt øydelagd holme med minst 100 m lang molo - bygge-dermparar på kryss og tvers. Eit stort område av Røyrasundet med fiskeplassar og fri ferdsle for båt er i alle fall ikkje verna av vedk. Lov Eigarer bar der ikkje, har aldri gjort det. Privatiserande tiltak.
4. 3 plasser på Aust Notøy er bygd siste åra, hus og naust m/ etc. Like i fjørasteinane. Her har årmenta absolutt ikkje "tilgjenge etc". Privatiserande tiltak.
5. Vest Notøy: 2 nye hus ca. 2 m frå sjøen med murar, flytebrygger etc. Bygt for 2 år sidan. Privatiserande tiltak.
6. Vest. Hagmanns neset. Der er fylt ut med rausstein til ei lita flud for ein sjark. Denne ligg rett over vika for Tunstad (Hoom) Plassen er lun nok utan steinfylling. Privatiserande tiltak.
7. På sydspissen av Notøya er det utbygt som eit lite Manhattan i fjørasteinane siste åra. Privatiserande tiltak.



## 8. "Eit lite naustmiljø etc".

Den einaste stöda eg ser og har sett sidan 30-åra då eg voks opp her, ligg på Tunstad, sameleis den einaste voren og. På nabosida U ligg ei gamal sjöku med to steinkar ut i sjöen og ved stöda ei stor steinröys ut i sjöen. Ca 400 m mot Aust blei det bygt nytt sjökeis med treplatting over ein steinmør for fi år sidan. "Eit lite naustmiljø" er fri fantasi fra FM. Ein fint mura liten molo saman med den gamle stöda vāi ville pynte betrakteleg opp i fjöremiljøet her, etter mitt skjönn. Ein höveleg kät plass til ein 30 f. sjark vil vise at vi på Tunstad lever på 2000 talet og ikkje på 1800 talet med berre føring etc.

## 9. "Små private hamner etc."

Eg har sökt om ä byggje ein molo. Ä pästa at eg har sökt om ä byggje ei hamn er feil. Ein molo med lived for ein liten sjark er noko heilt anna enn ei hamn etter mi forståing av omgrepet. Eg trur det er ei rett forståing av omgrepet. Kan ikkje forstå kva Kystvesen, Vegvesen skal blandast inn i denne saka. Kauskje Hamnestyret også? ↘ / 1

~~10. "Ras-analyse"~~. P.g.a. vær og vind treng vi her ein liten molo. Andre stader som ligg lenare til treng det ikkje, viser til steinfalling rett over vika på Hagmannsneset som likevel er blitt bygt.

Er ikkje dette å gjera ei fiør til 5 hönns?

Eller er det for å gjera saka ekstra vanskeleg?

Detter er ikkje eit fenskalen - Røyrasund-prosjekt  
etter mi meinining.



## 10. Røs-analyse.

Eg går ut i frå at entreprenören (døvvøy, Tjivåg) som har sagt seg viljug til rot. å byggje moloen har mest erfaring og kunnskap om dette. Han vil vere ansvarleg for arbeidet. Det skulle såleis vera i dei beste hender etter mitt skjøn.

Sjålv om her kjem på plass ein planlagt molo er her på Tunstad mykje igjen av strandsona for ålmenta; ca. 200 m på denne sida av øya, like mykje på andre sida av øya. Moloen kver 3,5 m av stranda. Det skulle vera nok att på Tunstad til ålmenta. Moloen vil liggje heilt i sjøen og vil ikkje vera til sjenanse for båtfolket sin frie ferdsle. Heller ikkje for dei som vil reke langs stranda med mange fine svalberg etc.

Vår slekt har budd her sidan 1884 og har hatt høveleg båt plass på Br. 2 tidlegare. Bruket vart delt i 1928, og det har ikkje vorte laga høveleg båt plass for sjark tidlegare.

No har eg høve til å få på plass eit liten plass for sjarken med ly for ver og vind.

Når vi ber fast her på bruket, held natur-landskapet i hevd til glede for oss og ålmenta, betaler skatt osv., er det mi største overtyding at:

Vedtaket frå FM er sterkt urettferdig og diskriminerande når eg ser meg om i Aust og Vest her frå Tunstad, kor mange unntak frå vedk. lov som er gjorde for ikkje så lenge sidan.





Nokre utan fri får dispensasjon frå strand-  
 lora fritt fram i strandsona med nes, næust,  
 sjøbu, båt plass, flytebyggje etc.  
 og såleis blokkere strandsona for almenta.  
 Vi derimot, som har leitt her i generasjonar  
 med strandline på minst 4-500 m, skal  
 ikkje få løyva til å byggje ein båt plass som  
 kno 3,5 m breidde av den stranda vi eig.  
 Alt det andre (496 m) skal vera fritt for  
 almenta.

Etter mi meining er dette blodig urettferdig  
 og diskriminerande taljing av lora -  
forskjellsbehandling i aller høgste grad.  
 Dei som har mykje strandline for almenta  
 skal ikkje få lov å bruke nokre meter  
 å byggje på for seg, medan dei som berre  
 blokkerer strandsona skal ha fritt til å byggje  
 mest alle stader, her på Notøya i alle fall.

Eg vonar at desse merknadene mine vert tekne  
 omsyn til og at FM omvurderer sitt vedtak.  
 Eg meiner altså at FM tolkar intensjonane  
 i lora i mitt tilfelle ~~rett~~ <sup>galt</sup>. Eg tillet meg å  
 trile på at slike intensjonar finst i noka norsk  
 lov i det heile.

Dersom FM sitt vedtak blir ståande, vonar eg  
 at ein norsk rett vil gje meg unntaket.

Med helsing

Tjofrvåg 10/9-18.

Georg Notøy.







Nautøya 49

Dato: 05.11.2018

Målestokk: 1:5000

Koordinatsystem: UTM 32N







Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2018/1036
		Arkiv:	29/87

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
74/18	Maritim og teknisk komite	19.11.2018

### **ODD MORTEN BERGE - 29/87 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL, TILTAK I LNF-OMRÅDE, OG DISPENSASJON FRÅ STRANDSONEVERNET, JF PBL § 1-8 VEDR BYGGING AV MOLO, FLYTEBRYGGE OG NAUST**

#### **Tilråding:**

Maritim og teknisk komite vedtek at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå tiltak i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL. §§ 19-2 og 1-8, med sikte på opparbeiding av nytt naust, molo og flytebrygge med 4 båt plassar knytt til eigedomen på gnr. 29 bnr. 87 i Herøy kommune.

Avslaget er grunngjeve med at ein bruk av det aktuelle området til omsøkt tiltak vil vere i strid med dei statlege planretningslinene for strandsona og at ein dispensasjon som omsøkt såleis vil tilsidesetje både omsyna til bestemmelsen det vert dispensert frå og omsyna til lova sitt formål. Ei slik utbygging må eventuelt takast gjennom reguleringsprosess.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Odd Morten Berge, nedre Berge 22, 6091 Fosnavåg  
Aurvoll og Furesund as, Mjølstadnesvegn 16, 6092 Fosnavåg  
Kvadratbygg as, postboks 232, 6099 Fosnavåg

## Vedlegg:

- 1 Søknad om løyve til tiltak - molo, flytebrygge og naust.
- 2 Q Vedlegg til søknad Odd Morten Berge
- 3 Vedlegg 3 Søknad om tillatelse til tiltak
- 4 Vedlegg 4 Søknad om dispensasjon
- 5 F1 - Kart
- 6 D2 - Skisse
- 7 D1 - Plan
- 8 Vedlegg 2 Område plan, tomt kart
- 9 D3 - Tverrsnitt
- 10 Vedlegg 5 A20-01 Plan 1. Etasje
- 11 Vedlegg 6 A20-02 Plan 2. Etasje
- 12 Vedlegg 7 A30 Snitt
- 13 Vedlegg 8 A40 Fasader
- 14 VS: Herøy kommune - bygging av molo, flytebrygge og naust gbnr 29/87 - Odd Morten Berge - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8
- 15 Herøy kommune - bygging av molo, flytebrygge og naust gnr29 bnr87 - Odd Morten Berge - dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

## Samandrag av saka:

Odd Morten Berge har søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå pbl §1-8 strandsonenevnet vedr bygging av molo, flytebrygge og naust knytt til sin eigedom 29/87 på Berge i Herøy kommune. Ansvarleg søkjar er Aurvoll og Furesund as, i tillegg har Kvadratbygg as bidrege til søknad om dispensasjon inn mot sjølve utforminga av naustet.

Søknaden kom til Herøy kommune 06.07.2018.

Den vart sendt ut til dei aktuelle høringspartane den 12.09.2018. Det ligg no føre svar frå desse og saka er klar til politisk handsaming i Maritim og teknisk komite.

## Saksopplysningar:

Saka gjeld bygging av molo, flytebrygge og naust på gnr 29 bnr 87 i Herøy kommune. Det vert søkt dispensasjon frå :

- Kommuneplanen sin arealdel , tiltak i LNF område

- PBL §1-8 , tiltak i strandsona

- Meir vindusflate i naust enn 3%(disp frå føresegna til kommuneplanens sin arealdel) ønsker å sette inn 15,5%.

Det vert søkt om oppføring av naust med storleik 60m<sup>2</sup>. Moloen er tenkt 24 m ut frå land og med ei toppbreidde på 2 m. Flytebrygge med plass til 4 båtar. Ein liten del av tiltaket ligg innanfor område avsett til AN, naust i kommuneplanen sin arealdel – i all hovudsak der naustet er tenkt oppført.

### **Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 05.10.2018:**

Vurderer dei omsøkte tiltaka av ein slik karakter at dei samla sett ikkje kan bli handsama som ein dispensasjon, jf pbl §19-2. Tiltaket bør verte utforma gjennom detaljregulering, jf pbl § 12-3.

Heile uttalen ligg som vedlegg.

### **Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 08.10.2018:**

Har merknad inn mot omsøkt bygg – det er ikkje eit bygg, slik Fylkesmannen ser det, som verken er i tråd med LNF eller naustføremålet – ber preg av å vere ei «dagsturhytte» som vil bidra til privatisering av området rundt bygninga.

Moloen og flytebrygga vil kome i konflikt med undervasseng av viktig verdi, avgrensa viltområde, hekke og beiteområde for fugl – i området bør ein unngå fysiske inngrep og forureining.

Påpeikar samlokalisering av småbåthamner som viktig, kvar eigedom kan ikkje få sin eiga hamn.

Sett vidare krav om TEK 17 §7-2 – tryggleikskrav og ROS-analyse , dersom det vert gitt dispensasjon.

Fylkesmannen rår stekt ifrå omsøkte dispensasjon og vil vurdere å klage på eit evt. positivt kommunalt vedtak.

Heile uttalen ligg som vedlegg

### **Vurdering og konklusjon:**

Det omsøkte tiltaket er avhengig av dispensasjon både frå LNF-område i kommuneplan og frå pbl §1-8, tiltak i strandsona. Plan og bygningslova sin § 1-8 skal ivareta strandsona – 100 meters beltet. Det er i plan- og bygningslova innskjerpa byggeforbod og det skal takast særleg omsyn til almenne interesser. I tillegg skal det også takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv og landskap.

Om ein skal dispensere frå dette må omsynet til den bestemmelsen det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gi ein dispensasjon vere klart større enn ulempene. Eit viktig utgangspunkt i retningslinene er at utbygging bør samlokaliseras med område som er bebygde og at dette skal skje mest mogleg konsentrert. Spørsmål om utbygging skal, også som før, vurderast i forhold til almenne interessene.

I denne saka vil ein etablere naust, molo og flytebrygge med 4 båtplassar i strandsona/LNF-område. Slik rådmannen vurderer saka vil ein ved å gi løyve til omsøkte tiltak ytterlegare privatisere området og legge ytterlegare beslag på gjenståande strandsona i eit område som representerer eit strandssonemiljø, lite prega av inngrep.

I føresegna til kommuneplanen sin arealdel heiter det at i LNF-område skal det ikkje tillatast ny eller vesentleg utviding av fritidsutbygging, jf punkt 4.2.

PBL § 1-8 skal ivareta strandsona – 100 meters beltet. Det er i den gjeldande plan og bygningslova innskjerpa byggeforbod og det skal takast særleg omsyn til

almenne interesser. I tillegg skal det også takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv og landskap.

Begge høyringsuttalene frå regionalt hald er negative til tiltaket. Ved vurderinga om ein kan gi dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8 , skal det leggst særleg vekt på dei statlege og regionale mål og rammer. Kommunen bør ikkje dispensere når ein direkte berørt statleg eller regional myndigheit uttalar seg negativt om dispensasjonssøknaden. Fylket vil tilrå å gå vegen om regulering – for då å få belyst alle sider ved ei slik evt utbygging av området. Fylkesmannen vil klage på eit vedtak om dispensasjon.

Det aktuelle området ligg også innafor området «Straumane» som i naturbase er registrert med id BN00010857. I området bør ein unngå fysiske inngrep og forureining.

Etter ei totalvurdering med basis i kommuneplan og innkomne høyringsuttalar synest det rimeleg klart at ein dispensasjon som omsøkt her vil tilsidesetje både omsyna til bestemmelsen det vert dispensert frå og omsyna til lova sitt formål. Det er såleis etter rådmannen si vurdering ikkje grunnlag for å tilrå dispensasjon

Fosnavåg, 05.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



**Søknad om tillatelse til tiltak**

etter plan- og bygningsloven § 20-3, jf. § 20-1

 Rammetillatelse Ett-trinns søknadsbehandlingOppfylles vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd?  Ja  Nei**Erklæring om ansvarsrett for ansvarlig søker**foreligger sentral godkjenning?  Ja  Nei

Nullstill

Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser?  Ja  Nei

Hvis ja, skal samtykke innhentes fra Arbeidstilsynet før igangsetting av tiltaket. Byggblankett 5177 med vedlegg.

Berører tiltaket byggverk oppført før 1850, jf. Kulturminneloven § 25, andre ledd?  Ja  Nei

Hvis ja, skal uttalelse fra fylkeskommunen foreligge før igangsetting av tiltaket.

Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden vil bli registrert i matrikkelen.

Søknaden gjelder						
Eiendom/ byggsted	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.
	29	87				
	Adresse			Postnr.	Poststed	
	Nedre Berge			6091	Fosnavåg	
Planlagt bruk/formål	Beskriv					Bygn.typekode (jf. s. 2)
	<input type="checkbox"/> Bolig	<input type="checkbox"/> Fritidsbolig	<input type="checkbox"/> Garasje	<input checked="" type="checkbox"/> Annet: Molo, flytebrygge og naust		
Tiltakets art pbl § 20-1 (flere kryss mulig)	Nye bygg og anlegg	<input checked="" type="checkbox"/> Nytt bygg *)	<input type="checkbox"/> Parkeringsplass *)	<input checked="" type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Veg	<input type="checkbox"/> Vesentlig terrenginngrep
	Endring av bygg og anlegg	<input type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg *)			<input type="checkbox"/> Fasade	
		<input type="checkbox"/> Konstruksjon	<input type="checkbox"/> Reparasjon	<input type="checkbox"/> Ombygging	<input type="checkbox"/> Anlegg	
	Endring av bruk	<input type="checkbox"/> Bruksendring <input type="checkbox"/> Vesentlig endring av tidligere drift				
	Riving	<input type="checkbox"/> Hele bygg *)	<input type="checkbox"/> Deler av bygg *)	<input type="checkbox"/> Anlegg		
	Bygn.tekn. installasj.**)	<input type="checkbox"/> Nyanlegg *)	<input type="checkbox"/> Endring	<input type="checkbox"/> Reparasjon		
	Endring av bruksenhet i bolig	<input type="checkbox"/> Oppdeling	<input type="checkbox"/> Sammenføyning			
	Innhegning, skilt	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l.			
*) Byggblankett 5175 fylles ut og vedlegges. (Vedlegg gruppe A)      **) Gjelder kun når installasjonen ikke er en del av et større tiltak.						

Vedlegg				
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant	
Opplysninger om ytre rammer og bygningsspesifikasjon for tiltaket (Byggblankett 5175)	A	1 - 4	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Dispensasjonssøknad (begrunnelse/vedtak) (pbl kap. 19)	B	-	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Nabovarsling (Kvittering for nabovarsel/Opplysninger gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarer til nabomerknader)	C	1 - 1	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan, avkjørselsplan bygning/eiendom	D	1 - 3	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Tegninger	E	1 - 2	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Redegjørelser/kart	F	1 - 1	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Erklæring om ansvarsrett/gjennomføringsplan	G	1 - 4	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Boligspesifikasjon i Matrikkelen	H	-	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet	I	-	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	1 - 1	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift				
Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold av plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger. Foretaket forplikter seg til å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket, jf. SAK10 kap. 10 og 11.				
Ansvarlig søker for tiltaket			Tiltakshaver	
Foretak	Org.nr.	Navn		
Aurvoll og Furesund AS	882937402	Odd Morten Berge		
Adresse		Adresse		
Mjølstadnesvegen 16		Nedre Berge 22		
Postnr.	Poststed	Postnr.	Poststed	
6092	Fosnavåg	6091	Fosnavåg	
Kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	Eventuelt organisasjonsnummer	
Eivind Berge	70089900	90894678		
E-post	E-post		Telefon (dagtid)	
eb@a-f.no	odd.morten.berge@eni.com		91335393	
Dato	Underskrift		Dato	
22/6-2018	Eivind Berge			
Gjentas med blokkbokstaver			Gjentas med blokkbokstaver	
Eivind Berge			Odd Morten Berge	

**Herøy Kommune**  
Att: Utviklingsavdelingen

Dato: 22/6-2018

## Vedlegg til søknad om løyve til tak Gnr29 og Bnr87

I forbindelse med søknad om løyve til tiltak for naust, molo og flytebrygge, er det følgende spesifisering og avklaring rundt søknaden.

### **Omfang.:**

Det søkes nå for opparbeiding av tomt til naust, bygging av naust, opparbeiding av molo og utlegging av flytebrygge.

Se vedlagt tegning.

### **Arealkrav.:**

I forbindelse med byggesøknad, søker vi nå om også om dispensasjon fra formålet i kommuneplan med tilhørende krav om reguleringsplan.

### **Naust.:**

Naust har åpent loft og noe avdelt på grunnplan. På grunnplan blir de en enkel kjøkkenløsning.

På grunnplan blir det et lukket rom for dusj og vask. Rommet blir forbered for å kunne ha WC. Skal WC monteres inn, er dette tenkt ført frem til ny kommunal pumpestasjon på samme gardsbruk.

Evt. innmontering av WC må avklares i egen søknad til Herøy kommune, og er ikke med i denne søknaden.

Aurvoll og Furesund AS  
Mjølstadneset  
6092 FOSNAVÅG

Tlf +47 700 89 900  
Fax +47 700 89 901  
Web [www.a-f.no](http://www.a-f.no)

Org nr 882 937 402 MVA

**Molo.:**

Søknaden omfatter også utfylling av molo over grunne, for å kunne oppnå gode havneforhold. Området som molo skal legges er veldig grynt, og er ikke farbart for båt.

Område kommer ikke i konflikt med eksisterende lei, for båttrafikk.



Grunne



Plasering molo

Aurvoll og Furesund AS  
Mjølstadneset  
6092 FOSNAVÅG

Tlf +47 700 89 900

Fax +47 700 89 901

Web [www.a-f.no](http://www.a-f.no)

Org nr 882 937 402 MVA

Det vil være en stor fordel for alle som har båt plass og skal benytte havna om denne moloen kommer på plass. Ved dårlig vær vil denne moloen bedre havneforholdene betraktelig. Det kan være ganske så værhardt i området.



Forbedra  
havneforhold for alle  
som benytter

### **Annet.:**

Årsaken til at naustet m.m. må bygges er en avsluttende sak om oppdeling av felleseie til egne parseller for naust. Sorenskriveren har stått for oppdelingen av tomtene, og avtalt at gammelt felles naust ved klubben skal rivas.

### **Tilkomst.:**

Tilkomst veg er bygget. Ref. sak nr 2015/1195

### **Vann, strøm, avløp og overvann.:**

Vann og el er utlagt fra private bolighus. Tilkobling vann blir innmeldt til Herøy Vasslag. Avløp er ikke med i denne søknaden. Overvann fra tak nedløp vask og dusj slippes ut i terreng.

### **Med vennlig hilsen**

*Eivind Berge*

**Eivind Berge**

Aurvoll og Furesund AS  
Mjølstadneset  
6092 FOSNAVÅG

Tlf +47 700 89 900  
Fax +47 700 89 901  
Web [www.a-f.no](http://www.a-f.no)

Org nr 882 937 402 MVA



Dato: 03.09.2018

Herøy kommune  
v/ Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG


## **Søknad om tillatelse til tiltak:**

Viser til førebels svar i sak 2018/1036 og avsnitt 5 angående føresegnene for naust i kommuneplanen.

- Forbud mot innreie rom/loft i naust til varig opphald:
  - Fremste del av naust i front blir isolert og tilrettelagt for oppvarming, viser til vedlagt søknad om dispensasjon frå kravet om uisolert bygg.
  - Naust vil bli brukt til diverse sjøleik aktiviterter og har derfor behov for mulegheit til vasking og tørking av personar og utstyr.
  - Naust er ikkje tilrettelagt for varig opphald, då det ikkje er tilrettelagt for sengeplasser i naust.
  
- Vindusarealet si dagslysflate:
  - Viser til vedlagt søknad om dispensasjon på dette punktet.
  - Eksisterande naust i nærområdet må tidlegare ha fått dispensasjon frå dette og fleire andre krav i kommuneplanen når det gjelder bygging av naust.
  
- Areal på Naust BRA 60m<sup>2</sup>
  - Teikningar er justert og skal no vere innanfor kravet på 60m<sup>2</sup>

Med vennleg hilsen

**Kvadratbygg AS**



A. Magnar Moltumyr

# Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Saknr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr. 29

Bnr. 87

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Bygging av naust

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Kommuneplan for Herøy 2013-2025, Punkt 2.16 avsnitt 2 og 7 "uisolert bygg og vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent.

Grunngjeving:

Etter ein synfaring i nærområdet til omsøkt naust er det registrert fleire avvik på eksisterande naust i hht Punkt 2.16 i kommuneplanen.

Vi søker om dispensasjon frå kravet til uisolert bygg på deler av tiltaket på 1.etasje. Naust vil bli brukt til diverse sjøleik aktivitetar og har derfor behov for mulegheit til vasking og tørking av personar og utstyr.

Vi søker også dispensasjon frå vindaugsarealet i kommuneplanen, naustet slik det er teikna vil gli meir inn i området etter vår meining. Når ein samanliknar omsøkt naust med eksisterande naust i området.

Håper på ein positiv tilbakemelding på denne søknaden.

Varsling av naboar/gjenbuarar ..... vedlegg nr.:

Eventuelle teikningar, kart etc. .... vedlegg nr.:

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.:

Namn Kvadratbygg AS for Odd Morten Berge

Adresse Postboks 232

Postnr. 6099

Postadr. FOSNAVÅG

Telefon 700 82 700

Mobiltelef. 913 37 261

Dato: 03.08.2018

*A. Magnar Moltumyr*  
signatur

Skriv ut




# Utskrift fra Norkart AS kartklient


Dato: 28.06.2018

Målestokk: 1:2000

Koordinatsystem: UTM 32N








10 m

**Aurvoll og Furesund AS**  
Skisse Nøst m/ndlo og Flytebrygge



Tomtgrense




Flytebrygge med 4 plass

○ Sjømerke

Aurvoll og Furesund AS

Plan  
Naust m/mollo og Flytebrygge  
Odd Morten Berge







Tomt koordinater			
Id	Øst	Nord	Høyde
1	327680,23	6915728,72	2,5
2	327694,516	6915720,57	2,5
3	327695,549	6915715,57	2,5
4	327677,995	6915702,53	2,5
5	327672,084	6915723,5	2,5

### LAGTYPER

- Fys.Gmi 1: Innmåling
- Av.snitt 0: Snitt fra 3D modell
- Av.snitt 40300: Bygninger
- Av.snitt 40310: Bygningsmessige anlegg
- Av.snitt 40500: Byggegrøp
- Av.snitt 310002: 31.1.2

### MASSETYPER






Aurvoll og Furesund AS

LAGTYPER

- Fys.Gmi 1: Innmåling
- Av.snitt 0: Snitt fra 3D modell
- Av.snitt 40300: Bygninger
- Av.snitt 40310: Bygningsmessige anlegg
- Av.snitt 40500: Byggegrøp
- Av.snitt 310002: 31.1.2

MASSETYPER






Aurvoll og Furesund AS

### LAGTYPER

- Fys.Gmi 1: Innmåling
- Av.snitt 0: Snitt fra 3D modell
- Av.snitt 40300: Bygninger
- Av.snitt 40310: Bygningsmessige anlegg
- Av.snitt 40500: Byggegrøp
- Av.snitt 310002: 31.1.2


### MASSETYPER



Aurvoll og Furesund AS

Fasade Nord ▼

Snitt B



Fasade Sør ▲

Tegning:  
**Plan 1. Etasje**  
**Odd Morten Berge**  
Nedre Berge 6091 FOSNAVÅG

Prosjektnr.  
**242**

Dato opprettet  
**03.09.2018**

Gnr./Bnr.  
**29/87**

Mål  
**1:100**

Tegningsnr.  
**A20-01**

Fase.  
**Byggemelding**


Sign.

Kontroll:

Godkjent

Rev. ID

▼ Fasade Vest



▲ Fasade Øst

Tegning:  
**Plan 2. Etasje**  
**Odd Morten Berge**  
Nedre Berge 6091 FOSNAVÅG

Prosjektnr.  
**242**

Dato opprettet  
**03.09.2018**

Gnr./Bnr.  
**29/87**

Mål  
**1:100**

Tegningsnr.  
**A20-02**

Fase.  
**Byggemelding**


Sign.

Kontroll:


Godkjent

Rev. ID





1:100 Snitt A2



Tegning:  
**Snitt A1 og A2**  
**Odd Morten Berge**  
 Nedre Berge 6091 FOSNAVÅG

Prosjektnr.  
**242**

Dato opprettet  
**03.09.2018**

Gnr./Bnr.  
**29/87**

Mål  
**1:100**

Tegningsnr.  
**A30-01**

Fase.  
**Byggemelding**

Sign.

Kontroll:

Godkjent

Rev. ID



1:100 Fasade Nord




1:100 Fasade Øst

Tegning: <b>Fasade Nord og Øst</b> <b>Odd Morten Berge</b> Nedre Berge 6091 FOSNAVÅG	Prosjektnr. <b>242</b>	Dato opprettet <b>03.09.2018</b>	Gnr./Bnr. <b>29/87</b>	Mål <b>1:100</b>	Tegningsnr. <b>A40-01</b>
	Fase. <b>Byggemelding</b>	Sign.	Kontroll:	Godkjent	Rev. ID



1:100 Fasade Sør



1:100 Fasade Vest

Tegning:  
**Fasade Sør og Vest**  
**Odd Morten Berge**  
Nedre Berge 6091 FOSNAVÅG

Prosjektnr.  
**242**

Dato opprettet  
**03.09.2018**

Gnr./Bnr.  
**29/87**

Mål  
**1:100**

Tegningsnr.  
**A40-02**

Fase.  
**Byggemelding**

Sign.

Kontroll:

Godkjent

Rev. ID

Fra: Brit Berge[Brit.Berge@heroy.kommune.no]

Sendt: 05.10.2018 11:07:32

Til: Brit Berge

Tittel: VS: Herøy kommune - bygging av molo, flytebrygge og naust gbnr 29/87 - Odd Morten Berge - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

---

**Fra:** anders.smith-ovland@mrfylke.no <anders.smith-ovland@mrfylke.no>

**Sendt:** 5. oktober 2018 10:13

**Til:** Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>

**Kopi:** fmmrpostmottak@fylkesmannen.no; firmapost-midt@vegvesen.no

**Emne:** Herøy kommune - bygging av molo, flytebrygge og naust gbnr 29/87 - Odd Morten Berge - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sine ansvarsområder følgjande merknader.

### **Planfagleg vurdering**

Søknaden om dispensasjon gjeld etablering av småbåthamn, med molo, flytebrygger og naust. Berre ein avgrensa del av tiltaket ligg innanfor areal som er avsett til føremålet i gjeldande kommuneplan. Dette er igjen avgrensa til naust. Det er i kommuneplanen ikkje lagt opp til småbåthamn i området. Småbåthamn er i forskrift om konsekvensutgreiing nemnt i vedlegg II som tiltak som skal vurderast nærare. Tiltak som småbåthamn er ut i frå omfang og inngrep i sårbare miljø som strandsone og sjø, tiltak som ikkje bør bli behandla som dispensasjon, men bli lokalisert i kommunens arealdel og vidare utforma gjennom detaljregulering, jf. plan- og bygningslova § 12-3. Vi vurderer dei omsøkte tiltaka å samla sett ikkje kunne bli behandla som dispensasjon, jf. plan og bygningslova § 19-2.

Mvh

**Anders Smith-Øvland**

overarkitekt

Plan og analyse

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf: 71 28 02 41 / 959 99 801

[anders.smith-ovland@mrfylke.no](mailto:anders.smith-ovland@mrfylke.no)

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)



HERØY KOMMUNE  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

## **Herøy kommune**

### **Bygging av molo, flytebrygge og naust gnr29 bnr87**

### **Dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8**

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

#### **Bakgrunn**

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og strandsonevernet, jf. plan- og bygningslova § 1-8 for bygging av molo, flytebrygge og naust med flate på vindauga større enn 3 % (jf. kommuneplanen si føresegn om naust). Ein liten del av tiltaket ligg innanfor område sett av til naust i kommuneplanen sin arealdel, i all hovudsak er dette der naustet er tenkt oppført.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

#### **Strandsone**

Det er søkt om oppføring av eit naust med storleik 60 m<sup>2</sup>, ein molo 24 meter ut frå land og med ei toppbreidde på 2 meter og ei flytebrygge med plass til 4 båtar.

#### *Naustet*

Naustet ligg heilt inntil/delvis innanfor område som i kommuneplanen er sett av til naust. Det er oppgitt i søknad om at ein ønskjer dispensasjon frå føresegna i planen om at naust skal vere uisolerte bygg. Dette fordi naustet er tenkt brukt til diverse sjøleik-aktivitetar og ein ønskjer difor moglegheit til vasking og tørking av personar og utstyr. Ein ønskjer også å sette inn meir vindu enn føresegna opnar for. Søklar viser til tilsvarande utforming av naust i området.

Ut frå vedlagte skisser, kan vi ikkje sjå at naustet først og fremst er tenkt til oppbevaring av båt. Tiltaket framstår snarare som ei dagsturhytte som enkelt kan nyttast til varig opphald, og vil såleis medføre privatisering av området rundt bygningen. Tiltaket er ikkje i tråd med verken LNF-føremål eller naust-føremål.

§ 1-8 i plan- og bygningslova seier at det langs sjø skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Det er etter kvart mange som bur på Bergsøya, og strandsona blir stadig meir pressa samstundes som stadig fleire soknar dit. Etter vår vurdering vil omsøkte tiltak vere sterkt privatiserande og såleis gå utover nettopp ålmenta sine interesser som til dømes fri ferdsel. Vi rår difor sterkt ifrå at det blir gitt dispensasjon til oppføring av omsøkte bygning, og viser også til den uheldige presedensverknaden ein dispensasjon vil gi. Vi vil vurdere å klage på eit eventuelt positivt vedtak.

### *Molo og flytebrygge*

Sjøområdet her er i naturbase kartlagt som undervasseng av viktig verdi. Området er avgrensa som viltområde, og er eit høgproduktivt, grunt og innestengt fjordparti med småøyar, holmar og sund med mange bukter og breie tidevassområde. Det er rik straumsetning frå to kantar, med rikeleg undervassvegetasjon, m.a. ålegras-enger i mudderbuktene, og med rikare mudderstrender. Området er omkransa av eit småkupert kulturlandskap med tett busetnad, men og med lyngheier og litt krattskog. Dette er dels eit viltområde som har funksjon som hekke- og beiteområde for vassfugl. Tilrådinga for området er å unngå fysiske inngrep og forureining.

Det er fleire små småbåthamner i nærleiken. Heller enn å lage enda ei ny småbåthamn, bør ein samle inngrepa slik at ikkje alle etablerer si eiga. Dersom ein legg opp til at alle som eig areal som grensar til sjø skal få etablere si eiga hamn, vil det gå sterkt ut over strandsona og dei kvalitetane som plan- og bygningslova § 1-8 er meint å skulle ivareta. Vi rår sterkt ifrå molo og flytebrygge som omsøkt.

### **Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

Fylkesmannen minner om at det berre kan byggjast på grunn med tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 28-1. Det søkjast om dispensasjon i eit område som ligg nært sjø. Området kan difor vere utsett for havnivåstiging og stormflod. Tiltaket må plasserast i ein tryggleiksklasse for å vite kva som er tilstrekkeleg trygg plassering av naustet. Ut i frå innsendte skisser kan det sjå ut som dette tiltaket må vurderast som eit F2-tiltak. Det er til dømes teikna inn baderom, kjøkkenkrok og hems, noko som legg til rette for personopphald i større grad enn et tradisjonelt naust som er eit F1-tiltak. Dersom naustet vurderast som eit F2-tiltak må det plasserast tilstrekkeleg trygt mot 200-årsstormflod, jf. byggtknisk forskrift (TEK17) § 7-2. DSB sin rettleiar «*Havnivåstigning og stormflo*» kan nyttast til å rekne ut tilstrekkeleg trygg byggehøgde. Det skal merkast at lokale forhold som vind- og bølgepåverknad ikkje er inkludert i utrekninga, og ei slik vurdering må inkluderast for å vite kva kote som oppfylla tryggleikskrava i TEK17 § 7-2. Før kommunen eventuelt gjer eit positivt vedtak om dispensasjon, må det dokumenterast at tiltaket tilfredstillar tryggleikskrava i TEK17 § 7-2. Dersom dette ikkje blir gjort, vil Fylkesmannen vurdere å klage på et eventuelt positivt vedtak om dispensasjon.

Vidare ber vi kommunen sikre gjennomføring av ei generell/enkel risiko- og sårbarheitsvurdering for å avklare om dispensasjonen kan medføre andre tryggleiks- eller beredskapsmessige konsekvensar, jf. pbl. § 19-2 tredje ledd og § 28-1.

### **Konklusjon**

Vi rår sterkt ifrå omsøkte dispensasjon, og vil vurdere å klage på eit eventuelt positivt kommunalt vedtak.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### **Fagsaksbehandlarar**

Samfunnstryggleik: Martha Helle Dybo, tlf.: 71 25 85 91

### **Kopi**

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund  
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE Postboks 2500 6404 MOLDE





Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2018/1167
		Arkiv:	12/38

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
75/18	Maritim og teknisk komite	19.11.2018

### GERD KARIN HOLEN - 12/38 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ PBL §1-8 VEDR FRÅDELING AV 2 NAUSTTOMTER

#### Tilråding:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå pbl §1-8, bygge og deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL. §§ 19-2 og 1-8, og frå reguleringsplankravet i kommuneplanen sin arealdel, med sikte frådeling av 2 nausttomter frå gnr 12, bnr 38 i Herøy kommune.

Dispensasjonen er grunngjeven med at tiltaket er i samsvar med føremål i kommuneplane sin arealdel – området er avsett til naust. Frådeling av dei to omsøkte parsellar til naustføremål vil ikkje vere til hinder for anna utvikling innanfor det området som er avsett med plankrav.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Gerd Karin Holen, Nylandsvegen 16, 6011 Ålesund

## **Vedlegg:**

- 1 Søknad om dispensasjon
- 2 Gerd Karin Holen - 12/38 - søknad om dispensasjon frå PBL §1-8 vedr frådelling av 2 nausttomter
- 3 Oppretting av to nye parsellar - naustføremål gbnr 12/38 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8
- 4 Herøy kommune - frådelling av to parsellar til naustføremål gnr12 bnr38 - Gerd Karin Holen mfl - dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

## **Samandrag av saka:**

Gerd Karin Holen har søkt om dispensasjon frå pbl §1-8 strandsonevernet vedr frådelling av 2 nausttomter frå eidedomen 12/38 i Herøy kommune. Storleik på nausttomtene er om lag 370m<sup>2</sup>. Området er avsett til AN/naust- føremål med plankrav i gjeldande kommuneplan , jf planid 201250.

## **Saksopplysningar:**

Dei aktuelle parsellane som er omsøkt frådelt ligg i strandsona, jf pbl §1-8. Det er også eit plankrav der frådellinga er omsøkt. Tiltaket er nabovarsla utan merknader. Saka er sendt over til Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune.

## **Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 05.11.2018:**

Har ingen vesentlege merknader til tiltaket.

Heile uttalen ligg vedlagt

## **Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 05.11.2018 :**

Minner om føresegnene i kommuneplanen som gjeld bygging av naust. Det er også viktig å sikre ålmenta sin ferdsel i området. I tillegg så må det dokumenterast at tryggleikskrava i TEK17 §7-2 er på plass ved etablering av naust på tomtene.

Heile uttalen ligg vedlagt

## **Vurdering og konklusjon:**

Det omsøkte tiltaket, frådelling av 2 nausttomter frå 12/38 er avhengig av dispensasjon frå det generelle bygge og deleforbodet i strandsona. I kommuneplanen sin arealdel er dette området avsett til AN/naustføremål, med plankrav. Det aktuelle området ligg i ytterkant av område avsett med plankrav. Ei frådelling av to nye parsellar, til føremål naust, vil difor ikkje hindre utvikling av området ellers.

Tiltakshavar har i epost 04.10.2018 presisert at frådellinga er til naust. Dette sjølv om det i søknaden vart skreve naust/rorbu. Handsaminga i MTK no gir kun løyve til naust – rorbu kan ikkje etablerast på dei omsøkte parsellane.

Med bakgrunn i at frådelinga er med sikte på bruk i samsvar med kommuneplanen og at det ikkje ligg føre vesentlege merknader til saka, verken frå naboar eller frå regionale mynde, tilrår rådmannen å gi dispensasjon som omsøkt, til å kunne dele frå 2 parsellar til naust.

Fosnavåg, 07.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

## Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

 Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

 Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

12

Bnr.

38

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Frådeling av eiendom se pkt. 11 Ved søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

§ 4. Unntak for byggjeforbod i 100-metersbellet.

Grunngjeving:

Starkt ønske om å skylddele deler av G.nr. 12/38 til våre to døtre som ønsker å bruke områdene til bygging av naust / rorbu i tilknytning til gårdsbruket.

 Varsling av naboar/gjenbuarar ..... vedlegg nr.: 2

 Eventuelle teikningar, kart etc. .... vedlegg nr.: 1

 Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.:

Namn Gerd-Karin Holer

Adresse Nylandsvegen 16.

Postnr. 6011 Postadr. Ålesund

Telefon Mobiltf. 99639545

Dato: 14.09.18

## Plan og bygningslova

### § 19-1. Søknad om dispensasjon

Dispensasjon krever grunnlagt søknad. Før vedtak treffes, skal naboer varsles på den måten som nevnt i § 21-3. Særskilt varsel er likevel ikke nødvendig når dispensasjonssøknad fremmes samtidig med søknad om tillatelse etter kapittel 20, eller når søknaden åpenbart ikke berører naboens interesser. Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8.

I kraft 1 juli 2009, se § 34-1.

### § 19-2. Dispensasjonsvedtaket

Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.

Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.

Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Departementet kan i forskrift gi regler for omfanget av dispensasjoner og fastsette tidsfrist for behandling av dispensasjonssaker.

I kraft 1 juli 2009, se § 34-1.

Endret ved lov 8 mai 2009 nr. 27.

### § 19-3. Midlertidig dispensasjon

Midlertidig dispensasjon kan gis tidsbestemt eller for ubestemt tid. Ved dispensasjonstidens utløp eller ved pålegg må søkeren uten utgift for kommunen fjerne eller endre det utførte, eller opphøre med midlertidig tillatt bruk, eller oppfylle det krav det er gitt utsettelse med, og hvis det kreves, gjenopprette den tidligere tilstand.

Dispensasjon kan gjøres betinget av erklæring der også eier eller fester for sin del aksepterer disse forpliktelser. Erklæringen kan kreves tinglyst. Den er bindende for panthavere og andre rettighetshavere i eiendommen uten hensyn til når retten er stiftet og uten hensyn til om erklæringen er tinglyst.

I kraft 1 juli 2009, se § 34-1.

### § 19-4. Dispensasjonsmyndigheten

Myndigheten til å gi dispensasjon tilligger kommunen.

Dersom det er nødvendig for å ivareta nasjonale eller viktige regionale interesser og hensyn i nærmere angitte deler av strandsonen eller fjellområder, kan Kongen i forskrift legge myndigheten til å gi dispensasjon fra bestemte planer, eller for bestemte typer tiltak, midlertidig til regionalt eller statlig organ.

I kraft 1 juli 2009, se § 34-1.






# Remøy, Bygdelag (bygd)

Dato: 05.10.2018

Målestokk: 1:500

Koordinatsystem: UTM 32N








12/38

Dato: 08.10.2018

Målestokk: 1:10000

Koordinatsystem: UTM 32N





Fra: Brit Berge[Brit.Berge@heroy.kommune.no]

Sendt: 05.11.2018 12:57:26

Til: Brit Berge

Tittel: VS: Herøy kommune - oppretting av to nye parsellar - naustføremål gbnr 12/38 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

---

**Fra:** mari.anne.bjorkmann@mrfylke.no <mari.anne.bjorkmann@mrfylke.no>

**Sendt:** 5. november 2018 12:31

**Til:** Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>

**Kopi:** fmmrpostmottak@fylkesmannen.no; firmapost-midt@vegvesen.no

**Emne:** Herøy kommune - oppretting av to nye parsellar - naustføremål gbnr 12/38 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sine ansvarsområder ingen særskilte merknader til søknad om dispensasjon.

**Mari Anne Bjørkmann**

rådgjevar

plan- og analyseavdelinga

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 02 40 / 934 58 863

[mari.anne.bjorkmann@mrfylke.no](mailto:mari.anne.bjorkmann@mrfylke.no)

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)



HERØY KOMMUNE  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

## Herøy kommune

### Frådeling av to parsellar til naustføremål gnr12 bnr38

### Dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

#### Bakgrunn

Det er søkt om frådeling av to parsellar til naustføremål innanfor område som er sett av til naustføremål i gjeldande kommuneplan.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

#### Strandsone

Vi minner om kommuneplanen sine føresegner når det gjeld bygging av naust, og legg til grunn at desse set rammene for tiltaket. Ein må mellom anna sikre at det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom nausta.

#### Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Fylkesmannen minner om at det berre kan byggjast på grunn med tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 28-1. I oversendt dokumentasjon kan Fylkesmannen kan sjå at ein har kryssa av for at det er tilstrekkeleg tryggleik mot ras, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve, men vi kan ikkje sjå korleis ein har kome fram til denne konklusjonen.

Det søkast dispensasjon i eit område som ligg nært sjø, og området kan difor vere utsett for havnivåstigning og stormflod. Naust vurderast som eit F1-tiltak og må plasserast tilstrekkeleg trygt mot ein 20-årsflaum, jf. byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-2.

Tryggleikskrava til TEK17 § 7-2 kan tilfredsstillast ved å enten plassere nausta utanfor 20-års stormflod inkludert havnivåstigning, eller ved å dimensjonere og konstruere nausta slik at dei toler overfløyning og bølgepåverknad. Der det er praktisk mogleg bør ein plassere tiltaket utanfor området som er utsett for havnivåstigning og stormflod. DSB sin rettleiar «Havnivåstigning og stormflo» kan nyttast til å rekne ut tilstrekkeleg trygg byggehøgde. Det

skal merkast at lokale forhold som vind- og bølgepåverknad ikkje er inkludert i utrekninga, og ei slik vurdering må inkluderast for å vite kva kote som oppfylla tryggleikskrava i TEK17 § 7-2. Før det eventuelt gjerast eit positivt vedtak om dispensasjon, må kommunen vere trygg på at tiltaka tilfredstillar tryggleikskrava i TEK17 § 7-2.

### **Konklusjon**

Vi viser til våre merknader og ber om at desse takast med vidare i sakshandsaminga.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### **Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Martha Helle Dybo, tlf. 71 25 85 91

### **Kopi**

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE Postboks 2500 6404 MOLDE



Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	TORGER	Arkivsaknr:	2018/1447
		Arkiv:	231

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
76/18	Maritim og teknisk komite	19.11.2018
	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

### **FORSKRIFT OM ANLØPSAVGIFT FOR HERØY KOMMUNE - ENDRINGAR AV FORSKRIFTSTEKST OG AVGIFTSSATSAR FOR 2019**

#### **Tilråding:**

I medhald av lov 2001-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (hamne og farvasslova) med tilhøyrande forskrifter vedtek Herøy kommunestyre forslag til endring av «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune».

Forskrifta med endringar vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av avgiftssatsar og mindre avvik som er av ikkje prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av anløpsavgifta.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her

## Vedlegg:

- 1 Avtale om anløpsavgift Herøy kommune\_Hurtigruten\_28092018\_signert
- 2 Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune - Revidert 15.10.2018

## Samandrag av saka:

Saka gjeld retting og korrigerering av «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune», samt fastsetjing av avgiftssatsar.

Forskrift med endringar ligg som vedlegg til saka.

## Saksopplysningar:

Denne saka vart lagt ut på høyring i perioden 17.10.2018 - 06.11.2018. Høyringsdokumenta vart lagt ut på servicetorget på Herøy rådhus og på Herøy kommune sin nettstad. Høyringa vart kunngjort på nettstaden den 17.10.2018 og med annonse i Vestlandsnytt den 19.10.2018. Det kom ikkje inn merknader til høyringa.

Gjeldande «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune» vart vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak 20/17 den 09.03.2017.

### Avgiftssatsar

I «Forskrift om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift» §§ 3 og 4 vert det vist til kva kostnader som kan dekkast av anløpsavgifta og korleis avgifta skal bereknast. I § 7 vert det sett krav til etterkalkulasjon.

I samsvar med «Forskrift nr. 2010-12-20-1762 Kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift» § 5, og vedtak gjort av Herøy kommunestyre i K-sak 89/18, er det inngått fastprisavtale Hurtigruten AS. Avtala gjeld for perioden 2018-2019 (2020), og er på kr 200 000,- pr. år. Beløpet vert årlig indeksjustert i samsvar med tolvmånedersendringa i SSB sin konsumprisindeks pr. november føregående år.

Sjølvkostbudsjett for perioden 01.04.2017-31.03.2018:

Sjølvkostbudsjett anløpsavgift for perioden 01.04.2017-31.03.2018				
Post	Tekst	Estimert	Faktisk	Merknad
1	Navigasjonsinnretningar, investeringar og vedli	kr -	kr -16 552	Fjerning av framandobjekter i farleia
2	Finans- og avskrivingskostnader knytt til investe	kr -	kr -	
3	Kostnader forbunde med utøving av offentleg r	kr -57 500	kr -40 489	Vaktordning/berdskap m.m.
4	Relativ del av felleskostnader	kr -268 205	kr -167 011	Løn og utstyr/matriell
5	Kjøp av tenester	kr -150 000	kr -196 920	Anløpsregistrering og fakturering (inkl. oppst
	Sum kostnader	kr -475 705	kr -420 972	
	Inntekter	kr 497 000	kr 256 480	Anløpsavgift
	Resultat	kr 21 295	kr -164 492	
	Anløp		3550	1832

## Inntekter, utgifter og prognose for 2017, 2018 og 2019:

<b>2017</b>							
Inntekter 01.04.2017 - 31.12.2017	kr	182 980					
Utgifter 01.04.2017 - 31.12.2017	kr	-327 954					
<b>Resultat 2017</b>	<b>kr</b>	<b>-144 974</b>	kr -144 974				
<b>2018</b>							
Inntekter Hurtigruten 2018	kr	200 000					
Estimerte inntekter andre anløp	kr	179 900					
Kreditnota til Hurtigruten for 2017-2018	kr	-121 100					
Estimerte utgifter 2018	kr	-420 000					
<b>Estimert resultat 2018</b>	<b>kr</b>	<b>-161 200</b>	kr -161 200				
<b>Estimert resultat 2017 - 2018</b>			<b>kr -306 174</b>				
<b>2019</b>							
Overført del av resultat 2017 - 2018 (Sjølvcost over 5 år)	kr	-102 058		kr -306 174	skal fordelast på 2019 - 2021 (3 år)		
Forventa utgifter 2019	kr	-420 000					
Estimerte inntekter Hurtigruten 2019	kr	206 800			Anløp	Sats pr. anløp	
Estimert anløpsavgift under 50 BT	kr	-			40	0	
Estimert anløpsavgift 50 BT - 300 BT	kr	30 600			180	kr 170,00	
Estimert anløpsavgift 300 BT - 1200 BT	kr	58 300			265	kr 220,00	
Estimert anløpsavgift over 1200 BT	kr	226 800			810	kr 280,00	
<b>Forventa resultat 2019</b>	<b>kr</b>	<b>442</b>					

### Straffeansvar

Hurtigruten AS har påpeika at «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune» inneheld feil når det gjeld påstand om straffeansvar ved unndraging av avgiftsbetaling.

Heimel til inndriving av skyldig avgift som er fastsatt i samsvar med § 25 (anløpsavgift) i hamne og farvasslova vert regulert av § 55 i same lov. Det vert her ikkje pålagt straffeansvar ved å unnlate å betale anløpsavgift, men vist til at krav som kommunane har mot reiar, har panterrett i skipet.

Reiar og agent er solidarisk ansvarleg for betaling av anløpsavgifta, jf. hamne og farvassloven § 25 fjerde ledd.

### Anna

Ålesundsregionenes havnevesen skal oppgradere system for registrering og fakturering av anløp 2019.

### **Vurdering og konklusjon:**

#### Forskriftstekst

Punkt 3.2 Ansvarsforhold og straffeansvar i «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune» seier at unndraging av avgiftsbetaling medfører straffeansvar. Dette er ikkje korrekt etter hamne og farvasslova.



Dette punktet viser og til at reiar er ansvarleg for betaling av anløpsavgifta. Det korrekte etter lova er at reiar og agent er solidarisk ansvarlege.

Punkt 3.2 vert difor korrigerert til å være i samsvar med lova.

### Avgiftssatsar

Anløpsavgifta vart innført 01.04.2017, og vi har dermed lite erfaring med kva kostnader vi kan få på dette avgiftsområdet. Avgifta er derfor utrekna etter kostnader og tal på anløp vi har hatt dei fyrste 12 månadane etter at avgifta vart innført.

På grunnlag av dårleg bakgrunnsdata vart det ikkje gjort endringar på denne avgifta i 2018. Det viser seg at det estimerte talet på anløp som vart brukt ved utrekninga av gjeldande sats er lang høgare enn aktuelle tal på anløp, og at ein derfor vil få eit underskot i perioden 2017 og 2018.

Anløpsavgifta er eit sjølvkostområde som skal gå i null over ei periode på 3 til 5 år. Underskotet kommunen får for 2017 og 2018 må derfor dekkast inn over dei neste 3 åra.

Kommunen har anløp av fartøy med lengde over 15 meter men med bruttotonnasje som er mindre enn på fartøy som slepp anløpsavgift. Disse anløpa utgjør ein liten del av inntektene på anløpsavgifta.

Med bakgrunn i det dette vert forslag til nye satsar sett slik:

Fartøy under 50 BT	Kr 0,- pr. anløp
Fartøy mellom 50 BT og 300 BT	Kr 170,- pr. anløp
Fartøy mellom 300 BT og 1200 BT	Kr 220,- pr. anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 280,- pr. anløp
Kystruten Bergen-Kirkenes	* Kr 200 000,- pr. år

*\* I samsvar med «Forskrift nr. 2010-12-20-1762 Kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift» § 5 er det inngått fastprisavtale med Hurtigruten AS for perioden 2018-2019 (2020) etter vedtak gjort av Herøy kommunestyre i K-sak 89/18. Beløpet vert indeksjustert i samsvar med tolv måneders endringa i SSB sin konsumprisindeks som vert offentliggjort den 10.11.2018.*

I samband med at Ålesundregionens Havnevesen skal oppgradere system/programvare for registrering og fakturering av anløp, må det kanskje gjerast justeringar i avgiftssatsane. Dette for å tilpasse desse til eventuelle endringar i aktuelle system.

Med bakgrunn i saksutgreiinga vil rådmannen tilrå at endringar til «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune» vert vedteke og vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av avgiftssatsar og mindre avvik som er av ikkje prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av anløpsavgifta.

Fosnavåg, 14.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Fred Arnesen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Torger Kvalsund

---

**Avtale om kjøp av havnetjenester**

---

**mellom**

**Herøy kommune,**

**og**

**Hurtigruten AS**

**vedrørende**

**Hurtigrutens anløp Torvik, Herøy kommune**

Datert 28. september 2018

## Avtale om betaling av anløpsavgift

Denne Avtale om kjøp av havnetjenester (heretter kalt "**Avtalen**") er inngått den 28. september 2018 mellom:

- (1) Herøy kommune, org.nr. 964 978 840 ("**HK**"); og
- (2) Hurtigruten AS, org.nr. 914 904 633 ("**Hurtigruten**" / "**Kunde**"),

(i det følgende enkeltvis omtalt som "**Part**", og i fellesskap "**Partene**").

### 1 Bakgrunn

Avtalens formål er å regulere eksisterende forhold mellom Partene fra og med 1. januar 2018 til og med 31. desember 2019. Avtalen er kommet til gjennom forhandlinger mellom Partene.

Avtalen legger til rette for at Hurtigrutens skip kan anløpe Herøy kommune fram til utløpet av Avtalen. Avtalen vil automatisk forlenges ut til og med 31. desember 2020 dersom Samferdselsdepartementet benytter seg av opsjonsåret i anbudet *Kystruten Bergen-Kirkenes* ("**Kystruteavtalen**").

Dette er en særavtale om betaling av anløpsavgift, hjemlet i Havne- og farvannsloven og anløpsavgiftsforskriften §5. Avtalen er forhandlet frem på bakgrunn av objektive forhold rundt Hurtigrutens operasjoner i kommunens farvann, herunder:

1. Hurtigrutens hyppige, forutsigbare anløpsfrekvens
2. Skipene bruker lavsvovel marint destillat (MSD 500), som reduserer luftforurensningen fra skipene sammenlignet med vanlig tungolje

Basert på disse forholdene, som er særegne for Hurtigruten, vurderer Partene at betingelsene i Avtalen er i tråd med Havne- og farvannslovens regler om anløpsavgift.

Partene har en intensjon om å forhandle frem en ny avtale for Hurtigrutens anløp etter den nye kystruteavtalen, da justert i forhold til antall skip i operasjon under det nye avtaleregimet.

### 2 Årlig anløpsavgift

Hurtigruten skal betale en årlig anløpsavgift til HK for anløp i kommunens farvann pålydende NOK 200 000 (tohundretusen kroner). Fastprisen gjelder uavhengig av antallet anløp, men skulle forhold utenfor Hurtigrutens kontroll forhindre anløp i kommunens farvann i perioder over tre påfølgende døgn skal anløpsavgiften reduseres forholdsmessig, ut fra en forutsetning om 710 årlige anløp i farvannet.

Prisregulering skjer årlig, første gang den 1. januar 2019, i henhold til tolv måneders endringen i SSBs konsumprisindeks offentliggjort den 10. november foregående år.

#### 2.1 Forutsetning

Hurtigruten betaler anløpsavgift til HK jf. Havne- og farvannsloven § 25, som skal beregnes i henhold til det til enhver tid gjeldende regelverk.

Det skal føres et selvkostregnskap for anløpsavgiften i henhold til anløpsavgiftsforskriften. Det er en forutsetning at kostnadene som henføres anløpsavgiften er kostnader som ifølge Kystverket lovlig kan henføres anløpsavgiften.

## **2.2 Fakturering og betaling**

HK fakturerer forskuddsvis i henhold til Avtalen, én gang pr. måned, med betalingsfrist 30 dager etter fakturadato.

## **3 Ikrafttredelse og varighet**

Avtalen gjelder fra og med 1. januar 2018 til og med 31. desember 2019. Avtalen forlenges automatisk med 1 år, til og med 31. desember 2020, dersom opsjon på forlengelse av Kystruteavtalen utøves av Samferdselsdepartementet.

Partene har en gjensidig rett til å si opp avtalen med 6 måneders skriftlig varsel.

## **4 Opphør av avtalen ved lovendring**

Kommunenes rett til innkreving av anløpsavgift er hjemlet i Havne- og farvannsloven av 2009, § 25 med videre henvisninger. Skulle en lovendring inntre i avtaleperioden som helt fjerner kommunenes rett til innkreving, faller retten til å kreve inn anløpsavgift, også under Avtalen, automatisk bort. Tilsvarende dersom en lovendring vesentlig innskrenker kommunens frihet i innkreving av anløpsavgift.

## **5 Ansvar og sikkerhet**

### **5.1 Kommunens forpliktelser – sikkerhet og fremkommelighet**

HK forplikter seg gjennom innkreving av anløpsavgift å tilrettelegge for sikkerhet og fremkommelighet i kommunens sjøområde i samsvar med havne- og farvannsloven og i henhold til myndighet gitt i lovens § 9.

Skulle kommunen unnlate å utøve disse forpliktelser bortfaller retten til innkreving av anløpsavgift regulert i denne avtale.

HK skal ha en tilfredsstillende beredskapsplan for håndtering av ulykker. Alle ulykker og nestenulykker som angår eller kan påvirke Hurtigruten eller deres skip skal rapporteres umiddelbart til kapteinen på det Hurtigruteskip som påvirkes. Kapteinen vil foreta videre rapportering til Hurtigruten.

### **5.2 Offentlighet**

Denne Avtalen er en avtale mellom HK og Hurtigruten. Avtalen kan etter partenes skjønn gjøres offentlig kjent.

## **6 Lovvalg og tvisteløsning**

### **6.1 Lovvalg**

Denne Avtale reguleres av norsk rett.

### **6.2 Tvisteløsning**

Enhver tvist mellom Partene skal søkes løst ved forhandlinger. Om forhandlinger ikke fører frem, skal tvisten avgjøres ved de alminnelige domstoler.

\* \* \* \* \*

Denne Avtale er utferdiget 2 – to – likelydende eksemplarer, hvorav hver av Partene beholder ett hver.

Tromsø, 28. september 2018

**Herøy kommune**

**Hurtigruten AS**



Arnulf Goksøy  
Ordfører

Tor Geir Engebretsen  
Konserndirektør Maritime Operasjoner

for

# FORSKRIFT OM ANLØPSAVGIFT FOR HERØY KOMMUNE

Vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak **XX/XX** den **XX.XX.XXXX**

---

## 1. Innleiing

### 1.1 Heimel

Anløpsavgift er fastsett i henhold til lov 2009-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (Havne- og farvannslova 2009) § 25 med tilhørende forskrifter.

### 1.2 Sjøområdet og avgiftdekning

Herøy kommune sitt sjøområdet omfattar sjøområdet innanfor kommunen sin grenser.

Anløpsavgift vert ilagt fartøy og er fartøyet si betaling for bruk av farvatn, sjøareal, innretingar og tiltak som vil kunne medverke til å lette fartøyet sin ferdsel i kommunen sitt sjøområde.

### 1.2 Iverksetting

Forskrift om anløpsavgift for Herøy kommune gjeldande frå ~~01.04.2017~~ 01.01.2019. Frå same tid vert forskrift av 09. mars 2017 nr. 579 om anløpsavgift, Herøy kommune, Møre og Romsdal oppheva.

## 2. Anløpsavgift

### 2.1 Beregningsgrunnlag

Anløpsavgift vert berekna etter fartøyet sin bruttotonnasje (BT) i henhold til Den internasjonale konvensjon om måling av fartøy av 23. juni 1969. For fartøy som ikkje er målt eller har gyldig målebrev, fastset Herøy kommune fartøyet sin tonnasje etter skjønn.

Anløpsavgift skal betalast ein gong pr. anløp. Ved gjentekne anløp innanfor eit og same døgn skal ikkje avgifta betalast meir enn ein gong pr. døgn.

Alle oppgjevne satsar er eksklusiv meirverdiavgift.

### 2.2 Regulativ for anløpsavgift

Alle fartøy, med unntak som nemde i pkt. 2.3., betalar anløpsavgift etter følgjande satsar:

**Minsteavgift: kr 140,- pr. anløp.**

Fartøy under 50 BT	Kr 0,- pr. anløp
Fartøy mellom 50 BT og 300 BT	Kr 170,- pr. anløp



Fartøy mellom 300 BT og 1200 BT	Kr 220,- pr. anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 280,- pr. anløp
Kystruten Bergen-Kirkenes	* Kr 200 000,- pr. år

*\* I samsvar med «Forskrift nr. 2010-12-20-1762 Kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift» § 5 er det inngått fastprisavtale med Hurtigruten AS for perioden 2018-2019 (2020) etter vedtak gjort av Herøy kommunestyre i K-sak 89/18. Beløpet vert indeksjustert i samsvar med tolv måneders endringa i SSB sin konsumprisindeks som vert offentliggjort den 10.11.2018.*

Utan om fritak frå anløpsavgift under pkt. 2.3 vert det ikkje gitt rabatt uansett ruteområde, fartøytype eller heimehamn.

## 2.3 Fritak for anløpsavgift

Følgjande fartøy er fritakne for anløpsavgift:

- Fartøy som passerer sjøområdet utan å anløpe kommunal eller privateigd kai
- Fartøy som anløper hamn på grunn av skade eller nødstilstand og fartøyet ikkje lastar eller lossar
- Bergingsfartøy og isbrytar under utføring av berging og isbryting
- Orlogsfartøy, så vel norske som utanlandske
- Kystverket sine fartøy i samband med arbeid i farvatnet
- Fartøy tilhøyrande Redningssselskapet (redningsskøytene)
- Fartøy med største lengde under 15 meter

## 3. Opplysningsplikt, ansvarstilhøve m.m.

### 3.1 Opplysningsplikt

Herøy kommune kan krevje dokumentasjon for å kunne oppfylle offentlege krav til statistikk eller for å kunne kontrollere beregning av kommunen sine krav i medhald av denne forskrifta. Hamnebrukarar og private kaieigarar pliktar å gi Herøy kommune dei opplysingane som er naudsynt for å berekne og innkrevje anløpsavgifta.

### 3.2 Ansvarsforhold **og straffeansvar**

Reiar **og agent** er **solidarisk** ansvarleg for betaling av anløpsavgifta.

Skuldig anløpsavgift er tvangsgrunnlag for utlegg. Ved for sein betaling av anløpsavgift tilkjem renter etter lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved for sein betaling m.m.

Krav som Herøy kommune har mot reiar, har panterett i skipet etter reglane om sjøpantrett i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjølova).

**Unndraging av avgiftsbetaling medfører straffeansvar.**





Anlegg- og driftsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	TORGER	Arkivsaknr:	2018/1447
		Arkiv:	231

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
77/18	Maritim og teknisk komite	19.11.2018
	Formannskapet	20.11.2018
	Kommunestyret	06.12.2018

### PRISAR OG VILKÅR FOR BRUK AV KOMMUNALE HAMNEANLEGG I HERØY KOMMUNE - ENDRINGAR I PRISAR OG VILKÅR FOR 2019

#### Tilråding:

I medhald av lov 2001-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (hamne og farvasslova) med tilhøyrande forskrifter vedtek Herøy kommunestyre forslag til endring av «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune».

Endringar vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av prissatsar og mindre avvik som ikkje er av prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av hamneavgifter.

Det vert ikkje stilt krav til å føre sjølvkostrekneskap for kaivederlaga. Utgiftene til renter, avdrag og avskrivning for kaiene vert å trekke ut av ansvarsområdet Hamn og tilbakeføre til ansvar 9014 (avskrivning) og 9011 (renter/avdrag).

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her

**Vedlegg:**

- 1 Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune - Revidert 15.10.2018
- 2 Vilkår for hamnetenester i Herøy Kommune

**Samandrag av saka:**

Saka gjeld endringar i «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune».

Dokumentet «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» med endringar, ligg som vedlegg til saka.

**Saksopplysningar:**

Denne saka vart lagt ut på høyring i perioden 17.10.2018 - 06.11.2018. Høyringsdokumenta vart lagt ut på servicetorget på Herøy rådhus og på Herøy kommune sin nettstad. Høyringa vart kunngjort på nettstaden den 17.10.2018 og med annonse i Vestlandsnytt den 19.10.2018. Det kom ikkje inn merknader til høyringa.

Gjeldande dokument «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» vart vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak 20/17 den 09.03.2017.

Renter, avdrag og avskrivning for kaiene

Utgifter til renter, avdrag og avskrivning for kaiene utgjer årleg omlag kr 885 000,-. Det vert små endringar i desse utgiftene i restavskrivingsperioden på kaiene som er 19 år.

Desse utgiftene vart før innføring av hamneavgifter belasta drifta på ansvar 9014 (Avskrivning) og 9011 (Renter/Avdrag).

I K-saka vart det satt som føresetnad at desse kostnadane skal førast på tenesteområdet Hamn og skal dekkast inn av inntekter frå kaivederlag.

Sjølvkostrekneskap

Det vart i K-saka satt som føresetnad at det skal førast sjølvkostrekneskap for kaivederlaga. Det er ikkje sett krav til at det skal førast sjølvkostrekneskap for kaivederlag i hamne og farvasslova.

I FOR 2003-10-12 nr 1243: Forskrift om levering og mottak av avfall og lasterester fra skip er det bestemt at finansiering av mottaksordning for skipsavfall skal dekkast ved innkrevjing av avfallsgebyr.

Brukaravgift

Før innføring av hamneavgifter hadde kommunen ei inntekt på kr 330 996,- på brukaravgift for Mjølstadneset. Desse avtalene var sagt opp ved innføring av hamneavgifter.

Vaktordning

Anlegg og driftsavdelinga har teknisk vakt som er tilgjengeleg 24/7.

## Utgifter, inntekter og statestikk

Utgifter, inntekter og statestikk er basert på dei fyrste 12 månadane etter at regulativet vart innført, det vil seie for perioden 01.04.2017-31.03.2018.

## ISPS

- Driftsresultat fyrste driftsår: **- Kr 11.114,-**
- Tal på anløp som har generert ISPS-gebyr: **36 anløp**

INNTEKTER	UTGIFTER
<b>Kr 7.200,-</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Fryse- og kjøleskip: Kr 3.000,-</li><li>• Fiskefartøy: Kr 1.600,-</li><li>• Andre fartøy: Kr 2 600,-</li></ul>	<b>Kr 18.314,-</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Revisjon og kursutgifter (kvart 5. år): Kr 66.570,-</li><li>• Årleg e-læringsavgift: Kr 5.000,-</li><li>• Utgifter til løn er ikkje teke med her.</li></ul>

## Renovasjon

- Driftsresultat fyrste driftsår: **Kr 20.363,-**
- Tal på anløp som har generert avfallsgebyr: **524 anløp**

INNTEKTER	UTGIFTER
<b>Kr 157.200,-</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Fiskefartøy: Kr 115.800,-</li><li>• Brønnfartøy: Kr 24.300,-</li><li>• Andre fartøy: Kr 17 100,-</li></ul>	<b>Kr 136.837,-</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kontainerleige og tøyming: Kr 136 837,-</li><li>• Utgifter til løn er ikkje teke med her.</li></ul>

## Kaivederlag

- Driftsresultat fyrste driftsår: **- Kr 1.007.000,-**
- Tal på anløp som har generert kaivederlag: **800 anløp**

INNETEKTER	UTGIFTER
<b>Kr 560.000,-</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Fiskefartøy: Kr 388.834,-</li><li>• Brønnfartøy: Kr 75.959,-</li><li>• Andre fartøy: Kr 95 207,-</li></ul>	<b>Kr 1.567.000,-</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Renter/avskrivning kaier: Kr 884.861,-</li><li>• Løns-, personal- og administrasjonskostnader: Kr 323.200,-</li><li>• Ålesundregionens Havnevesen (inkludert oppstartskostnader på kr 48.000,-): Kr 196.920,-</li><li>• Vedlikehold: Kr 161.600,-</li></ul>

## Sal av straum og vatn

- Driftsresultat for 2017: **- Kr 45.245,-**
  - Straumlevering: - Kr 44639,-
  - Vasslevering: - Kr 606,-

INNETEKTER	UTGIFTER
<b>Kr 154.261,-</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Straum: Kr 130.777,-</li><li>• Vatn: Kr 23.484,-</li></ul>	<b>Kr 199.506,-</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Straum: Kr 175.416,-</li><li>• Vatn: Kr 24.090,-</li><li>• Utgifter til løn og vedlikehold er ikkje teke med her.</li></ul>

### Anna

Ålesundsregionenes havnevesen skal oppgradere system for registrering og fakturering av anløp 2019.

### **Vurdering og konklusjon:**

#### Sikkerheitsgebyr (ISPS)

Det er få anløp som genererer sikkerheitsgebyr. For å gå i null over fem år (2017-2022) med dagens kostnader og tal på anløp må gebyret aukast relativt mykje, frå kr 200,- pr. anløp til eit snitt på kr 715,- pr. anløp.

For å få ei rettferdig fordelinga vert gebyret føreslege differensiert etter størrelsen på fartøya.

Forslag til nye satsar vert sett slik:



Fartøy med sikrings sertifikat (SSC) betaler ISPS-gebyr etter følgjande satsar:

Fartøy under 1200 BT	Kr 300,- pr. anløp
Fartøy mellom 1200 BT og 2000 BT	Kr 500,- pr. anløp
Fartøy over 2000 BT	Kr 715,- pr. anløp

#### Avfallsgebyr

Det vert frå sentralt hold stilt krav til at alle fartøy som anløper kommunale hamneanlegg skal betale avfallsgebyr, også om dei ikkje leverer avfall i hamna. Det er og bestemt at fartøy som har faste avtaler med andre hamner om levering av avfall, og kan dokumentere dette, skal få bortfall av avfallgebyret. Ordninga skal vere sjølvfinansiert.

I «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» under punkt 1.1 er det bestemt at det skal betalast avfallsvederlag for skip som anløper Mjølstadneset Hamneterminal og almenningsskaiene i Fosnavåg (indre og ytre almenningsskai).

Sidan ytre almenningsskai ikkje er ei kommunal kai men er ei statleg eigd kai, vert det føreslege å ta denne kaia ut av denne føresegna.

Setninga «Fartøy som har faste avtaler med andre hamner om levering av avfall, og kan dokumentere dette, får bortfall av avfallgebyret.» vert lagt til under punkt 2.

Dei fyrste 12 månadane gjekk vi med eit lite overskot på renovasjonsgebyret. Sidan vi får auka kostnader til utviding av renovasjonsordninga, og til utarbeiding av avfallsplan, vert det foreslått å auke dette gebyret frå kr 300,- pr. anløp til eit snitt på ca. kr 350,- pr. anløp.

For å få ei rettferdig fordelinga vert gebyret føreslege differensiert etter størrelsen på fartøya.

Forslag til nye satsar vert sett slik:

Alle fartøy betalar avfallsgebyr etter følgjande satsar:

Fartøy under 50 BT	Kr 100,- pr. søppelsekk
Fartøy mellom 50 BT og 1200 BT	Kr 275,- pr. anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 375,- pr. anløp

#### Kaivederlag

Skal utgifter til renter, avdrag og avskrivning for kaiene dekkast inn av inntekter frå kaivederlag, må desse vederlaga aukast med ca. 280% for å gå i null over eit driftsår. Skal ein samstundes dekke inn tapet for perioden 01.04.2017-31.12.2018 over ei sjølvkostperiode på 5 år må vederlaget aukast med ca. 400% frå 2019.

Med slik auke vil kostnadane med å bruke dei kommunale kaiene verte langt over det andre hamner i nærområdet tek. Konsekvensen av dette er at bruken av hamnene og dermed inntektsgrunnlaget truleg vert sterkt redusert.

Til samanlikning ligg Ålesund havn ca. 30 % over våre satsar, men dei fakturere maks 7 kaivederlag pr. kalendermånad for fiskefartøy.

Nordfjord Havn ligg ca. 150 % over våre satsar, men dei fakturerer maks 3 kaivederlag for fiskebåtar heimehøyrande i Nordfjord Havn.

Fiskebåtar utgjør omlag 70 % av vårt inntektsgrunnlag.

Ved å trekke ut utgiftene til renter, avdrag og avskrivning for kaiene frå tenesteområdet Hamn, og auke vederlaga til nivå med Ålesund hamn, vil ein kunne få eit overskot på området hamn som kan nyttast til nødvendig vedlikehald og utvikling av kaiene.

Etter innføringa av hamneavgifter er bruken av dei kommunale kaiene for båtar under 15 meter nesten fråverande. Det har og kome inn mange klagar på desse avgiftene frå sjarkeigarar. Då vi ser nytten av ei sterk sjarknæring i kommunen vert det føreslege at båtar under 15 meter vert fritatt frå å betale kaivederlag. For å unngå at fartøy under 15 meter bruker kaiene som fast liggeplass vert det lagt inn forslag om betaling ved bruk av kaiene i meir enn 14 dagar i løpet av ein kalendermånad.

Forslag til nye satsar vert sett slik:

Alle fartøy over 15 meter betalar kaivederlag etter følgjande satsar:

<b>BRUTTOTONNASJE</b>	<b>INTERVALL</b>	<b>SATS PR. TONN</b>	<b>TOTALT MAKS BELØP PR. DØGN</b>
For dei fyrste 300 BT	1 - 300	kr. <del>0,56</del> Kr 0,72	kr. <del>168</del> Kr 216,-
For dei neste 300 BT	301 - 600	kr. <del>0,45</del> Kr 0,58	kr. <del>303</del> Kr 390,-
For dei neste 600 BT	601 - 1 200	kr. <del>0,33</del> Kr 0,43	kr. <del>501</del> Kr 648,-
For dei neste 800 BT	1 201 - 2 000	kr. <del>0,31</del> Kr 0,41	kr. <del>749</del> Kr 976,-
For dei neste 1 000 BT	2 001 - 3 000	kr. <del>0,23</del> Kr 0,29	kr. <del>979</del> Kr 1 266,-
For dei neste 2 000 BT	3 001 - 5 000	kr. <del>0,22</del> Kr 0,28	kr. <del>1 419</del> Kr 1 826,-
For dei neste 5 000 BT	5 001 - 10 000	kr. <del>0,18</del> Kr 0,25	kr. <del>2 319</del> Kr 3 076,-
For dei neste 10 000 BT	10 001 - 20 000	kr. <del>0,15</del> Kr 0,22	kr. <del>3 819</del> Kr 5 276,-
For dei neste 10 000	20 001 – 30	kr. <del>0,49</del> Kr	kr. <del>8 719</del> Kr

BT	000	0,66	11 876,-
For dei neste 20 000 BT	30 001 – 50 000	kr. <del>0,45</del> Kr 0,61	kr. <del>17 719</del> Kr 24 076,-
For alt over 50 000 BT	Over 50000	kr. <del>0,36</del> Kr 0,49	-----

Minstepris kr 200,- pr. døgn.

Fartøy under 15 meter som bruker kaia meir enn 14 dagar i ein kalendermånad betalar etter følgjande satsar:

Fartøy under 12 meter	Kr 830,- pr. månad
Fartøy over 12 meter	Kr 1 150,- pr. månad

Gjelder ikkje fast kaiplass.

#### Sal av ferskvatn

For å dekke inn utgifter til sal av ferskvatn, for eksempel til slangar og koplingar, vert det føreslege å auke prisen frå kr 12,- pr. m<sup>3</sup> til kr 16,- pr. m<sup>3</sup>.

#### Sal av straum

Underskotet på sal av straum kom hovudsakleg frå effektavgifta som slå inn på nokre fartøy.

Ein forventar og auka kostnader til oppgradering av straumskapa, og vedlikehald av transformator.

For å dekke inn utgifter til sal av straum vert forslag til nye satsar sett slik:

- Pris kr 1,70 pr. kWh.
- Effektavgift vert fakturert etter faktisk kostnad.
- Leige av transformator Kr 200,- pr. døgn.

Punkt 6.3 i «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» omhandlar fristar for bestilling av ferskvatn og straum. Dette punktet vert føreslege fjerna sidan vi har innført teknisk vakt.

#### Anna

I samband med at Ålesundregionens Havnevesen skal oppgradere system/programvare for registrering og fakturering av anløp, må det kanskje gjerast justeringar i prissatsane. Dette for å tilpasse desse til eventuelle endringar i aktuelle system.

Med bakgrunn i saksutgreiinga vil rådmannen gje følgjande tilråding:

«Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune» vert vedteke og vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av prissatsar og mindre avvik som er av ikkje prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant ann å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av anløpsavgifta.

Det skal ikkje stillast krav til å føre sjølvkostrekneskap for kaivederlaga. Utgiftene til renter, avdrag og avskrivning for kaiene vert å trekke ut av ansvarsområdet Hamn og tilbakeføre til ansvar 9014 (avskrivning) og 9011 (renter/avdrag).

Fosnavåg, 15.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Fred Arnesen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Torger Kvalsund

# PRISAR OG VILKÅR FOR BRUK AV KOMMUNALE HAMNEANLEGG I HERØY KOMMUNE

Vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak xx/xx den xx.xx.2018

---

## 1. Orientering om prissystemet

### 1.1 Sikkerheitsgebyr og avfallsgebyr

Når skip med sikrings sertifikat (SSC) nyttar Mjølstadneset Hamneterminal skal det betalast sikkerheitsgebyr (ISPS-gebyr).

Skip som anløper Mjølstadneset Hamneterminal og ~~almenningskaiene indre allmenningskai (Fiskerikaia)~~ i Fosnavåg (~~indre og ytre almenningskai~~) skal betale avfallsvederlag (skipsrenovasjon). Sjå pkt. 2 for oversikt over satsar.

### 1.2 Bruk av hamna sin infrastruktur

Vederlag for infrastruktur er betaling for bruk av kai, kaiareal og anna som tilhøyrer Herøy kommune. Følgjande priskategoriar inngår i denne gruppa.

- Kaivederlag – Betaling for bruk av kaier (sjå pkt. 3.1.)
- Varevederlag – Betaling for bruk av kaiareal for lasting og lossing samt mellomlagring av gods før lasting/etterlossing (sjå pkt. 3.2.)

### 1.3 Sal av vare og tenester

Herøy kommune tilbyr diverse varer og tenester til skipsfarta og andre hamnebrukarar. Sjå pkt. 4.

### 1.4 Sakhandsamingsgebyr

I samsvar med Lov om havner og farvann nr. 19 §§ 6 og 54. med tilhøyrande forskrifter er det gitt tilgang til å innkrevje sakshandsamingsgebyr. Til dekning av Herøy kommune sine nødvendige kostadar i samband med handsaming av søknader om løyve etter Lov om havner og farvann § 27 og forskrifter gitt i medhald av lova, skal tiltakshavar betale gebyr.

Gebyra skal betalast før sakshandsaminga startar. Sakshandsaminga vil ta til når innbetaling av gebyr er registrert.

Innbetalt sakshandsamingsgebyr vert ikkje refundert ved avslag på søknad. Gebyrsatsar sjå pkt. 5.

## 2. Sikkerheitsgebyr og avfallsgebyr

Gjeldande ISPS- og avfallsgebyr (skipsrenovasjon) i Herøy kommune, eks. mva.

### ISPS-gebyr

~~ISPS-gebyr: kr. 200,- pr. anløp~~

Fartøy med sikrings sertifikat (SSC) betaler ISPS-gebyr etter følgjande satsar:

Fartøy under 1200 BT	Kr 300,- pr. anløp
Fartøy mellom 1200 BT og 2000 BT	Kr 500,- pr. anløp
Fartøy over 2000 BT	Kr 715,- pr. anløp

### Avfallsgebyr

- ~~Avfallsgebyr kr. 300,- pr. anløp.~~

Alle fartøy betalar avfallsgebyr etter følgende satsar:

Fartøy under 50 BT	Kr 100,- pr. søppelsekk
Fartøy mellom 50 BT og 1200 BT	Kr 275,- pr. anløp
Fartøy over 1200 BT	Kr 375,- pr. anløp

Farleg avfall, kloakk og lasterestar må handterast av godkjend renovatør som vert bestilt og fakturert i kvart enkelt tilfelle.

Fartøy som har faste avtaler med andre hamner om levering av avfall, og kan dokumentere dette, får bortfall av avfallgebyret.

### 3. Bruk av Mjølstadneset Hamnerterminal og Indre allmenningskai i Fosnavåg

Alle prisar er ekskl. mva.

#### 3.1 Kaivederlag, kommersielle anløp

Alle fartøy eller flytande innretningar som fortøyer ved Mjølstadneset Hamnerterminal og Indre allmenningskai i Fosnavåg, skal betale kaivederlag. Fartøy som fortøyer utanfor anna fartøy, betalar kaivederlag som om det var fortøyd ved kaia.

Kaivederlag skal betalast sjølv om fartøyet ligg ved kaia utan at det gjeng føre seg lossing eller lasting.

Kaivederlag vert berekna etter fartøyets bruttotonnasje (BT) og tal på døgn det ligg ved kai. For fartøy som ikkje er målt eller har gyldig målebrev fastset Herøy kommune fartøyet sin tonnasje etter skjønn.

Alle fartøy over 15 meter betalar kaivederlag etter følgende satsar:

BRUTTOTONNASJE	INTERVALL	SATS PR. TONN	TOTALT MAKS BELØP PR. DØGN
For dei fyrste 300 BT	1 - 300	<del>kr. 0,56</del> Kr 0,72	<del>kr. 168</del> Kr 216,-
For dei neste 300 BT	301 - 600	<del>kr. 0,45</del> Kr 0,58	<del>kr. 303</del> Kr 390,-
For dei neste 600 BT	601 - 1 200	<del>kr. 0,33</del> Kr 0,43	<del>kr. 501</del> Kr 648,-
For dei neste 800 BT	1 201 - 2 000	<del>kr. 0,34</del> Kr 0,41	<del>kr. 749</del> Kr 976,-
For dei neste 1 000 BT	2 001 - 3 000	<del>kr. 0,23</del> Kr 0,29	<del>kr. 979</del> Kr 1 266,-
For dei neste 2 000 BT	3 001 - 5 000	<del>kr. 0,22</del> Kr 0,28	<del>kr. 1 419</del> Kr 1 826,-
For dei neste 5 000 BT	5 001 - 10 000	<del>kr. 0,18</del> Kr 0,25	<del>kr. 2 319</del> Kr 3 076,-
For dei neste 10 000 BT	10 001 - 20 000	<del>kr. 0,15</del> Kr 0,22	<del>kr. 3 819</del> Kr 5 276,-
For dei neste 10 000 BT	20 001 - 30 000	<del>kr. 0,49</del> Kr 0,66	<del>kr. 8 719</del> Kr 11 876,-
For dei neste 20 000 BT	30 001 - 50 000	<del>kr. 0,45</del> Kr 0,61	<del>kr. 17 719</del> Kr 24 076,-
For alt over 50 000 BT	Over 50000	<del>kr. 0,36</del> Kr 0,49	-----

Minstepris kr 200,- pr. døgn.

Fartøy under 15 meter som bruker kaia meir enn 14 dagar i ein kalendermånad betalar etter følgende satsar:

Fartøy under 12 meter	Kr 830,- pr. månad
Fartøy over 12 meter	Kr 1 150,- pr. månad

Gjelder ikkje fast kai plass.

### 3.2 Varevederlag

Varevederlag vert rekna etter vekt (i tonn) eller pr. lasteeining. Dette gjeld for alle varer som vert frakta med skip over Mjølstadneset hamneterminal og indre allmenningsskai i Fosnavåg.

Prisar for varer over kai:

- Bulklast: kr 6,- pr. tonn
- Blokkstein og små betongkonstruksjonar: kr 6,- pr. tonn
- Varer i container: kr 100,- pr. container
- Båtar: kr 100,- pr. stk.
- Motorkøyretøy: kr 100,- pr. stk.
- Andre varer: kr 10,- pr. tonn

Vederlaget skal bereknast utifrå vara si **bruttovekt**, når forholdet vekt/kubikk er større enn ½. Og utifrå vara sin **bruttokubikk**, når forholdet vekt/kubikk er mindre enn ½. Dersom dei ovannemnde priskategoriane ikkje er relevante, kan det avklarast prisar spesielt.

Varevederlaget inkluderer rett til å lagre last i 48 timar før/etter lasting/lossing.

Dersom varer vert liggande på kaiområdet utover dette, kjem følgjande tillegg.

- Containerar: kr 150,- pr. container pr. døgn
- Båtar/køyretøy/store konstruksjonar: kr 150,- pr. stk. pr. døgn
- Andre varer (stykkgods): kr 15,00 pr. tonn pr. døgn

Minsteavgift kr 150,- pr. døgn.

## 4. Sal av varer og tenester

Alle prisar er ekskl. mva.

For levering av tenester utanom ordinær arbeidstid kjem følgjande gebyr i tillegg til leveransen.

- I tidsrommet kl. 16:00 – 21:00 måndag – fredag kr 1.000,- pr. gong.
- I tidsrommet kl. 21:00 – 08:00 måndag – fredag samt på laurdagar, søndagar og andre heilag dagar: kr 1.850,- pr. gong

### 4.1 Sal av ferskvatn

Ferskvatn vert levert til skip etter målt kvantum.

- Pris ~~kr 12,00~~ Kr 16,- pr. m3.

### 4.2 Sal av straum

- Pris ~~kr 1,50~~-Kr 1,70 pr. kWh.
- Effektaggift vert fakturert etter faktisk kostnad.
- Leige av transformator Kr 200,- pr. døgn.

Merknad:

Ingen kan kople seg til straumnettlet utan løyve frå Herøy kommune. Målar vert avlesen av hamneoperatør ved tilkopling og fråkopling.

## 5. Sakhandsamingsgebyr

Satsar for sakhandsaming etter lov om havner og farvann:

Gebyrtype

- Sakshandsamingsgebyr "enkle" tiltak kr. 1.500,- pr. søknad

- Sakshandsamingsgebyr "enkle" tiltak m/synfaring kr. 2.500,- pr. søknad
- Sakshandsamingsgebyr, større tiltak kr. 2.500,- pr. søknad
- Sakshandsamingsgebyr, større tiltak m/synfaring kr. 4.000,- pr. søknad

## 6. Diverse informasjon

### 6.1 Informasjon om ordning for skipsrenovasjon (avfallsordning)

Levering av avfall ved anløp skal avtalast på førehand ved å kontakte hamneoperatør, sjå pkt. 6.5.

Oljeavfall, lasterestar og kloakk frå skip skal leverast til avfallsfirma. Kontakt hamneoperatør for nærmare informasjon om avfallsordninga og/eller formidling av avfallsfirma for mottak av oljeavfall, lasterestar og kloakk frå skip.

### 6.2 Krantenester

Herøy kommune har ikkje eigne kraner.

### ~~6.3 Bestilling av ferskvatn og straum~~

- ~~Bestilling av vatn for levering på laurdagar, søn- og helligdagar må skje seinast kl. 13:00 på fredagar eller siste ordinære virkedag før helligdag.~~
- ~~Avbestilling av vasslevering utanom ordinær arbeidstid må skje innan kl. 14:00 siste arbeidsdag.~~
- ~~Same vilkår gjeld for tilkalling av hamneoperatør ved bestilling av straum.~~

### 6.4 Forretningsvilkår

For utfyllande informasjon vert det vist til vedlagte «Vilkår for hamnetenester i Herøy kommune».



# VILKÅR FOR HAMNETENESTER I HERØY KOMMUNE

Vedteke av Herøy kommunestyre i K-sak 20/17 den 09.03.2017

---

## 1. VERKEOMRÅDE

1. Disse alminnelege vilkåra er bindande for alle hamnetenester som Herøy kommune utfører. Vilråra er også bindande for hamneoperatørar ved Mjølstadneset Hamneterminal.
2. For å fråvike vilråra må det inngåast eigen særskilt avtale mellom Herøy kommune og hamneoperatøren om dette.

## 2. NÆRMARE OM HAMNEVERKSEMMA I HERØY KOMMUNE

1. Hamneverksemma er underlagt Anlegg- og driftsavdelinga i kommunen.
2. Herøy kommune driv hamneverksemma, tenesteyting, utøving av mynde og anna offentleg forvaltning.
3. Hamneverksemma er regulert ved Lov av 17.april 2009 nr. 19 om havner og farvann med tilhøyrande forskrifter, forutan internasjonale bestemmelsar om handtering av avfall og sikring (ISPS).
4. Forskrift om bruk og orden i hamner i Herøy kommune.

## 3. PRIS- OG TILBODSBESTEMMELSAR

1. Hamneoperatørar og andre brukarar av kommunen sine hamneanlegg skal betale gebyr og avgifter i samsvar med gjeldande prislste. Alle prisar er eksklusiv meirverdiavgift og eventuelle andre avgifter.

## 4. BETALINGSVILKÅR

1. Med mindre anna er avtalt er alle prisar i norske kroner.
2. Om ikkje anna er avtalt skal betaling skje innan tretti (30) dagar frå fakturadato.
3. Herøy kommune kan kreve fakturagebyr. Fakturagebyret skal i såfall framgå av fakturaen.
4. Kunden pliktar å oppgi rett fakturaadresse og organisasjonsnummer samt informere Herøy kommune ved evt. endring av fakturaadresse.
5. Omfakturering som følgje av at kunden har misleghalde informasjonsplikta, gjev ikkje fritak frå betaling til rett tid i samsvar med opphaveleg faktura.
6. Dersom kunden ikkje betaler fakturaen til rett tid, har Herøy kommune rett til å kreve renter og purregebyr etter bestemmelsane i inkassolova.

7. For at feil i ein faktura eller anna betalingskrav frå kommunen skal kunne gjerast gjeldande mot kommunen, må det reklamerast utan ugrunna opphald .

## **5. STILLING AV SIKKERHEIT**

1. Uansett bestemmelsane i punkt 4, kan Herøy kommune, når kommunen finn grunn til dette, kreve betaling på forskott, bankgaranti eller anna relevant sikkerheit.
2. Inntil det er stilt sikkerheit eller betaling har funne stad, har kommunen rett til, utan forvarsel, å innstille igangsette hamnetenester eller nekte segligstillatelse.

## **6. ANLØP**

1. Alle bestemmelsar om anløp, bruk av farlei, anløpsavgift med vidare framgår av gjeldande Forskrift om anløpsavgift.

## **7. OPPLYSNINGAR OM ANKOMSTMELDING OG FARTØYOPPGÅVE**

1. Ankomstmelding skal sendast hamneoperatøren, med kopi til Herøy kommune, innan 24 timar før tidspunkt for anløp til kai.
2. Rederi eller agenten skal levere fartøysoppgåve til hamneoperatøren, med kopi til Herøy kommune, før ankomst.

## **8. KAIVEDERLAG**

1. Alle skip som nyttar Herøy kommune sine kaier betaler kaivederlag i samsvar med gjeldande prisliste.
2. Rederiet er ansvarleg for betaling av kaivederlag.
3. Kaivederlaget vert berekna etter skipet sin storleik og tal på døgn det ligg ved kai.

## **9. OPPLYSNINGAR OM SKIPLAST**

1. Hamneoperatøren skal uoppfordra, og i tide, gi Herøy kommune dei opplysningar som er nødvendige for at kommunen skal kunne utføre hamnetenester. Hamneoperatøren skal i samsvar med dette gje opplysningar om:
  - a. Særlege forholdsreglar som er nødvendige i samband med utføring av hamnetenester.
  - b. Andre relevante tilhøve for å verne personar, miljø, kommunen eller tredjemanns eigedom mot eventuelle skadeverknader relatert til last/ gods.
2. Dersom hamneoperatøren ikkje oppfyller informasjonsplikta, har kommunen rett til, for hamneoperatøren sin rekning og risiko, å ta dei forholdsreglar ein anser nødvendige for å avverge skade på personar, ting, eigedom eller miljø.
3. Dersom hamnetenesta omfattar farleg gods, er hamneoperatøren ansvarleg overfor kommunen for at kommunen i god tid mottek alle relevante opplysningar i samsvar med gjeldande konvensjonar og lover, reglar og

forskrifter som til ei kvar tid gjeld farleg gods. Dette inneber at hamneoperatøren står ansvarleg overfor kommunen for at alt farleg gods er pakka, merka, emballert og klassifisert i samsvar med gjeldande konvensjonar og reglar, og at det frå myndigheit ligg føre dei løyve som er nødvendige.

## **10. HANDTERING AV SKIPSLAST**

1. Hamneoperatøren har sjølv plikt til å utføre kontrollfunksjonar i samband med lasting og lossing og ved inn- og utlevering frå lager.
2. Det er hamneoperatøren sitt ansvar å sikre at godset er pakka og merka i samsvar med gjeldande reglar og praksis slik at det kan motstå normal handtering vind og vertilhøve.
3. Herøy kommune er ikkje ansvarleg for å forsikre gods, korkje for sin eigen eller hamneoperatøren sin rekning. Hamneoperatøren er forplikta til å teikne forsikring for skader som gods kan påføre personar eller ting.
4. Varer og gods som vert plasserte på kaier skal snarast muleg fraktast bort med mindre Herøy kommune tillet at dei vert liggande.
5. Hamneoperatøren er ansvarleg for at emballasje, avfall, restar av last og liknande, er fjerna frå kaiområdet umiddelbart etter at skipet har forlate hamna.

## **11. VAREVEDERLAG FOR GODS- OG VARETRAFIKK**

1. For alle varer som vert frakta med skip over Herøy kommune sine kaier vert det betalt varevederlag i samsvar med gjeldande prisliste. Dette gjeld med følgjande unntak:
  - a. Proviant, bunkers, olje og andre forsyningar til fartøy i hamn.
  - b. Pallar og liknande som ikkje er handelsvare.
2. Varevederlag for inngåande varer ligg på varemottakar. For utgåande varer ligg vederlaget påvareavsender.
3. Varevederlaget dekkjer lagring på kaiområdet inntil 48 timar for lasting/lossing. Etter dette tilkjem tillegg i samsvar med gjeldande prisliste.
4. Grunnlaget for utrekning av varevederlaget er vara si vekt i tonn. Kubikkklaster vert omrekna til vekting der 1m<sup>3</sup> ikkje er mindre enn 0,5 tonn prisberekna. Enkelte godstypar betaler varevederlag pr. eining, jfr. gjeldande prisliste.
5. For varer som kjem til hamna i transitt og som vert sendt vidare med fartøy, betaler ein vederlag berre ved inngåande. For varer i transitt til utlandet vert varevederlaget betalt ved utgåande.
6. Melding til Herøy kommune om lasting og lossing av varer skal sendast hamneoperatøren, med kopi til hamnekontoret, før skipet sin ankomst.
7. Herøy kommune kan foreta kontroll av oppgåver ved stikkprøver og forlange oversendt manifest og/ eller andre relevante dokumenter.

## **12. ANSVARSTILHØVE / SIKKERHEIT**

1. Hamneoperatøren skal på oppmoding framvise bevis på vekt av godset.
2. Hamneoperatøren er sjølv ansvarleg for handsaminga av godset.

### **13. REKLAMASON**

1. Dersom hamneoperatøren vil halde Herøy kommune erstatningsansvarleg for skader, forseinking eller anna knytt til utføring av hamnetenester, skal dette fremjast for kommunen skriftleg utan ugrunna opphald. Motsegn og krav kan ikkje gjerast gjeldande seinare enn tre (3) månader etter den dagen hamneoperatøren fekk, eller burde ha skaffa seg kjennskap til tilhøvet som kravet er grunna på.

### **14. TVISTAR, LOVVALG OG VERNETING**

1. Partane sine rettar og plikter i samsvar med gjeldande vilkår vert i si heilheit regulert av norsk rett.
2. Tingretten er verneting for alle rettstvistar knytt til bruk av Herøy kommune sine hamneanlegg og forståing av gjeldande vilkår.

## **Delegerte saker frå avdelingane**

**DS 245/18 Løyve til deling av 16/35 med heimel i Jordlova 11.10.2018  
00:00:00**

**DS 246/18 Frede Uldbæk - 87/15 - IG brygge 09.10.2018 00:00:00**

**DS 247/18 Ferdigattest tilbygg - 34/75 17.10.2018 00:00:00**

**DS 248/18 Nils - Jacob Elsebø - 30/9 - Frådeling 16.10.2018 00:00:00**

**DS 249/18 Norhus Ørsta as - 4/288 -Løyve til endra plassering carport  
22.10.2018 00:00:00**

**DS 250/18 Ferdigattest - tilbygg 46/27 24.10.2018 00:00:00**

**DS 251/18 Tony Mikkelsen - 40/61 - Sjøkollektor 30.10.2018 00:00:00**

**DS 252/18 Vedtak om løyving av tilskot til Særskilde Miljøtiltak i  
jordbruket til restaurering av gamal løde på gnr. 83 bnr. 6 tilhøyrande  
Oddvin Ronald Støylen. 09.10.2018 00:00:00**

**DS 253/18 Konstantinas Balsevikius - 8/29 - Einebustad 22.10.2018  
00:00:00**

**DS 254/18 Ronny Djupvik - 44/20 - Frådeliing 29.10.2018 00:00:00**

**DS 255/18 Løyve til tiltak - Seksjonering av gnr. 5 bnr. 81 02.11.2018  
00:00:00**

**DS 256/18 Asbjørn Myklebust - 37/384 - Løyve til endring - frådelling  
05.11.2018 00:00:00**

**DS 257/18 Ferdigattest - 34/1 - gapahuk 05.11.2018 00:00:00**

**DS 258/18 Ferdigattest - 4/328 25.10.2018 00:00:00**

**DS 259/18 Mellombels bruksløyve - 34/166 - seksjon nr 1 og 2 09.11.2018  
00:00:00**

**DS 260/18 Kjell Mikal Blomvik - 19/7 - frådelling av tilleggsareal  
08.10.2018 00:00:00**

**DS 261/18 Johannes Eggesbø - 38/2 - Frådelling 17.10.2018 00:00:00**

**DS 262/18 Ferdigattest - terrasse - 12/309 29.10.2018 00:00:00**

**DS 263/18 Olav Arntsen - 9/115 - Fasadeendring 30.10.2018 00:00:00**

**DS 264/18 Lars Petter Lillebø - 16/128 - Veg til Fritidsbustad 09.11.2018  
00:00:00**

**DS 265/18 Løyve til deling av 87/5 med heimel i Jordlova 11.10.2018  
00:00:00**

**DS 266/18 Ferdigattest 42/12 seksjon 11 23.10.2018 00:00:00**

**DS 267/18 Sjøkanten as - 24/18 og 44 - Riving av bygg 02.11.2018  
00:00:00**

**DS 268/18 Tømrer Service as - 46/87 - endring av løyve - ny fasade og takutforming 07.11.2018 00:00:00**

**DS 269/18 Konstantinas Balsevikius - 8/29 - endra koteplassing av bygg 09.11.2018 00:00:00**

**DS 270/18 Svanhild Helde 40/13 Deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning - løyve til tiltak 18.09.2018 00:00:00**

**DS 271/18 Marine Harvest AS 38/8 Tiltak kasselager/kjølerom - igangsettingsløyve tekniske fag 27.09.2018 00:00:00**

**DS 272/18 Alfhild Sande 16/35 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak 15.10.2018 00:00:00**

**DS 273/18 Kjartan Sundnes 17/3 Tiltak driftsbygning - løyve til tiltak 10.10.2018 00:00:00**

**DS 274/18 Nils Ottar Reite 28/34 Tiltak hagestove - ferdigattest 18.10.2018 00:00:00**

**DS 275/18 Stemmedalen vasslag SA - Sjøleidning frå Jensholmen til Sandvika - løyve til tiltak 04.09.2018 00:00:00**

**DS 276/18 Villa smolt as - 60/349 - Påbygg og fasadeendring 04.09.2018 00:00:00**

**DS 277/18 Sveinung Storøy 17/40 Tiltak -kontor - løyve til tiltak 05.09.2018 00:00:00**

**DS 278/18 Ann Helen Karlsen og Sigvald Frøystad 29/18,19 tiltak**

**sjøkollektor - løyve til tiltak 18.09.2018 00:00:00**

**DS 279/18 Etablering av bru til Vågsholmen - Dispensasjon frå reguleringsplanar 13.09.2018 00:00:00**

**DS 280/18 Ragnvald Vågsholm 33/97 og 33/98 Tiltak skredvoll og grunnarbeid tomt - løyve til tiltak 01.10.2018 00:00:00**

**DS 281/18 Ragnvald L. Vågsholm 33/97 og 33/98 og Kjellaug Vågsholm 33/3 Deling grunneigedom - løyve til tiltak 20.06.2018 00:00:00**

**DS 282/18 Lasse Myrhol 37/227 tiltak ombygging bustad - løyve til tiltak 05.10.2018 00:00:00**

**DS 283/18 S. Storøy AS 4/343 Tiltak bustad - løyve til tiltak 26.10.2018 00:00:00**

**DS 284/18 Norhus Ørsta AS 23/48 Rammeløyve veg- og VA- anlegg - løyve til tiltak 25.10.2018 00:00:00**

**DS 285/18 Knut Voldnes og Lars Voldnes 87/5 og 87/9 - Deling av grunneigedom - løyve til tiltak 15.10.2018 00:00:00**

**DS 286/18 Arne Driveklepp 17/11 Deling grunneigedom - løyve til tiltak 08.10.2018 00:00:00**

**DS 287/18 Ole Zahl 12/39 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak 16.10.2018 00:00:00**

**DS 288/18 Per Mulvik AS 86/52 - riving brannskadd hus - igangsettingsløyve 02.11.2018 00:00:00**



**DS 289/18 Marine Harvest AS 38/8 - utfylling og planering av industriområde - rammeløyve 06.11.2018 00:00:00**

**DS 290/18 Marine Harvest AS 38/8 Tiltak kasselager/kjølerom - lgangsettingsløyve 06.11.2018 00:00:00**

**DS 291/18 Oluf Teige 5/16 Tiltak fritidsbustader (5/81) - førebels bruksløyve 05.11.2018 00:00:00**

**DS 292/18 Borgar Nærø 24/5 Oppmålingsforretning - løyve til frådeling 16.10.2018 00:00:00**


**DS 293/18 Norhus Ørsta AS 23/48 Rammeløyve veg- og VA- anlegg - endring av gitt rammeløyve 19.10.2018 00:00:00**

**DS 294/18 Ågot Remøy, Svein Voldsund og Kitty Håheim 12/43, 59 Deling grunneigedom - løyve til tiltak 22.10.2018 00:00:00**

**DS 295/18 Knut Ove Aspevik 50/4 Naustrekke - bruksløyve for 3 naust 09.10.2018 00:00:00**

**Referatsaker**

**RS 14/18 Varsel om oppstart: Reguleringsendring for del av Bergslibakken Varsel om oppstart: Reguleringsendring for del av Bergslibakken 07.11.2018 00:00:00**



«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POST «POSTSTED»  
»

Saksnr 2018/1443	Arkiv L12	Dykkar ref «REF»	Avd /sakshandsamar UTV / ERLEVIK	Dato 07.11.2018
---------------------	--------------	---------------------	-------------------------------------	--------------------

## VARSEL OM OPPSTART: REGULERINGSENDRING FOR DEL AV BERGSLIBAKKEN

Vi varslar med dette at formannskapet i møte 06.11.2018 (f-sak 191/18) vedtok å melde oppstart av planarbeid (reguleringsendring) i delar av Bergslibakken på Berge. Målet med planen er å legge til rette for utbygging av gangveg i Bergslibakken. Meir detaljar framgår i vedlagte saksdokument.

Frist for innspel er sett til **21.12.2018**.

Innspela sendast skriftleg til:

**Herøy Kommune, utviklingsavdelinga, Pb 274, 6099 Fosnavåg** eller pr. e-post til [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no) innan den oppjevne fristen.

Med helsing

Ole Magne Rotevatn  
Avdelingsleiar

Erlend Sporstøl Vikestrand  
Sakshandsamar

***Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.***





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2018/1443
		Arkiv:	L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
191/18	Formannskapet	06.11.2018

### OPPSTART AV REGULERINGSENDRING FOR DEL AV BERGSLIBAKKEN

#### Tilråding:

Rådmannen rår til at det jf. plan- og bygningslova §12-3, §12-8 og §12-14, vert varsla oppstart om planarbeid «reguleringsendring for del av Bergslibakken».

#### Særutskrift:

Utviklingsavdelinga  
Barna sin representant  
Eldrerådet  
Komite for oppvekst  
Maritim og teknisk komite  
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne  
Ungdomsrådet

**Møtebehandling:**

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Formannskapet - 06.11.2018**


Rådmannen rår til at det jf. plan- og bygningslova §12-3, §12-8 og §12-14, vert varsla oppstart om planarbeid «reguleringsendring for del av Bergslibakken».

## Vedlegg:

- 1 Forvarsling oppstart av planarbeid Bergslibakken
- 2 Sjekkliste ROS
- 3 Plangrense

## Saksopplysningar:

Bergslibakken er tilkomstveg for gatene Øvre Bergsliå, Lisjeheida og Bergshaugen. I tillegg er turstien over Tverrfjellet tilknytt Bergslibakken. Området husar mykje folk, deriblant mange barnefamiliar. Bergslibakken er mellom anna skuleveg for mange born og unge og her er fleire utbyggingsprosjekt i området som soknar til denne tilkomstvegen. Behovet er stort for ein samanhengande gangveg gjennom Bergslibakken, noko som denne reguleringsendringa vil søkje å legge opp til.






Figur 1: Planområdet si lokalisering i bustadfeltet på Berge. Her er gåavstand til mellom anna skule og fritidsaktivitetar på Eggesbø. Plangrensa er vist med rosa omriss i nedste del av figuren.

### Planstatus og planprosess:

Arealet ein no ønskjer å regulere er ei strekning på om lag 200 meter av vegarealet i Bergslibakken (sjå figur 1). Området er tidlegare regulert til køyreveg. Områda kring vegen er regulert til bustad (gult) og friområde (grønt) i reguleringsplan Bergsøy/Bendal (planid 197301, figur 2).



Figur 2: Dagens plansituasjon i området. Plangrensa til reguleringsendringa går i grensa til «Reguleringsplan for Elsebø» (planid 201705) og «Områdeplan for indre Bergsøy» (planid 201247). I områdeplan for indre Bergsøy er det allereie regulert gangveg til Bergshaugen (mot nord).

### Vurdering og konklusjon:

Reguleringsarbeidet vil vere ei reguleringsendring i medhald av plan- og bygningslova § 12-3, §12-8, samt §12-14. Rådmannen viser elles til at det skisserte planformålet er i samsvar med behov og gjeldande reguleringsplanar og rår på dette grunnlag til at det vert gjeve løyve til oppstart av detaljreguleringsarbeid i medhald av plan- og bygningslova.

Fosnavåg, 26.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar


Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

# Forvarsling av reguleringsarbeid for Bergslibakken

## Til alle høringspartar

Varsel om reguleringsarbeid – reguleringsendring Bergslibakken:

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-3, §12-8 og §12-14 gjer vi med dette det kjent at det vert starta opp arbeid med reguleringsendring for eit avgrensa område knytt til Bergslibakken på Berge i Herøy.



Figur 1: Oversiktskart over planområdet (markert med rosa omriss øvst).



**Planområdet omfattar desse eigedomane Gnr./bnr.:**

**30/3, 31, 33, 34, 45, 50, 72, 79, 94, 98, 102** i Herøy kommune.

Området skal i hovudsak vidareføre dagens arealformål frå gjeldande reguleringsplan (reguleringsplan for Bergsøy/Bendal, planid 197301). Planen sitt føremål er å legge til rette for ein samanhengande gangveg i Bergslibakken. Målet er at private eigedomar i minst mogleg grad skal råkast, men noko grunn må ein kunne rekne med å måtte avstå i enkelte tilfelle. Dette vert avklart når ein tek til i teikning og utforming av planen. Berørte partar vil verte kontakta av kommunen.

*Planarbeidet vert utført av Herøy kommune ved utviklingsavdelinga.*

**Innspel til saka skal sendast skriftleg innan oppgjeven tidsfrist til:**

***Herøy kommune, utviklingsavdelinga, Pb 274, 6099 Fosnavåg*** eller pr. e-post til [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

For spørsmål kan ein kontakte sakshandsamar:

Erlend S. Vikestrand, telefon nr. 94 15 96 80

[Erlend.sporstol.vikestrand@heroy.kommune.no](mailto:Erlend.sporstol.vikestrand@heroy.kommune.no)

# Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

## Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

**Fylkesmannen** har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/>

**GisLink** gjev tilgang til kart- og faginformatjon til bruk i arealplanlegginga:

<http://www.gislink.no>

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan: Reguleringsendring Bergslibakken

Naturgitte forhold		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
		<i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunnje NEI etter behov.</i>			
	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		X	Området ligg i skrått terreng i eit etablert bustadfelt. Ingen fjell i området
	B	Er området utsett for større fjellskred?		X	Området ligg i skrått terreng i eit etablert bustadfelt. Ingen fjell i området.
	c	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		X	Lågaste punkt i planområdet ligg på om lag 35 moh. Ingen vatn i området.
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		X	Området ligg over marin grense, for det meste på fjellgrunn.
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X	Det er ingen elvar i området. Nedslagsfeltet relativt lite, og er drenert i forhold til eksisterande busetnad.
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyming i kjellar osv?		X	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	Generelt lite utmark i området. Nærmaste potensielle området er Tverrfjellet som har furuskog og eit utstrekt lyngfelt
	H	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		X	Det er ikkje sjø/vatn/elvar i området.
I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X	Planen legg opp til etablering av gangveg.	
j	Anna (Spesifiser)?				

Omgjevnad		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare-liggande område?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Vass-forsyning		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		X	

	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			
<b>Kraft-forsyning</b>		<b>Er det knytt risiko til følgjande element?</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Kommentar</b>
	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspenlinjer?		X	Høgspenledning går lenger nord i forhold til planområdet
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?		X	Høgspenledning går lenger nord i forhold til planområdet
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

<b>Samferdsel</b>		<b>Er det knytt risiko til følgjande element?</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Kommentar</b>
	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		X	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		X	
	e	Anna (spesifiser)?			

<b>Miljø/ Landbruk</b>		<b>Er det knytt risiko til følgjande element?</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Kommentar</b>
	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?		X	Permanent situasjon som følgje av tiltaket er at det vert etablert ein gangveg. Normal anleggstøy og forureining i forbindelse med anleggstida må påreknast.
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		X	Tilsvarande over
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

<b>Er området påverka/ forureina frå tidlegare</b>		<b>Er det knytt risiko til følgjande element?</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Kommentar</b>
	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?		X	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålrensing, skipsverft, gartneri etc.?		X	

<b>bruk</b>	d	Anna (spesifiser)?
-------------	---	--------------------

<b>Brann/ ulukkes- beredskap</b>	<b>Er det knytt risiko til følgjande element?</b>		<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Kommentar</b>
	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X	Avklart med anlegg og drift
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X	Avklart med anlegg og drift
	c	Anna (spesifiser)?			

<b>Sårbare objekt</b>	<b>Er det knytt risiko til følgjande element?</b>		<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Kommentar</b>
	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

<b>Verksemds risiko</b>	<b>Er det knytt risiko til følgjande element?</b>		<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Kommentar</b>
	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	Etablering av gangveg
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

<b>Ulovleg verksemd</b>	<b>Er det knytt risiko til følgjande element?</b>		<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Kommentar</b>
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den 25/10 – 2018 av sign: Erlend Sporstøl Vikestrand

## **Sjekkliste klimatilpassing**

### **1. Flaumfare**

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km<sup>2</sup>):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

### **2. Skred/erosjon**

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?

### **3. Avløp**

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?

b) Har det vore problem tilbakeslag?

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?

### **4. Havnivå/stormflo**

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstiging og stormflo» (DSB, september 2016)?

### **5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)**

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?

## **6. Slagregn**

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?





0 daa  
%-BYA=40%

3.6 daa  
%-BYA=30%

FL4

0.7 daa

FL3  
1.0 daa

LP4

0.8 daa

H430

FS6

4.5 daa  
%-BYA=30%

FL2

5.8 daa

H570

H130

EVII

FL1


1.5 daa

FS3

1.5 daa

%-BYA=30%



 <b>HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN</b>	
Herøy nr.	Saksbeh.
<b>13 OKT. 2018</b>	
Sak nr.	
Sak nr.	
Sak nr.	

Forvarsling av detaljregulering

# Kvalsund Teige 2

Gnr. 1,2,16,24,28,67 på Teige, Nerlandsøya i Herøy kommune.



## FORVARSLING

i tida 23.okt – 3.des. 2018

### Innhald:

- Kunngjeringsannonse m skisser
- Høyringspartar
- Referat frå oppstartmøtet m Herøy kommune
- Vedtak om løyve til regulering
- Program for arbeidet

### Oppdragsgjevarar:

Kvalsund & Teige Byggefelt AS v Karstein Sund.  
6098 NERLANDSØY

### Plankonsulent:



Dato: 20.okt. 2018

## 1 - Kunngjering:

Til alle høyringspartane:

### **VARSEL OM REGULERINGSARBEID:**

I samsvar med reglane i PBL§12-3 og §12-8 vil vi med dette gjere kjent at det vert sett i gang arbeid med privat detaljregulering for del av Kvalsund Teige bustadfelt gnr. 5 bnr. 1,2,16,24,28,67 på Teige, Nerlandsøya i Herøy kommune.

Planen representerer ei utviding av gjeldande reguleringsplan for Kvalsund Teige byggefelt (11.des 2008 planID 200801). Planen skal fremjast som privat detaljreguleringsplan på grunnlag av gjeldande kommuneplan og vedtekter.

Tiltakshavar ynskjer å utvide eksisterande byggefelt med 12-14 nye bustadhus.

Avgrensing er synt på skissa nedanfor.

Planområdet omfattar desse eigedomane: gnr. 5 bnr. 1,2,16,24,28,67

Tiltakshavar for prosjektet er: Kvalsund & Teige Byggefelt AS v Karstein Sund. 6098 NERLANDSØY

### **Innspel i saka skal sendast skriftleg til:**

**Svein Holmen Arealplanlegging, Postboks 319, 6101 Volda innan 3.des 2018**

Meir informasjon kan ein få hos:

Svein Holmen Arealplanlegging, Hamnegata 10, 6100 Volda tlf. 90844415

e-post: [svein.l.holmen@gmail.com](mailto:svein.l.holmen@gmail.com) eller på Herøy kommune si heimeside.



## 2: Referat frå oppstartsmøtet 26.sept -18:

### SØKNAD OM OPPSTART AV ARBEID MED PRIVAT DETALJREGULERINGSPLAN

### OG

### FØREHANDSUTFYLT INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE

Etter plan- og bygningslov av 2008, med tilhøyrande forskrifter, sist tredd i kraft 01.01.2018, er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privat detaljreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at plankonsulent har levert tilstrekkeleg informasjon i tråd med krava i dette skrivet.

Dette skjemaet skal fyllast ut etter krava i forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven.

Søknad om oppstart med førehandsutfylt referat skal sendast til kommunen seinast samtidig med førespurnad om oppstartsmøte. Oppstartsmøte skal gjennomførast innan rimeleg tid etter kommunen har motteke naudsynt informasjon. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet.

*Søknad om oppstart av arbeid med privat detaljregulering* skal i nødvendig grad omtale følgande:

- a. føremålet med planen
- b. planområdet og om planarbeidet vil få verknadar utanfor planområdet
- c. planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak
- d. utbyggingsvolum og byggehøgder
- e. funksjonell og miljømessig kvalitet
- f. tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar
- g. forholdet til kommuneplan, eventuell gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og pågåande planarbeid
- h. vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet
- i. korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit
- j. kva berørte offentlege organa og andre interesserte som skal varslast om planoppstart
- k. prosessar for samarbeid og medverknad fra berørte fagmyndigheiter, grunneigarar, festere, naboar og andre berørte
- l. vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli ivareteke.

Pkt. a – l er gjennomgått og kommentert i Vedlegg 1

**INFORMASJON TIL OPPSTARTSMØTE / REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE**

<b>Sak:</b>	
<b>Møtestad:</b>	<b>Møtedato:</b>
<b>Deltakarar:</b>	
Frå forslagsstillar:	Frå plan: Ole Magne Rotevatn
Karstein Sund – Tiltakshavar	Frå drift: -
Svein Holmen - Plankonsulent	Frå landbruk: -
	Andre:

**1. Planføresetnader**

**Plantype**

- Detaljregulering  
 Endring av reguleringsplan

**Området er omfatta av følgjande planar** (informasjon finn ein her [www.sunnmorskart.no](http://www.sunnmorskart.no))

Kommuneplanen sin arealdel.....

Kommunedelplan.....

Reguleringsplan.....

Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....

Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:

Planen vil erstatte delar av følgjande planar:

**Avgrensing av planområdet** ([www.sunnmorskart.no](http://www.sunnmorskart.no))

Plankonsulent har levert forslag som del av samla søknad om planoppstart. Ev. forslag til justert avgrensing som avtalt i dette møtet må oversendast til kommunen i etterkant.

**Mål for planarbeidet:**

Forslagsstillar har skildra mål med planarbeidet som del av søknad om planoppstart

**Namn på planen:**

Forslagsstillar sitt forslag til namn: Kvalsund Teige del 2

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

Planforslaget er i samsvar med overordna plan.

Planforslaget er delvis i samsvar med overordna plan.

Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.

Merknad: Forslaget er i tråd med arealføremål, men med bandleggingssone H 730, kulturminne.



<b>3. Viktige vurderingar – Skal omtalast i søknad om oppstart</b>	
<b>Tema:</b>	<b>Tilleggsopplysningar, vurdering:</b>
3.1 Planfaglege vurderingar (utnyttingsgrad, krav til stigning m.m.)	Vanleg småhusbebyggelse innanfor kommuneplanen sine rammer
3.2. Strandsona til sjø og vassdrag	Ikkje relevant.
3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	Heile feltet ligg på dyrkamark. Landbrukskontoret må få saka til uttale.
3.4 Miljøvern faglege vurderingar	
3.5 Kulturlandskap og kulturminne	H730 - sjå vedlegg 3
3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS)	Skal utarbeide enkel ROS-analyse og kommentere evt. funn.
3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser	Planen vert utarbeidd i tråd med kommuneplanen sin arealdel med dei omsyn som ligg der.
3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafiksikkerheit, støy	Litt avlastning for Fv21 ved at 3 eksisterande hus kan få tilkomst via nye-feltet.
3.9 Kommunaltekniske anlegg	Skal knytast til eksisterande infrastruktur.
3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen	Kan få konsekvensar ved overtaking av offentleg anlegg for drift og vedlikehald.
3.11 Enkel trafikkanalyse (køyreveggar og sykkelveggar), dagens situasjon.	Enkel vurdering av eksisterande situasjon og konsekvens av fleire bueningar.
3.12 Kontroll av grenser innanfor planområdet og tilgrensande eigedomar	Herøy kommune kontrollerer eigedomsgrensar og melder tilbake dersom det er eigedomsgrensar med låg kvalitet.
3.13 Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng?	Ja.
Anna:	
<b>4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:</b>	
<b>Tema:</b>	<b>Vurdering:</b>
Opplegg for samarbeid, medverknad og samfunnstryggleik?	Merknad:
Skal det lagast utgreiingar eller rapportar om andre tema?	Rapport for private planar skal utarbeidast av plankonsulent eller fagkyndige.
Kommunalt bidrag i planarbeidet?	
Behov for dialogmøte med kommunen?	Plankonsulent presenterer planarbeidet for administrasjonen ved overlevering til offentleg ettersyn
Framdriftsplan:	
<b>5. Kommunalteknisk anlegg</b>	
Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket.	Avklarast med Anlegg- og driftsavdelinga.
Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det	Avklarast med Anlegg- og driftsavdelinga.

kommunaltekniske anlegget	
Tiltaket utløyer krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	Nei.

## 6. Kommunen sine råd og vurderingar

Er det usemje om vesentlege punkt? Nei.  
Kva er det usemje om?

Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan eller er det aktuelt å stoppe planarbeidet etter pbl. § 12-8, andre ledd? Kommunen kan tilrå oppstart.

*Dersom det er usemje om vesentlege punkt eller administrasjonen foreslår å stoppe planarbeidet jf. § 12-8 kan foreslagsstillaren krevje saka framlagt kommunestyret jf. delegeringsreglement for Herøy kommune.*

Er plankonsulent registrert med sentral godkjenning? Nei.

Er kravet til fagkyndigheit etter § 12-3 oppfylt? Ja.

Skal planforslaget leggjast fram for regionalt planforum? Nei.

Skal forslaget leggjast fram for formannskapet? Ja.

Vidare saksgang:

- Plankonsulent sender over plangrense i SOSI.
- Sak om oppstart vert fremja for Formannskapet 06.11.2018.

Anna:


## 7. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.


Endringar som må gjerast i planen etter offentlig ettersyn skal som hovudregel gjerast av konsulent.

Stad, dato  
Fosnavåg, 26.09.2018


Representantar frå kommunen:



Referatet er godkjent og mottatt



For forslagsstillar.....





### 3: Vedtak i Herøy formannskap 16.okt 2018:



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2018/1293
		Arkiv:	L12

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
171/18	Formannskapet	16.10.2018

### DETALJREGULERINGSPLAN KVALSUND TEIGE 2 - OPPSTART AV PLANARBEID

#### Tilråding:

Formannskapet vedtek at det i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område på Kvalsund.

#### **Møtebehandling:**

Leiar utviklingsavdelinga Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Formannskapet - 16.10.2018**

Formannskapet vedtek at det i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område på Kvalsund.

Særutskrift:  
Utviklingsavdelinga  
Siv.ing. Svein Holmen  
Karstein Sund



## 4 - Desse får skriftleg varsel:

### Eigarar i planområdet

gnr	bnr	Eigar / Heimelshavar	adresse
5	1	Janne og Terje Gjelseth (1/2 kvar)	Teigevn. 33, 6098 Nerlandsøy
	2	8 eigarar v Svein Teige	Kneiken 10b, 6007 Ålesund
	16	Oluf Jonny Teige	Teigevegen 47, 6098 Nerlandsøy
	24	Paul Anfinn Teige	Teigevegen 56, 6098 Nerlandsøy
	28	Reidar Jarle Teige	Teigevegen 58, 6098 Nerlandsøy
	67	Anders Halle Teige	Teigelia 4, 6098 Nerlandsøy

### Naboar som grenser inntil

gnr	bnr	Eigar / Heimelshavar	adresse
4	15	Mandor Palmar Teige	Koparstadvegen 124, 6098 Nerlandsøy
	28	Siv Berit og Vidar Kvalsvik	Teigevegen 32, 6098 Nerlandsøy
	42	Margit Kristine Teige	Teigevegen 36, 6098 Nerlandsøy
	44	Aslaug Teige	Teigevegen 29, 6098 Nerlandsøy
	251	Bente K og Frode Voldsund	Teigevegen 26, 6098 Nerlandsøy
	288	Kvalsund & Teige Byggefelt AS	6098 Nerlandsøy tlf. 700 88514
	331	Helene R Andreassen 1/2 Vidar Nerland 1/2	Teigelia 13, 6098 Nerlandsøy
	333	Myrthel Tove Kvalsund Per Ove Kvalsund	Teigelia 6, 6098 Nerlandsøy
	343	Kvalsund & Teige Byggefelt AS	6098 Nerlandsøy tlf. 700 88514
5	3	Oddlaug K Teige	Teigevegen 71, 6098 Nerlandsøy (Jon Olav)
	13	Jorid Høydalsvik	Myrlandsvn. 11A, 6020 Ålesund
	15	Sverre K Kvalsund	Teigevegen 62, 6098 Nerlandsøy
	25	Alf Berner Teige	Teigevegen 60, 6098 Nerlandsøy
	26	Johanne og Bjørn Gisle Leinebø	Teigevegen 55, 6098 Nerlandsøy
	29	Martin Oddmund Klokset	Teigevegen 31, 6098 Nerlandsøy
	51	Fylkesveg-grunn	Fylkeshusa, 6404 Molde
	54	8 eigarar v Svein Teige	Kneiken 10b, 6007 Ålesund
	80	Oluf Johnny Teige	Teigevegen 47, 6098 Nerlandsøy

### Off etatar:

Fylkesmannen i M&R, Fylkeshuset, 6404 Molde  
 Møre og Romsd Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
 Statens Vegvesen, Region midt, 6404 Molde  
 NVE- Region Vest, Postboks 53, 6801 Førde  
 Postmottak, Herøy kommune for distribusjon til kommunale etatar  
 Planavd. i Herøy kommune, v Ole Magne Rotevatn  
 Kystverket, Postboks 1502, 6025 Ålesund  
 Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, Smårisevadet 20, 6065 Ulsteinvik  
 Mørenett AS, Langemyra 6, 6160 HOVDEBYGDA  
 Telenor Servicesenter for Nettbygging, Postb. 7150, 5024 Bergen  
 Naturvernforbundet på Søre Sunnmøre v Kersti Hasund, telefon 93 20 14 01.

## 5 – Program for arbeidet:

### Lovgrunnlag og føremål

Planen skal utarbeidast som detaljregulering i samsvar med reglane i PBL § 12-3.

Planen utløyser ikkje krav om planprogram eller KU (Jf PBL § 4-2 samt forskrift om KU)

#### Nokre sentrale punkt:

a. Føremålet med planen

Området var i utgangspunktet med i reguleringsplanen for Kvalsund & Teige byggefelt ved oppstart i 2006, men vart teke ut av planområdet av tiltakshavar i løpet av utarbeidingsfasa (2008) pga arkeologi og at søraustre delen var stor nok etter behovet den gangen. No er det meste av dette 2008-feltet utbygd og det er viktig å få klargjort fleire nye tomter.

b. Om planområdet

Planområdet består av dyrkamark som er ute av drift no. I kommuneplanen er det meste av arealet bandlagt etter lov om kulturvern (H730). Dette gjeld kulturminne med ID116930 og 116929 som er dyrkingsspor frå yngre bronsealder.

c. Vil planarbeidet vil få verknadar utanfor planområdet?

Dei tomtene som grenser til Fv21 har tilkomst dit no. Med vår utbygging kan desse husa få tilkomst ned gjennom vårt felt og soleis avlaste trafikken på Fv21 som er av lav standard og farleg skuleveg for ungane. Men vår nye genererte trafikk vil gå ned gjennom eksisterande bustadgater nedanfor og vi auke trafikken der.

d. Planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak

Skissa på s 11 syner korleis ein opprinneleg (2006) tenkte seg utnyttinga av planområdet. Dette var øvre delen av den planen som opprinneleg var fremja – denne øvre delen vart teke ut av planen av grunneigarane sjølve (2008) då dei vurderte nedre delen som tilstrekkeleg etter behova i 2008.

e. utbyggingsvolum og byggehøgder.

Tradisjonelle einbustadtomter.

f. funksjonell og miljømessig kvalitet

Bustadhus 2018-standard.

g. tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevningar

Dette vert ei fortetting av eksisterande sentrumsområde og vil gi området eit meir kompakt bebygd preg.

h. forholdet til kommuneplan, eventuell gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og pågåande planarbeid

Dette er gjort rede for på dei følgjande sidener.

i. vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet

Området er bandlagt etter lov om kulturvern. Dette gjeld kulturminna med ID11629- gardsanlegg frå yngre jernalder og 116930 som er dyrkingsspor frå yngre bronsealder

j. korleis samfunnstryggleik skal ivaretakast, blant anna gjennom å forebygge risiko og sårbarheit

ROS-analyse etter Fylkeskommunen sin standard.

k. kva berørte offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart

Skriftleg varsel vil gå til direkte rørde og tilgrensande partar, private interesseorganisasjonar, kommunalt mynde samt aktuelle fylkes- og statsetatar. Liste vil bli utarbeidd i samband med utsendinga.




Det vil bli annonsert i lokalavisa «Vestlandsnytt» samt på kommunen si heimeside.

Tilhøvet til eksisterande planar:

Gjeldande kommunedelplan (2015):

Vår arealbruk vil vere i samsvar med kommunedelplanen si arealdisponering, Men i kommuneplanen er arealet bandlagt etter lov om kulturvern pga funn av ardspor (gamle dyrkingslag frå yngre bronsealder 755-390 f.kr ID 116230) Vi har hatt uformell kontakt med arkeolog om saka, og vi ynskjer evt å søke om dispensasjon frå byggeforbod i denne sona. Tilkomstvegen vert teke frå enden av eksisterande bustadgate, og vi kan koble oss direkte på eksisterande vassforsyning og avlaupsanlegg og anna infrastruktur som ligg i eksisterande felt.



På den vestre delen av vårt planområde er det registrert eit anna kulturminne (ID 11629). Her dreier det seg om busetting / aktivitetsområde frå Yngre jernalder 350-535 e.kr Her er funne spor etter gardsanlegg med kokegrop og div lausfunn. På dette området er det ikkje aktuelt å bygge, og lokaliteten vil i vår plan bli regulert med bandlegging etter lov om kulturvern og byggeforbod.

**H730 Bandlegging etter lov om kulturvern. (frå «Askeladden»)**  
 0, X=14237.7 Y=6948336.6

ID.....	116229-1
Navn.....	Kvalsund/Teige B / K46/3 I
Lokalitetskategori.....	Arkeologisk minne
Lokalitetsart.....	Bosetting-aktivitetsområde
Enkelminnekategori.....	Arkeologisk minne
Enkelminneart.....	Kokegrop
Opprinnelig funksjon.....	Bolig, bosetting
Fylke.....	Møre og Romsdal
Kommune.....	Herøy (1515)
Ansvarlig organisasjon.....	Møre og Romsdal fylke
Synlig over markoverflaten.....	Ja
Siste hendelser.....	Registrering (30.11.2004), (Uviss dato)

ID.....	116230-1
Navn.....	Kvalsund/Teige C / ardspor
Lokalitetskategori.....	Arkeologisk minne
Lokalitetsart.....	Dyrkingsspor
Enkelminnekategori.....	Arkeologisk minne
Enkelminneart.....	Dyrkingsflate
Opprinnelig funksjon.....	Landbruk
Fylke.....	Møre og Romsdal
Kommune.....	Herøy (1515)
Ansvarlig organisasjon.....	Møre og Romsdal fylke
Synlig over markoverflaten.....	Ja
Siste hendelser.....	Registrering (30.11.2004), dato)







Planprosess, organisering og framdrift

PROSESS, Detaljplan (PBL§12-3)	Forum / Deltakarar / Kunnskapsbase	Framdrift
<b>Forarbeid:</b> Registrering, avgrensing av planområde, framskaffing av bakgrunnsmateriale	Tiltakshavar, Plankonsulent, Kommune	
<b>Oppstartkonferanse:</b> Kommunale føringar og føresetnadar – rammer for arbeidet	Tiltakshavar, Plankonsulent, Kommune – møte på rådhuset	
<b>Løyve til regulering:</b> Søknad til Formannskapet om løyve til å regulere i privat regi	Plankonsulent søker – formannskapet gjer vedtak	
<b>Utarbeiding av forvarslingsdokument</b>	Plankonsulent / tiltakshavar – kontroll: kommunen	
<b>Forvarsling:</b> <u>Annonsering.</u> <u>Utsending til røde partar:</u> <b>Høyringsperiode:</b> Høyring på plandokument og planprogram - 6 vekers frist for innspel <b>Merknadshandsaming – Konfliktavklaring:</b> Gjennomgang av innkomne merknadar. Avklaring av motsegner / protestar <b>Konklusjon etter forvarslinga.</b>	Lokalavisa og kommuna si heimeside Eigarar, naboar, fagutval, off.organ og lag / organisasjonar, kommunale organ, Fylkeskommunen. Statlege organ  Alle høyringspartane  Plankonsulent - merknadsorgan. Plankonsulent / Kommunen.	
<b>Utarbeiding av planframlegg</b> <b>Utgreiingar:</b> Overordna planar, Landskap og omgjevnader, Staden sin karakter, Estetikk, Kulturminne og miljø, ev. verneverdi, Tilhøvet til naturmangfaldslova, Friluftinteresser, Trafikkforhold, Barn sine interesser, Sosial infrastruktur, Universelt tilgjenge, Energi-behov og energibruk, ROS, Jordressursar/landbruk, Teknisk infrastruktur, Økonomiske konsekvensar for kommunen, Konsekvensar for næringsinteresser samt ei vurdering av interesse motsetnader og konfliktema. <b>Plandokumenta:</b> -Plankart SOSI 4.5. Sosi-kontroll (Rapport sosi-vis / Fysak) -Føresegner, -Planomtale m utgreiingane <b>Korrigering etter kvalitetskontroll i kommunen:</b> Kontroll før innsending av planframlegg	Plankonsulent - Kommune Offentlege kunnskapsbaser / fagorgan Evt innleige av spesialkompetanse.  Plankonsulent  Plankonsulent(korrigeringsarbeid). – kommuneadm. kontroll	
<b>Kommunalt plangebyr:</b> Fakturerast direkte til tiltakshavar	kommuneadministrasjonen	
<b>Kommunal slutthandsaming</b> : Vedtak om off. ettersyn Off. ettersyn i 6 veker Planvedtak – innstilling til K.styret Eigengodkjenning	Politisk Formannskapet Planadministrasjonen Formannskapet Kommunestyret	




## 6: ROS – eksisterande situasjon

Emne		Er det knytt <u>uakseptabel risiko</u> til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	x	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	x	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	*1
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	x	
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	x	
	F	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima?	x	
	g	Er faren for radon vurdert i området?	x	
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?		
	i	Anna (Spesifiser)?		
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	x	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversymjing i lågareliggende område?	x	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemds-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	x	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		?
	b	Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		x
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	x	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	x	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?	x	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	x	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X X X X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/ureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	x	

\*1 Må undersøkast – her er leirlag under matjorda, men over gml dyrkingslag. Flom frå bekken?

? Må også undersøkast



«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POST «POSTSTED»  
»

Saksnr 2018/1228	Arkiv L12	Dykkar ref «REF»	Avd /sakshandsamar UTV	Dato 25.10.2018
---------------------	--------------	---------------------	---------------------------	--------------------

## REGULERINGSENDRING ETTER PBL § 12-14 - GNR. 29 BNR. 32 - OPPSTART AV PLANARBEID

I samsvar med § 12-14 i plan- og bygningslova har Ose Ingeniørkontor AS på vegne av Alf-Sigmund Hjelmeseth søkt om endring av *områdeplan for Indre Bergsøy*, PlanID 201247, for gnr. 29 bnr. 32.

Planendringa vert med dette lagt fram for berørte eigarar, naboar og myndigheiter i samsvar med reglane i plan – og bygningslova § 12-14.

**Herøy kommune ber om ei tilbakemelding frå dei regionale høyringspartane på om det vil vere naudsynt med eit eige offentleg ettersyn i denne saka.**

Frist for innspel er sett til 14.desember 2018

Du kan sende dine merknadar både per brev og elektronisk. På Herøy kommune si heimeside finn du meir informasjon om dei ulike måtane.

Har du spørsmål kring saka kan du kontakte: Ole Magne Rotevatn,  
[ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no](mailto:ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no) - 90974128

Med helsing

Jarl Martin Møller

Ole Magne Rotevatn

Kommunalsjef  
Samfunnsutvikling

Sakshandsamar  
Utviklingsavdelinga

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



**Vedlegg:**

- 1 Særutskrift F-sak 170/18. Reguleringsendring gnr. 29 bnr. 32 - oppstart av planarbeid
- 2 ME Indre Bergsøy - føresegner\_2018.09.26
- 3 ME Indre Bergsøy - planomtale\_2018.09.26
- 4 ME Indre Bergsøy - sjekklister ROS\_2018.09.26
- 5 ME Indre Bergsøy - plankart\_2018.09.26



Utviklingsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2018/1228
		Arkiv:	L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
170/18	Formannskapet	16.10.2018

### REGULERINGSENDRING GNR. 29 BNR. 32 - OPPSTART AV PLANARBEID

#### Tilråding:

Herøy formannskap gir løyve til oppstart av reguleringsendring i *områdeplan for indre Bergsøy*, planID 201247, etter plan- og bygningslova § 12-14.

#### **Møtebehandling:**

Leiar utviklingsavdelinga Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Formannskapet - 16.10.2018**

Herøy formannskap gir løyve til oppstart av reguleringsendring i *områdeplan for indre Bergsøy*, planID 201247, etter plan- og bygningslova § 12-14.

Særutskrift:

Utviklingsavdelinga  
Alf-Sigmund Hjelmseth  
Ose ingeniørkontor

**Vedlegg:**

- 1 ME Indre Bergsøy - føresegner\_2018.09.26
- 2 ME Indre Bergsøy - planomtale\_2018.09.26
- 3 ME Indre Bergsøy - sjekklister ROS\_2018.09.26
- 4 ME Indre Bergsøy - plankart\_2018.09.26

**Samandrag av saka:**

Ose ingeniørkontor AS søker på vegne av tiltakshavar Alf-Sigmund Hjelmeseth om reguleringsendring av områdeplan for indre Bergsøy, planID 201247. Reguleringsendringa er avgrensa til å gjelde ei føremålsendring innanfor FS5(frittliggjande bustadar) til konsentrert busetting.

Rådmannen meiner endringa framleis er i tråd med reguleringsplanen og rår derfor til at det vert gjeve løyve til oppstart av reguleringsendringa og dokumenta vert sendt på høyring til naboar, gjenbuarar og regionale instansar for uttale.


**Saksopplysningar:**

Den omsøkte endringa er i samsvar med intensjonen i kommuneplanen sin samfunnsdel der det vert lagt vekt på auka busetting på Bergsøya og meir konsentrert utnytting av tomtene.


Endring vil bestå av endring i plankart og utarbeiding av nye føresegner som gir rom for meir konsentrert utnytting av tomta.

Formålet med planendringa er å få omregulert eigedomen til konsentrert småhusbusetnad, for å dele av ei ny bueining i eksisterande bustad. Det er mindre bygningstekniske tiltak som er nødvendig; ny tilkomst til leilegheita, innvendig skilje vegg og ny veranda.

Det er utarbeidd planomtale som skildrar planområdet og intensjonen med reguleringsendringa i tillegg til nytt plankart og nye føresegner.



Utsnitt frå gjeldanden reguleringsplan



Forslag til nytt plankart.

## **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen meiner saka er godt belyst og at reguleringsendringa vil føre til at området som vert opparbeidd vil vere meir attraktivt for kjøparar og framtidige bebuarar.

Etter rådmannen si vurdering kan denne saka handsamast som ei normal reguleringsendring etter plan- og bygningslova § 12-14.

Rådmannen rår derfor til at det vert gjeve løyve til oppstart av reguleringsendringa og dokumenta vert sendt på høyring til naboar, gjenbuarar og regionale instansar for uttale.

Fosnavåg, 06.10.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

## ME Indre Bergsøy

### § 1 – Avgrensing av planområdet

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Innanfor reguleringsgrensa skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

### § 2 – Andre lover

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

### § 3 – Privatrettslege avtalar

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

### § 4 – REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar plan- og bygningslova til følgjande føremål:

#### Bygningar og anlegg (pbl. § 12 – 5, nr.1)

- Bustader – konsentrerte småhus (BKS)

#### Omsynssoner (pbl. § 12-6)

- Sikringssone – Frisikt (H140)

### § 5 – FELLESFØRESEGNER

- Bygningar skal plasserast innanfor regulert byggegrense. % BYA gjev tillatt bygd areal i prosent av formål BKS sitt areal.
- Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bygningar skal tilpassast terrenget på tomte og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.
- Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.
- For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf. rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindaug til ei side der støynivået er  $L_{den}=55$  dB eller mindre.



## **§ 6 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr.1)**

- a. Generelt  
Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.
- b. MUA  
For BKS er det krav til privat MUA på minst 15 m<sup>2</sup> per buening. For BKS er det sett krav om felles areal til MUA skal samlast i eitt område med minst 50 m<sup>2</sup>.
- c. Biloppstillingsplassar  
Det er krav om 2 biloppstillingsplassar pr buening. Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m<sup>2</sup> pr. bilplass på bakkenivå. Parkeringsbehovet er føresettt dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav. På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

### **6.1. Bustadar – konsentrert småhus**

- a. I område merka BKS kan det byggjast bustadhus. Til BKS høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bustadane sin funksjon.
- b. Grad av utnytting  
For BKS er BYA på maksimalt 40 %.
- c. For BKS skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. Målt frå gjennomsnittleg planert terreng.  
  
I BKS-område skal garasjar ikkje ha større gesimshøgde enn 3,5 meter og mønehøgde ikkje over 5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.
- d. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

### **§ 7 Uteareal tilhøyrande byggjeareal**

- a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemma skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering

av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentlig veg skal godkjennast av kommunen.

- b. Ein bør i størst mogleg grad søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Ev. utelagring kan berre tillast dersom funksjonane vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.
- d. Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget.
- e. Ved ev. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon e. l. etter detaljplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- f. Innafor tomte må det systast for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- g. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- h. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået.

### **§ 8 OMSYNSSONER (PBL. § 12-6) 1. Sikringssone – frisiktsone (H\_140)**

Frisiktsone er vist med omsynssone, kode H\_140. Frisiktsone ved vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsona skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsone.

Ålesund 26.09.2018


Versjon  
26.09.2018





## Innhald

1. Samandrag	3
3. Planprosess og medverknad	4
4. Planstatus og rammer for planområdet	4
5. Planområdet, eksisterande situasjon	4
6. Omtale av planen	7
7. Verknad/konsekvensar av planframlegget	8
8. Avsluttande kommentar	10
9. Plankart, ikkje målestokkrett	11



Figur 1. Lokalisering av planområdet på Bergsøya, Herøy kommune, synt med blått punkt.

Figur 2. Illustrasjon på framsida syner plangrensa over flyfoto frå 2016.

Alle foto: Alf-Sigmund Hjelmeseth

## 1. Samandrag

Det er ønskeleg å leggje til rette for konsentrert småhus på gnr./ bnr. 29/32, det er berre mindre fysiske tiltak som er nødvendige på eksisterande bygg.

## 2. Bakgrunn/mål med planarbeidet

### 2.1 Lokalisering

Planområdet ligg på Berge, Bergsøy, like ved fylkesveg 654, om lag 4 km frå Fosnavåg sentrum, i Herøy kommune.

### 2.2 Mål med planen

Mål med planarbeidet er å omregulere tomt gnr./bnr. 29/32 frå frittliggande småhus til konsentrert småhus for å leggje til rette for ny bueining i eksisterande bustadhus.

### 2.3 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarskap

OSE utfører planarbeidet for eigar av gnr./bnr. 29/32.

### 2.4 Tidlegare vedtak i saken

Det vart i delegert vedtak av 29.06.2018 gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for bruksendring frå einbustad med to utleigeeiningar til firemannsbustad.

### 2.5 Plantype

Reguleringsendring av områdeplan Indre Bergsøy i samsvar med plan- og bygningslova § 12-14, andre ledd.

## 2.6 Kartgrunnlag

Kommunen sitt digitale basiskart vert nytta som grunnlag til planen. Koordinatsystem er i UTM sone 32/Euref89. Uttrekk av kartdata vart gjort 14.09.2018.

## 2.7 Plandata

Namnet på mindre endring er ME Indre Bergsøy\_2018.09.26. Planen består av:


- Plankart i målestokk 1:1000 (målestokkrett i A4)
- Planomtale
- Føresegner
- Sjekkliste ROS



Bilete 1. Bilete av huset på gnr./bnr. 29/32.

### 3. Planprosess og medverknad

Herøy kommune vil stå for varsling av plandokumenta.



Figur 3. Gjøldande regulering med plangrense for planområdet med blå stipla line

### 4. Planstatus og rammer for planområdet

#### 4.1 Overordna planar

I både kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdelen blir det lagt opp til fleire bustadar sentralt i kommunen. Kommuneplanen sin arealdel har formål bustad for planområdet.

#### 4.2 Gjeldande reguleringsplanar

Planområdet ligg innanfor områdeplan Indre Bergsøy, vedteken 27.11.2014, med planident 201247. Formålet innanfor planområdet er frittliggande einestad. Områdeplanen sett ikkje krav om detaljregulering av planområdet.

#### 4.3 Krav om konsekvensutredning

Planarbeidet er i samsvar med overordna planar og ønska endring vil ikkje få vesentlege verknad for miljø eller samfunn. Sidan mindre endring er i samsvar med overordna plan og ikkje vil gje vesentlege verknad for miljø eller samfunn vert det konkludert med at det ikkje trengs å handsame planen etter KU-forskrifta.



Bilete 2. Bilete frå før nytt bygg er oppført som syner tilkomst frå fylkesvegen, kvitt bygg til venstre i biletet er erstatta med nytt bygg. Kjelde Google



## 5. Planområdet, eksisterende situasjon

### 5.1 Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk

Planområdet er i dag nytta til bustad med nødvendige funksjonar, biloppstillingsplassar, uteområde og manøvreringsareal. Tilgrensande område er bygd ut med bustadar, i tillegg er det fleire tomter som ikkje er bygd ut.

### 5.2 Staden sin karakter

Planområdet ligg i eit bustadområde som delvis er bygd ut, men som det etter gjeldande reguleringsplan kan byggjast fleire bustadar i. Vegar i området bryt opp bustadområda.

### 5.3 Landskap

Planområdet ligg i eit ope landskap, i sørvendt skråning, og vil ha gode solforhold.

### 5.4 Kulturminne og kulturmiljø

Etter sjekk i Askeladden er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne i eller like ved planområdet. Om lag 40 m nord for planområdet er det gjort funn av dyrkingsspor som er automatisk freda kulturminne. I samband med områderegulering er det sett krav om at det skal gjennomførast arkeologisk utgraving av lokaliteten før det kan gjennomførast tiltak ved FS 16 (regulert bustadområde) og V7 (regulert veg).

### 5.5 Naturverdiar

Etter sjekk i GisLink er det ikkje registrert sårbare eller truga artar, utvalde naturtypar, verneområde, viktige kulturlandskap eller område nytta til friluftsliv i eller ved planområdet.

### 5.6 Landbruk

Det er ikkje dyrka eller dyrkbart areal i planområda. Tiltaket vil ikkje gje negative konsekvensar for landbruksdrift. Landbruksareal like ved planområdet er omdisponert til utbyggingsformål i arealdelen.

### 5.7 Trafikkforhold

Tilkomst til planområdet er frå Elsebøvegen, kommunal samleveg for eit større bustadområde. Ved avkøyrslø frå tomte er det regulert fortau langs Elsebøvegen og ned til fylkesvegen. Det er lite trafikk på Elsebøvegen i dag, men det vil auke med utbygging nord for planområdet. Regulert veg er dimensjonert for den trafikken som vil kome. Sør for planområdet er det gå avstand til busshaldeplassar langs fylkesveg 654. Langs fylkesvegen er det opparbeidd gang- og sykkelveg. Eksisterande veg mot søraust er i områdeplan Indre Bergsøy regulert lenger frå tomte. I samband med utbygging av bustadområde sør for planområdet vert truleg vegen opparbeidd som regulert.

### 5.8 Barn og unge sine interesser

Det er regulert leikeareal sørvest for planområdet, men ikkje opparbeidd. Det er sett krav om opparbeiding når bustadar sør for planområdet skal byggjast ut. Det er regulert fortau langs Elsebøvegen til opparbeidd gang- og sykkelveg langs fylkesveg 654. Tomte er så stor at det er høveleg med uteopphaldsareal, både privat og fellesareal.

### 5.9 Sosial infrastruktur

Skulekapasitet og barnehagedekning for området er tilstrekkeleg. Barne- og ungdomsskule ligg 15 minutt gåavstand unna.

### 5.10 Universell tilgjenge/Tilgjenge etter [TEK17](#)

Det er ikkje lagt til rette for universell utforming av uteområde og leilegheitene vil ikkje vere tilgjengeleg etter TEK17.

## 5.11 Teknisk infrastruktur


Planområdet er tilknytt nødvendig teknisk infrastruktur og det er tilfredsstillende kapasitet i området.

## 5.12 Grunnforhold

Lausmasse i området er tynnmorene. Planområdet ligg under marin grense. Huset står på fjell, tomte er sprengt ut.

## 5.13 Forureining


Planområdet ligg innanfor gul sone for vegstøy frå fylkesveg 654. Det er ikkje registrert anna forureining i eller ved planområdet.



Figur 4. Gul og raudstøysone i og ved planområdet, planområdet synt med blå stipla line. Kjelde GisLink

## 5.14 Analyser/ utgreiingar

Det vert konkludert med at det ikkje er behov for utgreiingar i samband med planendringa.



Figur 5. Gjeldande regulering med endring av planområdet, avgrensing synt med blå line.

## 6. Omtale av planen

### 6.1 Planlagt arealbruk

Formålet med planendringa er å få omregulert eigedomen til konsentrert småhusbustnad, for å dele av ei ny bueining i eksisterande bustad.

Det er mindre bygningstekniske tiltak som er nødvendig; ny tilkomst til leilegheita, innvendig skilje vegg og ny veranda.

### 6.2 Plangrense

Plangrensa følgjer eigedomsgrense til gnr./bnr. 29/32 og formålsgrense mellom veg og bustad i områdeplan Indre Bergsøy mot søraust. Planområdet er i overkant av 1721 m<sup>2</sup>.

### 6.3 Reguleringsformål

Omtale av reguleringsformåla og omtale av løysingane:

#### Konsentrert småhus – BKS

Heile planområdet blir regulert til konsentrert småhus, der det kan byggjast frå 3 manns bustad og oppover. Utnytting for formålet blir som areal sør for planområdet, med BYA inntil 40 %. Byggjehøgde blir vidareført frå områdeplanen, med maksimal gesimshøgde 6,5 m og maksimal mønehøgde 8,5 m.

#### Omsynssone

Sikringssone – frisikt. Område ved kryss der det er lagt restriksjonar på høgde for terreng/tiltak for å trygge avkøyrslane. I frisiktsoner er det forbod mot fyllingar, bygningsmessige arbeid og plantning o.a. som er til hinder for fri sikt i ei høgde på 0,5 m over tilstøytane vegplan. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsonene.

#### Byggjegrænse

Regulert byggjegrænse blir vidareført frå områdeplanen, med avstand 5 m mot vegformål, der den ikkje kjem i konflikt med frisiktssone ved kryss. Byggjegrænse er lagt inntil regulert frisiktssone. Rundt bygg i sør blir byggjegrænse trekt nærare veg.

#### Juridisk punkt – avkøyrsel

Opparbeidd avkøyrsel blir vidareført og regulert med symbol for inn- og utkøyring.

### 6.4 Uteopphaldsareal

Opparbeidde leilegheiter har alle veranda, der leilegheit i 3. etasje har veranda på om lag 26 m<sup>2</sup>, dette blir redusert med om lag 8 m<sup>2</sup> når leilegheit blir delt frå. Leilegheiter i 2. etasje har 22,5 m<sup>2</sup> privat uteareal kvar, til saman nesten 45 m<sup>2</sup>. I tillegg er det tilgjengeleg opparbeidd uteareal på tomte, om lag 90 m<sup>2</sup>. For ny leilegheit vil det bli bygd veranda slik at arealet blir på om lag 26 m<sup>2</sup>.

Alle leilegheitene vil ha veranda/privat uteareal som er sørvendt. Delar av tomtearealet er opparbeidd til uteareal.

Det blir i føresegnene sett krav om MUA på minst 15 m<sup>2</sup> per bueining, inklusiv privat uteareal (veranda).

### 6.5 Universell utforming/tilgjenge etter TEK17

Planen legg ikkje opp til endringar av endringar av tilkomst til bustad eller uteområde.

### 6.6 Teknisk infrastruktur

Endring av formål ved planområdet vil ikkje medføre behov for endring/oppgradering av teknisk infrastruktur for planområdet.



## 6.7 Trafikkløysing

Tilkomst til tomta frå Elsebøvegen blir vidareført i samsvar med byggjeløyve, den blir regulert som juridisk punkt avkøyrsl - både inn og utkøyring. Avkøyrsla er oversiktleg og det er kort veg til fylkesveg 654. Avkøyrsla skal vere felles for alle bueiningane innanfor gnr./bnr. 29/32.

## 6.8 Parkering

Planen sett krav om 2 biloppstillingsplassar per bueining. I eksisterande bygg er det 4 parkeringsplassar i kjellaretasje. I tillegg vil det vere mogleg å lage til 6 oppstillingsplassar ute, som kan nyttast uavhengig kvarandre. Biloppstillingsplassar på bakkenivå blir rekna med 20 m<sup>2</sup> per plass.

## 6.9 Støy

I føresegnene blir det vidareført frå områdeplanen at støy utover grenseverdiane for ny bustadbygging, jamfør rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindaug til ei side der støynivå er Lden=55 dB eller mindre. Privat uteareal MUA skal leggjast på lesida av støykjelda.

## 6.10 Sjekkliste ROS

Etter gjennomgang av sjekkliste ROS er det eit tema som må vurderast nøyare. Planområdet ligg innanfor gul sone for vegstøy. Som avbøtande tiltak er det sett krav i føresegnene om soveromsvindaug til stille side og krav om dokumentasjon av støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Det er lagt ned radonsperre i huset.

## 6.11 Rekkjefølgjeføresegn


Det er i føresegnene sett krav om dokumentasjon av støysituasjonen i samband med søknad om tiltak for ny bueining.

## 7. Verknad/konsekvensar av planframlegget

Omtale og vurdering av verknad og konsekvensar av gjennomføring av planen. Konsekvensar omtalast når planen avviker frå vedteken oversiktsplan, temaplan, vedtatt retningslinje, norm eller vedtekt eller når planen vil medføre konsekvensar for natur, miljø eller samfunn. Eventuelle avbøtande tiltak skal omtalast.

### 7.1 Overordna planar

Planendringa som ME Indre Bergsøy legg opp til er i samsvar med overordna planar (samfunnsdelen og arealdelen) i Herøy kommune.



Figur 6. Plankart for ME Indre Bergsøy over flyfoto frå 2016..

## 7.2 Mindre endring

Mindre endring av områdeplan Indre Bergsøy består i:

- Endring av formål frå frittliggende småhus til konsentrert småhus - BKS
- Auke i utnytting frå BYA 30 % til 40%
- Avkøyrsløse til gnr./bnr. 29/32 er regulert med juridisk punkt

Dette vil medføre fysisk endring at det blir lagt til rette for ny bueining på tomte, noko som berre vil krevje mindre bygningstekniske tiltak. Det vert vurdert at ønska endring av områdeplanen ligg innanfor det som kan gjennomførast etter pbl. § 12- 14 andre ledd – endring av reguleringsplan.

## 7.3 Landskap

Planen legg ikkje opp til endringar av landskap.

## 7.4 Kulturminne og kulturmiljø

Planen kjem ikkje i konflikt med automatisk freda kulturminne eller kulturmiljø.

## 7.5 Naturmangfaldlova

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 skal leggjast til grunn som retningsline ved utøving av offentleg mynde ved forvaltning av fast eigedom.

### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Det er innhenta informasjon om naturmiljø og naturmangfald i Naturbase og Artsdatabanken. Det er ikkje registrert lokal informasjon om sårbare artar eller naturtypar i eller ved planområdet. Planen legg ikkje opp til utbygging som vil påverke området negativt.

### § 9 Føre-vare-prinsippet

Med bakgrunn i registreringar og lokal informasjon er det ikkje grunn til å tru at det er nokon truga naturtype eller truga artar innanfor eller like ved planområdet. Føre var prinsippet vert tillagt mindre vekt i denne saka og det vert ikkje sett krav om nye opplysningar/registreringar knytt til naturmangfald.

### § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Endring av planen legg opp til mindre bygningstekniske tiltak, som ikkje vil medføre endring av biotopar. Samla belastning for økosystemet vert vurdert å gje liten negativ verknad som følgje av planen.

### § 11 Kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar

Tiltak som det vert lagt opp i planendringa vil medføre minimale inngrep som vil ha konsekvensar for miljø/biotopar. Ved eventuell miljøforringing skal kostnadane berast av tiltakshavar.

### § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Det vil verte nytta miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for framtidige tiltak innanfor planområdet.

## 7.6 Trafikkforhold

Trafikk frå ny bueining blir vurdert å gje liten negativ verknad i ei oversiktleg avkøyrsløse der samleveggen har fartsgrense 30 km/t og det er kort veg til fylkesvegen.

## 7.7 Barn og unge sine interesser

Det er sett av både privat utomhusareal og det er opparbeidd uteareal på omlag 90 m<sup>2</sup>. I tillegg er det flatt areal og naturleg klatreareal som kan nyttast til leik innanfor tomte.

## 7.8 Sosial infrastruktur

Tilrettelegging av ny bueining vil medføre ingen negative konsekvensar for kapasitet når det gjeld både barnehage og skule.



## 7.9 Universell tilgjenge/tilgjenge etter TEK17

Bygd hus stettar ikkje krav til universell tilgjenge av uteområde eller tilgjenge etter TEK17 på grunn av stigningsforhold i terreng.

### 7.10 ROS

Planområdet ligg innanfor gul sone for vegstøy. Det er sett krav i føresegnene om soveromsvindaug skal vere på stille side og krav om dokumentasjon av støysituasjonen i samband med søknad om tiltak.

### 7.11 Teknisk infrastruktur

Planen vil ikkje medføre endringar av teknisk infrastruktur.

### 7.12 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planen vil ikkje medføre negative konsekvensar for kommuneøkonomien.

### 7.13 Interessemotsetningar

I samband med nabovarsling av dispensasjon kom det ikkje fram interessemotsetningar mot ønska tiltak.

## 8. Avsluttande kommentar


Planendringa legg opp til å omregulere eit område frå frittliggande småhus til konsentrert småhus, for å kunne lage til ny bueining i eksisterande bygning. Området ligg inntil areal sett av til konsentrert småhus, det er kort veg til fylkesveg 654, gang- og sykkelveg og busshaldeplassar. Ønska endring blir vurdert å gje små eller ingen negative konsekvensar for området.



Bilete 3. Platt på øversida av huset.



9. Plankart, ikkje målestokkrett



### Teiknforklaring

- Reguleringsplan-Bebyggelse og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)
  - Boligbebyggelse - konsentrert småhusbebyggelse
- Reguleringsplan-Hensynsoner (PBL2008 §12-6)
  - Sikringsone - Frisikt
- Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008
  - Sikringsonegrense
- Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Planens begrensning
  - Formålsgrense
  - Byggegrense
  - Frisiktslinje
  - Målelinje/Avstandslinje
  - Avkjørsel

Kartgrunnlag i M: 1:1 000  
 Plandata er digitalisert fra manuskart i M: 1:1 000


Ekvidistanse 1 m  
 Kartmålestokk 1:500



REGULERINGSENDRING

**ME Indre Bergsøy\_2018.09.26**

Herøy  
kommune



PLANEN ER UTARBEIDD AV:  
 26.09.2018



PLANNR. TEGNNR.SAKSBEH.  
 ME Indre Bergsøy\_2018.09.26



Vikegata 19 A

6150 Ørsta

[www.oseing.no](http://www.oseing.no)

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

[GisLink](#) gjev tilgang til kart- og faginformatjon til bruk i arealplanlegginga:

**Namn på tiltak/plan: ME Indre Bergsøy**

Naturgitte forhold		Er det knytt risiko til følgjande element? <i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i>	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		X	
	B	Er området utsett for større fjellskred?		X	
	c	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		X	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		X	
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X	
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyning i kjellar osv?		X	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	
	H	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		X	
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X	Det er lagt inn radonsperre i kjellargolv.
j	Anna (Spesifiser)?				

Omgjevnad		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyning i lågare-liggande område?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Vass-forsyning		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		X	

	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjøre ein risiko for vassforsyninga?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			
<b>Kraft- forsyning</b>		<b>Er det knytt risiko til følgjande element?</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Kommentar</b>
	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspenlinjer?		X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?		X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

<b>Samferdsel</b>		<b>Er det knytt risiko til følgjande element?</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Kommentar</b>
	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjøre ein risiko for området?		X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		X	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendingar?		X	
e	Anna (spesifiser)?				

<b>Miljø/ Landbruk</b>		<b>Er det knytt risiko til følgjande element?</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Kommentar</b>
	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?	X		Planområdet ligg innanfor gul sone for vegstøy. Det er sett krav i føresegnene om soveromsvindaugane til stille side og krav om dokumentasjon av støysituasjonen i samband med søknad om tiltak.
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		X	
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?		X	
d	Anna (spesifiser)?				

<b>Er området påverka/</b>		<b>Er det knytt risiko til følgjande element?</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>	<b>Kommentar</b>
	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		X	

forureina frå tidlegare bruk	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbreining, skipsverft, gartneri etc.?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Brann/- ulukkes- beredskap	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X	
b	Har området dårlege tilkomstruter for utrykkingskøyretøy?		X		
c	Anna (spesifiser)?				

Sårbare objekt	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		X	
b	Er det spesielle brannobjekt i området?		X		
c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X		
d	Anna (spesifiser)?				

Verksemds risiko	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	
b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X		
c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X		

Ulovleg verksemd	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X		

Sjekklista er gjennomgått den 26/09 – 2018 av sign: Bjarte Friisvold

## Sjekkliste klimatilpassing

### 1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km<sup>2</sup>):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

### 2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?

### 3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?

b) Har det vore problem tilbakeslag?

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?

### 4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstiging og stormflo» (DSB, september 2016)?


### 5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?

### 6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?






**BKS**  
 bolig-kons.  
 1.7 daa  
 0%-BYA=40%

**H\_140**

### Teiknforklaring









#### BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL §12-5 NR.1)

 Boligbebyggelse - konsentrert småhusbebyggelse

#### HENSYNSSONER (PBL §12-6)

 Sikringsone - Frisikt

#### Juridiske linjer og punkt

-  Regulerings- og bebyggelsesplanområde
-  Planens begrensning
-  Formålsgrense
-  Sikringsonegrense
-  Byggegrense
-  Frisiktslinje
-  Målelinje/Avstandslinje
-  Avkjørsel

Kartgrunnlag i M: 1:1 000

Plandata er digitalisert fra manuskart i M: 1: 1 000

Ekvidistanse 1 m


Kartmålestokk 1:500



REGULERINGSENDRING

**ME Indre Bergsøy\_2018.09.26**

Herøy  
kommune




PLANEN ER UTARBEIDED AV:

Giske kommune 26.09.2018

PLANNR. TEGNNR. SAKSBEH.

ME Indre Bergsøy\_2018.09.26



Hüseyin Kadir Dikbas

Koparstadvegen 27  
6098 Nerlandsøy

Saksnr 2018/1092	Arkiv U62	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar UTV / MARVOL	Dato 26.10.2018
---------------------	--------------	------------	------------------------------------	--------------------

## FØREHANDSVARSEL OM PÅLEGG OM OPPHØR AV BRUK - FØREHANDSVARSEL OM ILEGGING AV TVANGSMULKT

### Saka gjeld:

Utviklingsavdelinga har blitt kjent med at det er etablert storkjøkken og lager i tilknytning til drift av cateringverksemd og take away frå din private bustad på gnr 4 bnr 77 i Herøy kommune. I tidlegare korrespondanse med kommunen har det blitt sendt ut brev med fristar for retting av tiltaket ved å sende inn søknad om etterhandsgodkjenning. Sjå brev datert 19.10.2018. Det vart avslutningsvis i det brevet informert om at vi vil vurdere å gi pålegg om opphør av bruk av storkjøkkenet inntil dette er godkjent. Den vurderinga kjem her.

Plan- og bygningslova (pbl) § 32-3 fyrste ledd seier fylgjande om opphør av bruk, forbod mot fortsatt verksemd og stansing av arbeid:

*«Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeid.»*

### Førehandsvarsel om pålegg om opphør av bruk:

Vi gir med dette førehandsvarsel etter pbl § 32-2 om at Utviklingsavdelinga med heimel i pbl § 32-3 fyrste ledd, vil vurdere å fatte vedtak om pålegg om opphør av bruk av storkjøkken i din bustad, dersom bruken ikkje er stansa **innan 19.11.2018.** Utviklingsavdelinga må få skriftleg tilbakemelding når bruken er stansa.

### Førehandsvarsel om pålegg om tvangsmulkt:

Det gis førehandsvarsel etter pbl § 32-2 om at det med heimel i pbl § 32-5 vil kunne bli fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom bruken ikkje er stansa **innan 19.11.2018.**



Tvangsmulkt vert fastsett enten som eit eingongsbeløp, ei løpande mulkt eller som ein kombinasjon av eingongsbeløp og løpande mulkt. Moment som vert vurdert ved fastsetjinga er blant anna overtredelsens grovheit, fordelar ved overtredelsen og at den oppfordrar til rettidig oppfyljing av eit pålegg.

### **Godkjenning i ettertid:**

Det er anledning til å søke om godkjenning av tiltaket etter pbl § 20-1 innan fastsatt frist. Dette er skissert i brev datert 19.10.2018, og vil gå uavhengig av dette førehandsvarselet om opphør av bruk.

### **Kommunen si grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om opphør av bruk:**

Det har kome inn fleire merknadar frå naboar i området som går på drift frå bustaden din på gnr 4 bnr 77. I korrespondanse med kommunen er det gjort greie for kva som er gjort. Deler av bustaden er bruksendra, i form av at det er installert eit storkjøken på eit rom og at nokre rom/garasje vert nytta til lager og liknande i samband med drift av catering og take away frå din private bustad. Dette inneberer at det er utført ei bruksendring utan at det på førehand er søkt om bruksendring etter reglane i pbl.

Slik situasjonen er i dag pågår det drift frå din bustad som ikkje er i samsvar med eksisterande løyve etter plan- og bygningslova. Det er både gjort bygningsmessige endringar som må omsøkjast for å bli retta slik dei er i samsvar med pbl, og sannsynlegvis også driftsmessige endringar på eigedomen som ikkje er i tråd med bustadføremålet eller LNF-føremålet på staden. Det er mogleg at dette vert retta gjennom søknad om etterhandsgodkjenning av bruksendringa, men sidan dette ikkje er avklart, og sidan det vil ta noko tid før denne søknaden eventuelt vil bli godkjent, vil vi gi pålegg om at bruken vert stansa fram til bruksendringa er endeleg godkjent.

Kommunen ynskjer å gjere deg merksam på at sjølv om det er mogleg å søkje om godkjenning i ettertid, vil ikkje det på nokon måte innebere det det ligg føre ei førehandsgodkjenning på dette. Tiltaket må omsøkjast og vurderast etter reglane i pbl, før ein eventuelt kan godkjenne tiltaket.

**Du har rett til å uttale deg før pålegg om stans av bruk og ilegging av tvangsmulkt vert fatta. Frist for uttale er satt til 3 veker frå brevets dato, jf pbl § 32-2 fyrste ledd.**

Med helsing


Ole-Magne Rotevatn  
Avdelingsleiar

Marie Frøystad Voldsund  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi:

Robert Gjerdsbakk	Koparstadvegen 29	6098	Nerlandsøy
Magne Lois Kvalsund	Koparstadvegen 37	6098	Nerlandsøy
Marius Vangen Kvalsvik	Koparstadvegen 35	6098	Nerlandsøy



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## UTVIKLINGSAVDELINGA

NORHUS ØRSTA AS  
Indrehovdevegen 64  
6160 HOVDEBYGDA

### LØYVE TIL TILTAK

etter Eigeseksjonslova

Sakshandsamar:	ESPBER	Saksnr.	2018/1546
Utvalssaksnr:	272/18	Arkiv:	4/338
		Vedtaksdato:	02.11.2018

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

#### Løyve til tiltak - Seksjonering 4/338

*Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt vedtak:*

#### Vedtak:

Med heimel i eierseksjonslova § 13 av 01.01.2018 godkjenner utviklingsleiaren søknad om seksjonering.

Utviklingsleiaren gjev løyve til seksjonering av eigedomen gnr 4 bnr 338, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad, 01/11/2018.

#### Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:

Søknad om seksjonering med vedlegg, datert 01/11/2018.

Ole Magne Rotevatn  
Utviklingsleiar

Espen Bergø  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



**SAKSOPPLYSNINGAR:**

<b>Tiltak:</b>	Seksjonering av eigedom 4/338
<b>Søknadsdato:</b>	01.11.2018
<b>Tiltakshavar:</b>	Seksjonering
<b>Naboforhold:</b>	Ingen merknader.
<b>Eigedom:</b>	4/388
<b>Planstatus:</b>	Eigedomen er avsett til bustad-formål i gjeldande arealdel av kommuneplan.
<b>Løyve til tiltak etter plan- og bygningslova:</b>	2015/1358
<b>Parkeringsareal:</b>	Avklart i byggesøknad, i carport
<b>Tileggsareal:</b>	To Carporter, ein for kvar seksjon.
<b>Synfaring:</b>	Ikkje funne naudsynt.
<b>Retting av vedlegg til søknad:</b>	Sakshandsamar har – med heimel i seksjoneringslova § 13 – gjort påteikning ved nummerering av vedlegga og påført bruksenhetsnummer på seksjonene. Dette er gjort for betre å klargjera avgrensinga av dei einskilde einingane utan at dette medfører reell endring av innsend materiale.
<b>Vurdering mot Eigeseksjonslova §§ 7:</b>	Kommunen finn at søknad tilfredsstillar krava i eierseksjonslova §§ 7. Kommunen vil presisere at løyve til seksjonering ikkje medfører noko form for godkjenning i forhold til plan- og bygningslovgiving.

**Vidare sakshandsaming**

3 veker etter at dette vedtaket er ekspedert og klagefristen er ute vil søknad om seksjonering vedlagt etasjeplanar og situasjonsplan verte vidaresendt til Statens kartverk, Tinglysingen, Hønefoss, - for tinglysing og formell oppretting av nye seksjonar. Etter tinglysing vil original søknad og eit komplett sett av vedlegga verta returnert til dykk.



<b>Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b>	
<b>Klagerett</b>	De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak.
<b>Kven kan De klage til.</b>	Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd
<b>Fristen til å klage</b>	Klagefristen er <b>3 veker</b> frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klage-fristen. Arsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast.
<b>Rett til å krevje grunngjeving</b>	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.
<b>Innhaldet i klaga</b>	I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast
<b>Utsetjing av vedtak</b>	Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast.
<b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b>	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles.
<b>Kostnader ved evt. klagesak</b>	De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærmare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekkja vesentlege kostnader i samband med saka.
<b>Klage til Sivilombodsmannen</b>	Det er også mogeleg å be Stortingets ombodsmann for forvaltningssaker / Sivilombodsmannen om å sjå på sakshandsaming / eventuelt avgjerd hos fylkesmannen.

PR/

Til adressatene i følge vedlagt liste

## Regionreformen – Fremtidig drift av fiskerihavner/havner

Fiskebåt Vest viser til at Stortinget i "Regionreformen" Prop. 84S (2017-2017) har vedtatt å overføre ansvaret for statlige fiskerihavner til regionalt nivå. Dette innebærer både eierskap, forvaltning, drift og vedlikehold.

Fiskebåt Vest representerer de aller fleste rederiene for den havgående fiskeflåten i de fire tilskrevne fylkene. Vi er opptatt av at en har en infrastruktur på havnesiden som tjener flåten på en god måte fremover. Både den regionalt eide fiskeflåten, men også fiskefartøy fra andre regioner har stor nytte av tidsmessige havneanlegg. Samtidig må en være bevisst på at både stedlige fiskemottak av ulike kategorier, og ikke minst en svært viktig og konkurransedyktig leverandørindustri tjener på en god infrastruktur på havnesiden.

Når de nye regionene nå sannsynligvis skal overta ansvaret for fiskerihavnene vil Fiskebåt Vest anbefale at en samarbeider tett med de aktuelle næringene og i særdeles grad fiskerinæringen for å utvikle denne viktige delen av infrastrukturen på en god måte. Fiskebåt Vest viser i den sammenheng til at det fortsatt kan være aktuelt med salg av enkelte fiskerihavner til private fordi de ikke lenger har den funksjonen de var etablert for. Fiskebåt Vest ser ikke bort i fra at dette kan være aktuelle løsninger i enkelte tilfeller. Vi er samtidig opptatt av at dette ikke skjer uoverveid og at en har nær kontakt med fiskerinæringen før slike salg blir gjort. Fiskebåt Vest mener at den innsikten utøverne i fiskerinæringen har på disse spørsmålene kan være viktig for å foreta gode valg. Gode høringsrutiner er et naturlig element i dette.

Havnene blir i det daglige stort sett driftet av regionale/lokale styrer og råd på kommunalt eller interkommunalt nivå. Fiskebåt Vest antar at dette vil være situasjonen også i fortsetningen. I mange kommuner der fiskerinæringen har en størrelse er folk fra denne næringen med i styrer/råd. Men det er også flere fiskeri/kystkommuner der ikke dette er tilfelle. Fiskebåt Vest mener at den innsikten personene fra fiskerinæringen representerer er nyttig. Fiskebåt Vest vil anbefale at en i enda større grad benytter seg av slik kompetanse ved fremtidige valg av representanter til disse foraene på lokalt/interkommunalt nivå.

Vennlig hilsen  
**FISKEBÅT VEST**

*Paul-Gustav Remøy*

*Sturla Roald*

*Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten underskrift.*



fiskebåt

HAVFISKEFLÅTENS  
ORGANISASJON

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]  
Sendt: 17.09.2018 12:45:49  
Til: Lisbeth Moltu Espeseth  
Tittel: Regionreformen - Fremtidig drift av fiskerihavner/havner

---

**Fra:** Monica Nelvik <monica@fiskebat.no>  
**Sendt:** 17. september 2018 10:50  
**Til:** Monica Nelvik <monica@fiskebat.no>  
**Kopi:** Paul-Gustav Remøy <paul-gustav@fiskebat.no>; Sturla Roald <sturla@fiskebat.no>  
**Emne:** Regionreformen - Fremtidig drift av fiskerihavner/havner

Til Fylkeskommuner og kommuner i  
Sogn og Fjordane  
Møre og Romsdal  
Trøndelag

Se vedlagt brev

Kommentarer eller korrespondanse vedørende dette brevet kan rettes til:

Paul Gustav Remøy tlf: 911 07 075 epost: [paul-gustav@fiskebat.no](mailto:paul-gustav@fiskebat.no)

Sturla Roald tlf: 926 60 424 epost: [sturla@fiskebat.no](mailto:sturla@fiskebat.no)

Med vennlig hilsen  
Monica Nelvik



---

Fiskebåt / Røysegata 15, NO-6003 Ålesund, NORWAY / +47 70 10 14 60 / [www.fiskebat.no](http://www.fiskebat.no)

Herøy kommune (Møre og Romsdal)  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 17.09.2018  
Vår ref.: 201834592-6  
Arkiv: 611  
Deres dato:  
Deres ref.:

Saksbehandler:  
Katrine Stenshorne Odenmarck  
22959327/kast@nve.no

## Ny 66 (132) kV kraftledning fra Djupvik og Sandvikskaret. Høring av konsesjonssøknad.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har mottatt konsesjonssøknad fra Mørenett AS om bygging av en ny ca. 5,1 km lang 66 kV kraftledning mellom Djupvik og Sandvikskaret. Anlegget ligger i Herøy kommune i Møre og Romsdal fylke.

### Søknaden

Bakgrunnen for omsøkte tiltak er behovet for å forsterke forsyningen til ytre søre Sunnmøre med Fosnavåg og Gursken som sentrale forsyningsområder. Begge disse to områdene har i dag kun ensidig forsyning og Mørenett ønsker å etablere en tosidig forsyning for å øke forsyningsikkerheten. Omsøkte tiltak vil sikre dette, samtidig som det vil legge til rette for en fremtidig overgang til 132 kV spenning i regionalnettet. Total lengde på ny kraftledning er ca. 5,1 km, og kraftledningen vil bygges parallelt med eksisterende kraftledninger i området.

Mørenett AS søker om konsesjon i medhold av energiloven.

Mørenett AS søker også om ekspropriasjonstillatelse (oreigningsloven av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for nødvendig grunn og rettigheter for å bygge og drive de elektriske anleggene, herunder rettigheter for all nødvendig ferdsel/transport. Samtidig søkes det om forhåndstiltredelse (oreigningslova § 25) som innebærer at grunn og adkomstrettigheter kan tas i bruk før skjønn er avholdt.

Gjennom høring av konsesjonssøknaden ønsker vi å motta synspunkter på planene og forslag til tiltak som kan redusere negative virkninger.

Søknaden er tilgjengelig på NVEs internettsider [www.nve.no/kraftledninger](http://www.nve.no/kraftledninger).

Skjema for uttalelser finnes på våre internettsider. Uttalelser kan også sendes som e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller som brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

Uttalelser må sendes NVE **innen 29. oktober 2018**.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



### **Informasjon til kommunen**

Vi ber kommunen om å legge ut informasjon om søknaden ut på sine internettsider og ev. facebooksider, og å orientere aktuelle lokale velforeninger, idrettslag, interesseorganisasjoner m.fl. om søknaden.

Med hilsen

Siv Sannem Inderberg  
seksjonssjef

Katrine Stenshorne Odenmarck  
førstekonsulent

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

Mottakerliste:

DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP (DSB) REGION MIDT-  
NORGE

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Herøy kommune (Møre og Romsdal)  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Kopi til:

MØRENETT AS  
MØRENETT AS v/Stig Julius Haugen




Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]  
Sendt: 17.09.2018 12:55:29  
Til: Lisbeth Moltu Espeseth  
Tittel: Høring av konsesjonssøknad - høgspenlinje Djupvik-Sandvikskaret

---

**Fra:** nve@nve.no <nve@nve.no>  
**Sendt:** 17. september 2018 09:21  
**Til:** Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>  
**Emne:** Høring av konsesjonssøknad - Kommune, fylkeskommune, fylkesmann, mfl.. NVEs referanse: 201834592-6

Til Herøy kommune (Møre og Romsdal)

Vedlagt følger dokument **201834592-6 Høring av konsesjonssøknad - Kommune, fylkeskommune, fylkesmann, mfl.** fra **NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat.**



## NOTAT

Til: Rådmannen

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr  
2018/1596

Arkivkode  
231

Dato  
09.11.2018

---

### EGERSUND HERØY AS - UTVIDING AV ANLEGG - 22/48

#### Bakgrunn

Egersund Herøy AS har kome med førespurnad om moglegheiter for utviding av anlegget dei har på Mjølstadneset. Egersund Group AS (eigar) ynskjer å utvikle Egersund Herøy AS slik at dei kan fortsette å vekse dersom kommunen legger til rette for dette.

I fyrste omgang ynskjer dei å utvide anlegget med fleire notbingar. Dette lagerbygget vil dei plassere på kaia, som ei utviding av eksisterande bygg. Dei vil i den samanhengen vere avhengig av ei utviding av eksisterande kai med 10 meter for å kunne handtere tråldører og liknande.



## *Egersund Herøy AS - ynskja utviding.*

Lagerbygninga vil gje plass til ca. 15 notbingar. Dei har også ynskje om fleire notbingar i tillegg til dei 15 og etterspør moglegheitene for å få sperra vegen bak kaia slik at dei kan byggje på denne. Dei ynskjer og at vegen gjennom bygget vert sperra med bakgrunn i trafikktryggleik, då der er dårleg oversikt og det vert køyrt med store truckar på området.

Dei har også meldt om interesse for å kjøpe kaia, men da med moglegheiter for utviding av kaia.

## **Kai**

### **Verdi på kai**

Dei kommunale kaiene er ikkje skilde ut som sjølvstendige einingar, og restgjelda er derfor ikkje spesifisert på dei enkelte kaiene. Restlånet på austre kai på Mjølstadneset vert stipulert til å vere om lag 2.800.000 kroner pr. oktober 2018.

Herøy kommune har fått taksert austre kaia på Mjølstadneset. Marknadsverdien vert der sett til 5.500.000 kroner.

Bygninga på kaia som tilhøyrrer Egersund Herøy AS vert vurdert til å redusere verdien av kaia på den opne marknaden betydeleg. Dette er det teke omsyn til i taksten.

### **Inntekter på kaia**

Austre kaia på Mjølstadneset står for om lag 50% av trafikken på dei kommunale kaiene. Om lag 50% av inntektene Herøy kommune har på kaivederlag og avfallsgebyr vert dermed generert over denne kaia. Desse inntektene fell vekk om kaia vert seld.

Anløpsavgifta er uavhengig av kven som eig kaia, og vil verte fakturert sjølv om kaia vert seld.

Herøy kommune hadde i perioden 01.04.2018 -31.03.2018 (12 månader) slike inntekter på denne kaia:

- Kaivederlag: om lag 280.000 kroner
- Avfallsgebyr: om lag 78.000 kroner

Det er for 2019 foreslege ei auke i kaivederlaga på om lag 30%, satsane vil då ligge på nivå med Ålesundsregionens Havnevesen sine satsar for 2018. Å auke kaivederlaga ytterlegare vil kunne medføre stor nedgang i bruk av dei kommunale kaiene, og dermed reduksjon i inntekter på kaiene.

Avfallsordninga skal i utgangspunktet vere sjølvfinansierande. Vert kaia seld må gebyrsatsen doblast, og vi vil dermed ligge langt over gebyrsatsar nærliggande hamner tek.

Priseksempel på avfallsgebyr:

- Herøy kommune: Fartøy over 1200 BT - 375 kroner pr. anløp (forslag for 2019)
- Ålesundregionenes Havnevesen: Fartøy over 2000 BT - 375 kroner pr. anløp

- Nordfjord Havn: Fartøy mellom 1001 og 3000 BT - 309 kroner pr. anløp

### **Utgifter på kaia**

Dei fleste driftsutgifter kommunen har på hamnene vert ikkje påverka av om kaia vert seld eller ikkje. Kostnader til løn, vaktordning, administrasjon og liknande vil ikkje verte reduserte.

Vi har i dag ein avfallscontainer på denne kaia, kostnadane med denne er om lag 18.000 kroner i året.

Finanskostnader for denne kaia vert stipulert til å utgjere om lag 200.000 kroner pr. år. Det står att 19 år med renter og avskrivning.

### **Bygging av ny kai**

Omtrentlege kostnader for bygging av ny kai (prisoverslag frå A. Våge AS oktober 2018):

- 16.000 kroner pr. m2 ved ei djupne på 10 meter eller meir i front av kaia
- 15.000 kroner pr. m2 ved ei djupne på mindre enn 10 meter i front av kaia.

Ei tilsvarende kai som austre kaia på Mjølstadneset vil då koste om lag 19.600.000 kroner (25 meter x 49 meter x 16.000 kroner pr. m2).

Ei utviding av eksisterande kai med 10 meter vil koste om lag 4.000.000 kroner (25 meter x 10 meter x 16.000 kroner pr. m2). Det må påreknast ekstrakostnader om det må pelast i ferdig plastra fyllingskant mot sjø.

## **Veg**

### **Sperring av veg**

Bygningskroppen til Egersund Herøy AS går heilt inn til vegbana. Det gjer det vanskeleg for køyrande å sjå folk og køyretøy som opererer på kaia og omvendt.

Trafikktryggleiken kan betrast ved for eksempel varselslys, skilt, speil og liknande, men vil aldri kunne verte optimal.

Det er tilkomst til begge sider av bygget via andre vegar. Sperring av vegen vil hindre for direkte gjennomkøyring mellom eksisterande kaier og eventuelle nye kaier og administrasjonen kan ikkje tilrå dette. Det vil vere svært uheldig om denne vegen vert stengd.

### **Bygge på veg**

Herøy kommune og Herøy vasslag SA har anlegg for vatn og avlaup i vegen. Herøy kommune gjev ikkje løyve til å bygge over kommunale leidningar. Herøy vasslag SA har ein klausul om at ein ikkje kan byggje nærare enn 4 meter frå vassleidningar.



*Leidningar i veg- blå er vassleidning, svart er overvassleidning og grøn er avlaupsleidning.*

## Vurderingar

Ei utviding av drifta til Egersund Herøy AS vil truleg føre til auka aktivitet på kaia. Dette vil kunne gje auka inntekter via hamnevederlaga.

Auka aktivitet vil og på sikt kunne føre til fleire tilsette i Egersund Herøy, og dermed også auka skatteinntekter til kommunen.

Ved sal av kaia vil ein tape rundt halvparten av inntektene frå hamnevederlaga, dette vil utgjere om lag 460.000 kroner pr. år med satsane foreslegne for 2019. Finanskostnadane kan verte redusert med 200.000 kroner pr. år. Ved sal kan ein få frigjort midlar som kan investerast i andre prosjekt.

## Konklusjon

Ein rår til at Egersund Herøy AS får løyve til vederlagsfritt å bygge notbingar slik dei har skissert. Dei får løyve til å bygge på kaia mot vest med 10 meter og eige den delen av kaia mot at Herøy kommune får varig bruksrett til det nye kaiarealet og kan krevje hamneavgifter for heile kaienlegget samla sett.

Med helsing

Jarl Martin Møller

*ei-báttlengd fórei*



Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840  
E-post: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no) [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)



## **RS 22/18 Møteplan 2019**